



ÅRSmelding 2018

ME LØFTER I LAG

A HÅ
Kommune

Innhald

Rådmannen si innleiing 3

Dette er Hå..... 7

I dette kapittelet gjer me ei oversikt over kva som skjedde i 2018 og ein del nøkkeltal om kommunen. Folkeveksten er låg og bustadbygging og sal av bustadtomter har ikkje tatt seg opp. Likevel skjer mykje kjekt og mange stiller opp på Tall Ships og andre arrangement!

Slik styrer me16

Her omtalar me korleis me arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis me følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. Digitalisering er ein viktig måte å forenkle prosessar på og me har hatt mange beredskapsøvingar og arbeidd vidare med å styrke beredskapen i kommunen.

Servicetorget arbeider mykje med å gjere innbyggjarane sitt møte med kommunen på ein slik måte at dei får det dei treng på ein enkel og god måte.

Dette leverer me.....38

I denne delen av årsmeldinga går me inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei ulike tenesteområda og i stabsområder. Me har fokus på forbetingar og utvikling, og ser også på kva som kan gjerast betre.

Opplæring og kultur.....39

Barnehagebruksplanen og skulebruksplanen vart reviderte og vedtekne i 2018. Me er snart i mål med eit stort prosjekt saman med tenesteområde for helse og sosialsaker for å betre det tverrfaglege arbeidet med barn og unge. I 2018 vart det vedteke å auke stillinga i prosjektet «ALLEMED i Hå», som skal inkludera barn i fattige familiar og innvandrarfamiliar i fritidsaktivitetar til ei full, fast stilling. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle, å formidla kunst og kulturarv og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.

Helse- og sosialsaker	53
-----------------------------	----

Hå kommune har fått innvilga støtte til ein offentleg ph.d (doktorgrad). Dette er eit forskingsprosjekt som Hå har i samarbeid med VID vitenskapelige høgskole. Auka bruk av kvalifiseringsstønad (KVP) har ført til lågare utbetaling av sosialhjelp enn budsjettert i 2018. Innbyggjarar som treng sosialhjelp nå kan søkja elektronisk på dette gjennom Digisos - eit konkret eksempel på digitalisering som forenklar!

Tekniske saker og næring	67
--------------------------------	----

Opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur, bustadtomter og næringsareal i Stokkalandsmarka er ferdig. Flomprosjekt med stønad frå NVE er starta opp på Vigrestad.

Fleire strekningar med gatelys vart satt opp av Hå kommune og Statens Vegvesen.

Kommunedelplan Nærbø sentrum vart vedteken og sentrumsplan for Varhaug er under utarbeiding. Også i arbeidet med denne legg me opp til ein brei medverknadsprosess med innbyggjarane.

Sentraladministrasjonen og eigedomsavdelinga	79
--	----

Det er mykje å gjere med å forenkle administrative prosessar slik at me brukar dei interne ressursane best mogleg.

Eigedomsavdelinga har utarbeidd tilstandsrapportar for alle kommunale bygg slik at me kan arbeide planmessig med vedlikehald og opprusting.

Framtidsutsikter.....	85
-----------------------	----

Budsjettet for 2019 har overskrifta "Saman i skiftande tider". Samarbeid internt og med lag, foreiningar og frivillige er viktig og naudsynt for å kunne møte innbyggjarane på ein god måte. Det skal vere godt å bu, leve og arbeide i Hå!

Årsresultat.....	89
------------------	----

Netto driftsresultatet blei 4,3 % av driftsinntektene og med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 41,3 millionar kroner har me eit godt grunnlag for framtida. Me har pengar på fond og det er god økonomistyring i kommunen.

Framsidebiletet er teken av Trine Selvikvåg. Alle andre biletet med unntak av side 5, 8, 30 og 52 er frå kommunefilmen «Kværdagshelt – ein hyllest til alle tilsette i Hå kommune»

Rådmannen si innleiing

Hå kommune har god økonomistyring med eit overskat på 41,3 millionar kr, og eit netto driftsresultat på 4,3 prosent av driftsinntektene. Det gode resultatet syner at organisasjonen klarer å tilpasse seg strammare økonomiske rammer og strengare nasjonale normar for delar av tenestetilbodet.

Budsjettet for 2018 hadde overskrifta «Rigger for nye tider». Den veksten ein såg når kommuneplanen vart vedteken i 2014 har flata ut. Resultatet for 2018 viser at organisasjonen har levert på dei strammare rammene og har lagt grunnlaget for meir fleksibilitet, evne til omstilling og nye måtar å møte framtida på. Dette er viktig når me må arbeida enda meir saman framover – budsjettet for 2019 har overskrifta «Saman i skiftande tider». Den nye planen for frivillig arbeid er viktig i dette arbeidet.

Netto driftsresultat for 2018 vart 63,5 millionar kr, noko som er 4,3 prosent av driftsinntektene. Det er betre enn regulert budsjett på grunn av høgare skatteinngang i landet, meir tilskott og refusjonar, og ikkje minst god økonomistyring i alle tenesteområda. Det er tredje året på rad at skatteinngangen i landet blir vesentleg høgare enn det myndighetene la til grunn i statsbudsjettet, men skatteinngangen i Hå var så låg som 82,5% av landsgjennomsnittet.

Folkevekst

Etter ein liten nedgang i 2017 auka folketalet i Hå med 52 personar i 2018. Auken skuldast fødselsoverskotet. Me har berre selt fire bustadtomter. For å gjøre kommunen meir attraktiv å bu i har me arbeidd mykje med sentrumsplanar. *Kommunedelplan for Nærbø sentrum* er no vedteken og arbeidet med *kommunedelplan for Varhaug sentrum* er godt i gang.

Store prosjekt og planar

Ogna skule vart opna 3. januar og Vigrestad barnehage vart opna 22. august 2018. I Stokkalandsmarka vart det jobba iherdig med å få ferdigstilt det store infrastrukturprosjektet inn til bustad- og næringsområda og dette vart opna 7. juni 2018. På Nærbø er me snart ferdige med å bygge på to nye etasjar på Hå sjukeheim. I løpet av 2018 fekk me ferdigstilt utbyggingsområdet i Stokkalandsmarka med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur, bustadtomter og næringsareal. Me har sett i gang nyt flomsikringsarbeid på Vigrestad.

Me har jobba mykje med sektorplanar og har nå på plass ytterlegare to store planar; *Plan for helsebygg* og *Tilstandsrapport for uteområder i barnehagar og skular*. Systematisk eigedomsforvalting er viktig. Sal av bustadtomter går treigare enn ønskeleg, medan salet av næringstromter gjekk betre enn budsjettet også i 2018.

Arbeidsløyse

Talet på heilt arbeidslause har gått endå meir ned, frå 235 personar i januar (2,3%) til 201 personar (2,0 %) i desember. Dette er blant dei lågaste tala i landet.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i Hå er uendra frå 2017. Det samla sjukefråværet for Hå kommune vart 6,7 % i 2018 og 2017, og 6,1% i 2016. Hå har det lågaste nivået samanlikna med nabokommunane Time, Klepp og Gjesdal. I 2018 er det arbeidd med IA-satsing i langtidsavdelingane i pleie og omsorg etter mønster frå barnehageområdet, og dette viser gode resultat. Også i barnehagane syner målretta IA-arbeid gode resultat.

Framtidsløftet og digitalisering

Politikarar, administrasjon og tillitsvalde er saman om digitaliseringsarbeidet i Hå. Digitaliseringstrategien vart vedteken i april 2018. Denne gir ei ramme for korleis digitalisering skal gje innbyggjarane i Hå gode tenester på ein effektiv måte. Digitalisering påverkar måten me arbeider på. Nye problemstillingar er ein avgjerande del i arbeidet med *Framtidsløftet*, endringsstrategien i Hå. Me er med i ulike prosjekt nasjonalt og regionalt.

Organisasjonsutvikling og kommunedag

Leiarforum er eit viktig strategisk forum for alle leiarar med resultatansvar i organisasjonen. Det er totalt ca. 80 deltakarar i tillegg til dei hovudtillitsvalde. Leiarforum blir arrangert tre gonger i året og er ein viktig møteplass for leiar- og organisasjonsutvikling. Det andre kullet med deltakarar på leiarutvikling starta i august 2017 og var ferdig i august 2018. Me planlegg å starta eit nytt kull i 2020. Lønnspolitisk plan vart utarbeidd i samarbeid med dei hovudtillitsvalde.

I september 2018 arrangerte me på nytt kommunedag for alle tilsette, hovudtillitsvalde og folkevalde. Tema var «*Rigger for nye tider*». Me hadde invitert forskar og filosof Henrik Syse og teikneserieskapar til «Lunch»; Børge Lund. På ein kreativ og humoristisk måte klarte dei å belyse eit vanskeleg tema på ein begeistrande måte - som også var til ettertanke. Våre eigne tilsette krydra heile kvelden med spenstige innslag frå alle tre tenesteområda, sentraladministrasjonen og frå dei hovudtillitsvalde. Til slutt presenterte me den flotte filmen «*Kvardagshelt – ein hyllest til alle tilsette i Hå kommune*» med musikk av Ragnvald Wernøe, og tekst og song av Monica Cecilie Herredsvela. Noko av målet med kvelden var å samla alle dei tilsette om eit felles mål. I ein stor organisasjon er det viktig å samla heile laget, kjenna på «vi-følelsen» – samtidig som me skal skapa begeistring og stolthet.

Eg vil med dette takka alle medarbeidarar, hovudtillitsvalde og politikarar for eit godt samarbeid og for at me løfter i lag til det beste for innbyggjarane i Hå kommune.

Anne Berit Berge Ims
Rådmann



Foto: Anna Nesvik

FAKTA OM HÅ

1169
barn i barnehagar



118900
dekar jordbruksareal

700
landbrukseigedomar

303 km vattn
 RØYRLEIDNINGAR
423 km avløp

2630
elevar i skulen

29730
storfes
64,7 mill. liter mjølkekvote



5359
einebustadar
521 hytter
1032 leilegheiter

154 km
kommunal veg
49 km gang- og sykkelveg

Dette er Hå

Hå er – og skal fortsette å vera – ein god kommune å bu, leva og arbeida i. Resultata frå 2018 syner at omstillinga til trongare tider er i gong. Me leverer eit godt økonomisk resultat og har gjort store investeringar for framtida. Mei ser større utryggleik om folkevekst og nasjonale krav til korleis tenester skal bli levert. Framover er det derfor viktig å rigga oss slik at me kan arbeida saman i skiftande tider. I 2018 har me sett enda lågare bustadbygging enn i 2017, og lågt sal av bustadtomter. ei ser at arbeidsløysa held seg på eit lågt nivå, og me har selt tomter til næring som budsjettet.

Slik står det til i kommunen

Gjennom Kommuneplanen 2014 - 2028 har kommunestyret bestemt at Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Dette målet har me nådd også i 2018. Netto driftsresultat er 4,3 % av driftsinntektene, som er meir enn målet som er satt i kommuneplanen.

Disposisjonsfondet ved utgangen av 2018 var på 225 millionar kr og dette er 15,3 % av driftsinntektene. Årsresultatet og utviklinga blir grundig gått gjennom i kapittelet «Årsresultat».

Millionar kr	Rekneskap					Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2018 *)	2018
Driftsinntekter	1 226,0	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 472,7	1 435,0	1 394,0
Driftsutgifter	-1 195,0	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 432,7	-1 447,0	-1 401,0
Finansposter	-6,0	-18,0	-35,3	-93,0	-55,6	-59,0	-59,0
Netto driftsresultat	71,0	86,0	81,3	21,0	63,5	14,3	15,6
Avsetningar	38,0	51,0	36,7	-8,8	22,2	-14,3	-15,6
Overskott	33,0	34,0	44,6	29,8	41,3	0	0
Netto driftsresultat i % driftsinntekter	5,8 %	6,6 %	5,8 %	1,5 %	4,3 %	1,0 %	1,1 %

*) Budsjett inkl. endringar

Samfunnsutvikling

Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessene er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventa veksten i regionen, samstundes som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Hovudmål for samfunnsutviklinga:

- Legga til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Overordna strategiar for å lukkast:

- Detaljere langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.

Kommuneplanen

Kommuneplanen handlar om kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen. Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi som tek sikte på å detaljere langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innanfor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk.

Hovudmålet med planarbeidet er å konsentrera bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast.

Planstrategi 2016-2019

Planstrategi for Hå kommune 2016-2019 vart vedteken 15. september 2016 og inneheldt omtale av ulike samfunnsmessige utfordringar, utviklingstrekk og ei anbefalt utviklingsretning for kommunen si verksemd. Strategien beskriv kva planar som skal reviderast og/eller utviklast i perioden.

Planstrategien held fram at kommunedelplanar for Nærbø og Varhaug sentrum skal bli prioritert i planperioden, og at kommuneplanen skal bli revidert neste periode 2019-2023.

Kommunedelplan for Nærbø sentrum

Kommunedelplanen for Nærbø sentrum vart vedteken av kommunestyret 15. november 2018. Planen er eit resultat av ein planprosess basert på ein kontinuerleg dialog mellom politikarar og administrasjon. Administrasjonen har gjennom heile planprosessen utarbeida fleire temanotat, og lagt desse fram for kommuneplanutvalet til behandling.

Det er lagt særleg vekt på at planarbeidet ska vera ope og tilgjengeleg med brei medverknad frå innbyggjarane. Det er brukt medverknadsmetodar som gjestebod, folkemøter, ulike typar for verkstad og barnetråkk. Politikarane har stilt opp i medverknadsprosessen, og bidratt til ein god dialog mellom innbyggjarar og folkevalde. Det har kome fleire gode innspel, og det har vore mogleg å danna seg eit inntrykk om kva folk syns om Nærbø sentrum.

Kommunedelplanen inneholder ei planbeskriving som seier noko om korleis me skal utvikla eit trygt, triveleg og tilgjengeleg sentrum. Sentrum skal bidra til identitet og må bygga vidare på eksisterande kvalitetar som stasjonsby, samtidig som me skal skapa noko helt nytt.

Hovudgrepet i planen er å definera ei ny sentrumskjerne som integrerer jernbanestasjonen, torget og parken, og dagens største handelsområder i eit meir kompakt og velfungerande sentrum. Den nye avgrensinga legg til rette for ein heilskapleg struktur som knyter saman det nye sentrumsområdet, skapar liv i sentrum ved bevisst lokalisering og sambruk, bidreg til meir effektiv arealutnytting og aktiviserer offentlege uterom. Planen bygger på eit prinsipp om

å lokalisera bustader, infrastruktur og tenester i ei kompakt sentrumskjerne for å redusera transportbehovet og gjera det meir attraktivt å velja kollektivtransport, sykkel og gange.

Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Kommunestyret vedtok 14. desember 2017 *Planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum*. Det vart varsle oppstart av planarbeidet i januar.

Saka om mellombels retningslinjer for Varhaug sentrum vart lagt fram for utval for tekniske saker i august og næring, og endeleg vedteke av kommuneplanutvalet 4. september 2018. Dette var nødvendig for å sikra at nye prosjekt innanfor planområdet ikkje skal legga føringar og låsa moglegheitene for den nye sentrumsplanen.

Det er allereie gjennomført fleire medverknadstiltak i samband med det pågåande planarbeidet. Planprogrammet slår fast at det skal gjennomførast ein eigen prosess med brei deltaking kor det blir drøfta korleis me ønskjer at Varhaug sentrum skal utvikla seg dei neste tiåra.

Barn i barnehagar og skular på Varhaug vart utfordra til å gje innspel til korleis dei ønskjer sentrum skal verta i framtida. I løpet av mai fekk ungane måla, teikna og bygga modellar av sitt framtidige Varhaug. Elevane på Varhaug skule laga ein eigen «rap» (musikkvideo) om korleis dei ville at sentrum skulle vera. Alle bidraga vart presentert under Varhaugmarken.

I juni vart innbyggjarane invitert til medverknad i form av gjestebod. Det vart gjennomført 10 gjestebod i løpet av september og oktober 2018. På kvart av gjesteboda deltok det mellom 5 og 8 personar som diskuterte temaet "Identitet og visjon". Alle gjesteboda sendte inn tilbakemeldingar på temaet. Administrasjonen har teke tilbakemeldingane med i det vidare arbeidet.



Foto: Ole Vikse

I november vart det arrangert identitetsverkstad på rådhuset. Her var gjestebodsvertar, kommuneplanutvalet, grunneigarar og næringslivsaktørar i Varhaug sentrum invitererte til dialog og kreativ idéutvikling saman med administrasjonen. Det er lagt opp til ny runde med gjestebod i byrjinga av 2019, med temaet "Bygningsmiljø og møteplassar".


I september vart det utarbeidd ein forenkla stadaanalyse med moglegheitsstudie for Varhaug sentrum. Denne vart presentert for kommuneplanutvalet i oktober. Arbeidet med handelsanalyse som kan fortelja noko om behovet for areal til publikumsretta handel og service i åra framover vart påbyrja i desember 2018.

Befolkningsutvikling

Folketalet i Hå nådde 18 814 ved årsskiftet etter vekst i 2018 på 52 personar, noko som er ein auke på 0,3 %. Veksten i 2018 var blant dei lågaste sidan 1965.

I perioden 2007-2014 opplevde Hå ein svært høg folkevekst, og innbyggartalet runda 18 000 i 2013. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot. 2018 var prega av låg vekst, hovudsakleg grunna svak nettoflytting og eit lågt fødselstal.

Befolkningsutvikling folkemengd 1. januar 1965-2019



Aukande utvandring og innanlandsk utflytting har gitt svakare vekst

I Hå var det innanlands nettoutflytting også i 2018, det vil seia at det flytta fleire ut til dei andre delane av landet enn det flytta folk inn frå resten av landet. I Hå vart det eit innanlands flyttetap på 101 i 2018 mot eit flyttetap på 287 i 2017. Det har truleg samanheng med endringane ein har sett i arbeidsmarknaden i seinare tid.


Folkemengd og endringar 2014-2018

	2014	2015	2016	2017	2018
Folketalet 1. januar	18 115	18 528	18 591	18 800	18 762
Fødde	286	261	281	280	228
Døde	112	98	98	108	110
Fødselsoverskot	174	163	183	172	118
Innvandring	294	225	365	208	156
Utvandring	87	112	173	127	123
Innflytting, innalands	781	661	568	540	523
Utflytting, innalands	750	869	740	827	624
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	238	-95	20	-206	-68
Folkevekst	413	63	209	-38	52
Folketalet ved utgangen av året	18 528	18 591	18 800	18 762	18 814
Folkevekst i %	2,3	0,3	1,1	-0,2	0,3

Nettoinnvandringa frå utlandet var på 33 personar i 2018 mot 81 personar i 2017 og vog dermed ikkje opp for det innanlandske flyttetapet på 101 personar. Nettoinnflyttinga enda med 68 fleire personar som flytta ut av kommunen enn inn.

At folketalet ikkje falt meir i Hå skuldast hovudsakleg litt innvandring kombinert med eit fødselsoverskot, sjølv om det var lågare enn vanleg.

228 barn vart fødde i 2018, 52 færre enn året før. Dette er lågare enn i dei siste åra. Det døydde 110 personar i 2018 mot 108 personar i 2017. Fødselsoverskotet på 118 personar var 54 personar lågare enn i 2017.




Små endringar i aldersfordeling

Aldersfordelinga i befolkninga held seg nokså stabil. Ved årsskiftet var 8,6 % av alle busette i Hå barn under 6 år, medan 15,2 % var 6 til 15 år og 5,3 % 16 til 19 år. 58,9 % av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, medan 8,7% var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3,2 % av folkemengda.

Størst auke i talet på eldre

Talet på 0 til 5-åringar minka med 84 frå 2016 til 2017, frå 1707 til 1623. Talet på barnehagebarn minka, medan talet på skulebarn helt seg stabilt. Det var auke i talet på barn i alderen 6 til 15 år på 55 personar frå 2017 til 2018. I aldersgruppa 16 til 19 år var det 41 færre i 2018 enn 2017. Svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 48 personar. Talet på eldre mellom 67 til 79 har auka med 52 personar, mens talet på personar over 80 år har auka med 22 personar.

Folkemengd etter alder 31. desember 2013-2018



Sysselsetting

Arbeidsløysa har hatt nedgang også i 2018. I desember 2018 var det 201 heilt ledige mot 235 i januar. Arbeidsløysa i desember utgjer 2,0 % av arbeidsstyrken. Rogaland har eit snitt på 2,5 % og Norge 2,3 %.

Av heilt ledige i Hå kommune er 52 % innvandrarar, noko som er blant det høgaste i landet.

Me har også hatt fokus på varig tilrettelagt arbeid, og har fått senka talet på personar med varig tilrettelagt arbeid på Jæren Industripartner frå 30 i 2017 til 27 i 2018. Talet på personar med varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift er auka frå 4 til 9 personar.

Framtidsløftet og digitalisering

Framtidsløftet er den strategiske satsinga for å bli betre rusta til å møte utfordringane i framtida. Nedanfor har me trekt fram fleire områder der me jobbar med innovasjon, forsking og nye måtar å løyse oppgåvene på i ulike deler av organisasjonen. *Framtidsløftet* handlar om å utfordre oss sjølv på måtar å jobbe på. Når det gjeld digitalisering er Hå kommune med i mange lokale, regionale og nasjonale prosjekt:

Administrasjon: digitalisering av støtteprosessar, til dømes fakturamottak, reiserekningar og personalmeldingar har frigjort tid til andre oppgåver. Her arbeider me aktivt med alle fagområder og ser at gode løysingar vert etablert. I 2018 har me starta et kompetanseutviklingsløp på å bygga kompetanse på tenestedesign, då me ser at dette vil styrka innovasjon og digitalisering.

Chromebook: Som eit læringsreiskap vil alle elevane ha Chromebook/berbar pc som arbeidsreiskap i løpet av skuleåra 2017-2019. Kommunen oppnådde full dekningsgrad i 2018. Dette vil legge eit godt grunnlag for auka læring og betra motivasjon.

DigiRogaland: DigiRogaland er no etablert som eit permanent samhandlings- og utviklingssamarbeid i med 26 medlemskommunar i Rogaland. Me ønskjer å bidra aktivt inn i dette samarbeidet. Eit av desse prosjekta er Digisos som Hå kommune tok i bruk i 2018. Innbyggjarar som treng sosialhjelp kan nå søkja om dette elektronisk. Hå er 1 av 11 kommunar i Rogaland og 34 i landet som har teke i bruk dette systemet.

Digitaliseringssjef: IT-sjef har fått utvida stillinga si til å fokusera på digitalisering og har nå tittel og arbeidsoppgåver som digitaliseringssjef.

Doktorgradsarbeid: Hå kommune har fått innvilga støtte til ein offentleg ph.d. (doktorgrad). Dette er eit forskingsprosjekt som Hå har i samarbeid med VID vitenskapelige høgskole på Sandnes. Ved hjelp av forsking er målet å endra måten me gir tenester på innan delar av området *psykisk utviklingshemma*. Me ser veldig fram til dette arbeidet, og det er også historisk at Hå kommune har eit doktorgradsarbeid tilknytt våre kommunale tenester.

Interkommunalt samarbeid om IKT og digitalisering: Eit samarbeid mellom Klepp, Time, Gjesdal og Hå om sårbarheit og kompetanseutvikling, anskaffingar og robust og effektiv drift. I 2018 har me etablert fleire samarbeidsarenaer og faggrupper. Me har gjennomført dei første innkjøpsprosjekta saman og ser stor nytte av dette samarbeidet.

Interkommunalt velferdsprosjekt med 11 kommunar som går frå 2017 – 2019. Som eit ledd i den framtidige satsinga på velferdsteknologi er det inngått avtale med Telenor om å handtera kommunen sine tryggleiksalarmer. Frå 31.01.2019 har Kristiansand responsenter tatt imot og svara på kommunen sine tryggleiksalarmer. For den enkelte brukar i Hå er det i praksis liten endring. Det er framleis heimetenesta i Hå som rykker ut på alarmar.

Komdigi: Ein læringsarena for digitalisering i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS og Hovudsamanslutningane. Hå er ein av 40 kommunar som har fått blitt med i dette toårige prosjektet med politikarar, tillitsvalde og administrasjon.

VIKTIGE HENDINGAR I 2018

FEBRUAR

Tilstandsrapporten for **Jærskulen** 2017 vart presentert på Jærmuseet for 4 kommunar

Kommunestyret vedtok å gi støtte til assistentbustaden på **Kvassheim fyr**

APRIL

Nærø sitt herrehåndballag rykte opp i **eliteserien** og Hå kommune markerte det med å spandere middag på Kafé Jærbuen

JANUAR

Storstilt opning av nye **Ogna skule** med plass til 300 elevar

Første ektepar vart vigsla av ordførar Jonas Skrettingland etter endring i **ekteskapslova**

Varhaugmøtet med besøk av statsråd Jon Georg Dale

MARS

Opning av vegen mellom Bjerkeim og Hå i samband med ny vindpark på **Skinnansfjellet**

MAI

Kommunestyret vedtok kva kommunale funksjonar som skal vera på **Heimtun**

Kommunestyret vedtok at ny avlastningsbustad skal byggast på **Skjeraberget** på Nærø

Kommunestyret vedtok ny **digitaliseringsstrategi** for Hå kommune

Den nye **politireformen** gjorde at Hå kommune fekk tildelt ein politikontakt med kontordag på rådhuset ein dag i veka

JUNI

Opning av neste byggetrinn i **Stokkalandsmarka**

Biblioteket på Ogna fekk besøk av **kronprinsesse Mette-Marit**

Varhaugmarken med stor medverknad frå barn og unge i samband med **kommunedelplan for Varhaug sentrum**

JULI

Tall Ships Races i Sirevåg– ny folkefest og rekordmange skuter som vitja oss!

Besøk av ordfører og varaordførar frå vennskapskommunen vår i Polen, **Weglinc**

VIKTIGE HENDINGAR I 2018

SEPTEMBER

Kommunedag i Varhaughallen for alle tilsette, HTV, politikarar, Jæren Everk og kyrkja

Lansering av vår nye kommunefilm; **Kvardagshelt** – ein hyllest til alle våre tilsette

Hå kommune vedtok at dei ikkje vil gå vidare med utredning av **utbyggingspakke Jæren**

Tilsegn om 20 mill kroner til **flaumsikring** frå NVE

NOVEMBER

Kommunedelplan for Nærø sentrum vart einstemmig vedteken i kommunestyret

Rogaland Fylkeskommune foretok offisiell opning av **Primstad bru** på Buevegen

Barn og unges kommunestyre vedtok plassering og fargar på den nye klatreparken i Varhaug sentrum

Ernæringsstrategi for eldre i sjukeheim og heimeteneste vart vedteken

AUGUST

Storstilt opning av **Vigrestad barnehage** med plass til 120 barn

Stampen opna igjen for badelystne gjestar

Hå kommune arrangerte «**Me slår ring rundt Varhaug**» saman med kyrkja, politiet, Varhaug IL, Varhaug næringsforening og Varhaug Misjonshus

OKTOBER

Kommunestyret vedtok **Plan for frivillig arbeid**

Tilstandsrapport for **uteområder** for skular og barnehagar blei lagt fram for kommunestyret

Plan for helse- og sosialbygg vart lagt fram for kommunestyret

Kommunestyret vedtok å invitera Time og Klepp kommuner til felles **nattlegevakt** på Bekkeheien

DESEMBER

Skule- og barnehagebruksplanar for 2019-2022 vart vedteke

Budsjett for 2019 og **økonomiplan** for perioden 2019 – 2022 vart vedteken

Slik styrer me

I dette kapittelet omtalar me korleis me arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis me følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. Me omtalar også kven mei er og korleis det er å arbeide her.

I 2018 har me fortsett arbeidet med å betra arbeidsmåtar og –miljø på mange vis. Personvern og digitalisering står høgt på sakskartet, me søker heile tida å gjera innbyggjarane sitt møte med kommunen enklare og legga til rette for at dei raskt får svar på det dei lurer på. Beredskapsarbeidet er viktig – og me har gjennomført 120 øvingar, inkludert to skrivebordsøvingar med krisestabben.

Kommunen

Kommunestyret er det øvste styrande organ i ein kommune. Dei viktigaste styringssignalene blir gitt når budsjett og økonomiplan blir vedteken. Her blir mål og planar omtalt og det vert sett rammer for ressursbruk på alle områder både med omsyn til pengar og årsverk.

Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for løpende drifts- og planleggingsoppgåver. Hå kommune er organisert etter ein modell med tenesteområder og stabar som rapporterer til rådmannen.

Oppfylling av denne modellen føreset delegering som i alle tilfelle skjer innafor vedtekne økonomiske rammer. Føresetnaden er likevel at utforminga av politikken i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret. Hensikta med delegasjonsreglementet er å legga betre til rette for overordna økonomisk styring, ha klarare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativt nivå, samt effektiv ressursutnytting. Rådmannen delegerer vidare internt i administrasjonen gjennom interndelegeringsreglementet.

System og organisering

Rådmannen si leiargruppe består av dei tre kommunalsjefane, personal- og organisasjonssjef, eigedomssjef og økonomisjef. I tillegg rapporterer leiar for politisk sekretariat, IT, og dokumentsenter til rådmannen. Alle har ein leiaravtale som avklarar forventningar, resultat- og utviklingsmål. Slike avtalar er implementert i heile organisasjonen. Alle arkivfunksjonar er samla i dokumentsenteret og all kontakt med innbyggjarane går gjennom servicetorget som vart opna i desember 2015.

Etikk og antikorrupsjon

Kvalitets- og avvikssystemet «Compilo» er og system for varsling av kritikkverdige tilhøve i verksemda. Føremålet er å gi kjende, trygge og lovlege rammer for intern varsling, og samstundes bygga ein kultur tufta på eit ønske om openheit.

Arbeidet med nye etiske retningslinjer vart gjort ferdig i 2017. God forankring vart sikra gjennom tett samarbeid mellom administrasjonen, dei hovudtillitsvalde og hos politikarane.

Slik arbeider me (forvaltningspraksis)

Offentlegheit

- Møteinkallingar, saksutgreiingar og protokollar er tilgjengelige på kommunen sine nettsider
- Kommunestyremøta blir overført på internett og kan også sjåast etter møta

Tilgjengeleight og brukarorientering:

- Servicetorget tek imot alle som vender seg til kommunen personleg, via telefon, e-post eller facebook
- Brukarundersøkingar blir gjort innanfor stadig fleire områder
- Kommunikasjonsstrategi er utarbeidd i samarbeid med dei hovudtillitsvalde

Politisk styring og kontroll

- Kommunen har ein tydelig visjon og klare verdiar
- Gjeldande delegeringsreglement vart vedteke i første kommunestyremøte i 2017
- Det er ryddige og klare linjer i samspelet mellom politikk og administrasjon
- God samanheng mellom politiske ambisjonar og tilgjengelege ressursar
- Årshjul med kafodialog i samband med framlegging av budsjettet

Leiarskap, ansvar og delegering

- Synleg og tydeleg rådmann
- Leiарforum med alle leiatar, dei hovudtillitsvalde og leiatar frå Jæren Everk
- Leiарutviklingsprogram: Kull 2 med 30 leiatar avslutta i 2018
- Leiарavtalar er innført for alle leiatar.
- Brei delegering
- Det vert gjennomført jamlege dialogmøter med dei hovudtillitsvalde

Resultat og effektivitet

- Følger KOSTRA
- God økonomi og –styring over tid. Det vert likevel arbeidd med å vidareutvikle økonomiplan og årsmelding for å gje god styringsinformasjon til politikarane og andre
- Digitalisering gjer mange prosessar meir effektive

Kommunen som arbeidsgjevar

- Lønnspolitisk plan vart i 2018 utarbeida i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar
- Opplæringsplan for heile verksemda, med eigne budsjett og årleg evaluering
- «Steinbukken» - eit intranett med digitale verktøy for alle tilsette og leiatar

Kommunen som samfunnsutviklar

- Gjeldande kommuneplan vart godkjent i desember 2014. Kommunal planstrategi vart vedteken i 2016
- Hå kommune er kjent for innsatsen på kultur- og idrettsområda
- Bustads- og næringsutvikling (spesielt fokus mat/landbruk)
- Meir samarbeid med frivillige har fokus framover, særleg innanfor helse og for å få til god integrering av flyktningar

Styringssystem



Kommuneplanen

Kommuneplanen omtalar **visjon og satsingsområder** for Hå kommune.

Kommuneplanen har to delar – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnssdelen omhandlar kulturlandskapet, visjon, mål og strategiar, framskrivingar (befolkningsvekst), kva som skal til for å ha gode bu- og næringsmiljø, sysselsetting og næringsliv, klima og energi, kommunal beredskap, kommuneorganisasjonen og omtale og mål for dei kommunale tenestene.

Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer.

Planstrategi

Kommunal planstrategi skal avklare kommunen sitt **planbehov**.

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i desember 2014. Denne har mål og strategiar for alle (sentrale) delar av kommunen si verksemd.

I 2016 vart det utarbeidd ein ny planstrategi som gav føringar for kva for planar som skal utarbeidast eller reviderast. Denne strategien er eit viktig verktøy for å sikre ei samla prioritering av alle plandokument i kommunen og vil ta omsyn til endringar i samfunnet rundt oss. Sjå omtale i kapittelet «Dette er Hå».

Kommunedelplan

Kommunedelplanar er utdjuping av kommuneplanen. Det kan enten være eit samfunnstema eller areal for ein del av kommunen. Kommunen er godt i gang med å utvikla ein kommunedelplan for Varhaug sentrum som skal fastlegga dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum i åra framover. Kommunedelplanen for Nærbo sentrum vart vedteken i november 2018.

Tema og sektorplanar

Tema og sektorplanar er ei vidare konkretisering av kommuneplanen. Både barnehagebruksplan og skulebruksplan er temoplanar. Til dømes skal barnehagebruksplanen gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen, og vera grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering, utvikling av bygningane og uteområda, vedlikehald og opptakskrinsar.

Økonomiplan og årsbudsjett

Den 4-årige økonomiplanen er kommuneplanen sin handlingsdel, **prioriteringar og tildeling av ressursar**. Det vert utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjett). Det skal leggast vekt på ramnestyring og utstrekkt grad av delegering.

Årsrekneskap og årsmelding

Det skal utarbeidast årsmelding med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet. Dette er det dokumentet du no les i. Årsrekneskapen er eit eige dokument.

Meir om mål og resultatstyring

Dei økonomiske målsettingane som er definert i kommuneplanen er nådd også i 2018. Netto driftsresultat vart 4,3 % som er meir enn målet som er sett i kommuneplanen på 1,5 %. Drifta gav eit samla mindreforbruk (overskott) på 41,3 millionar kr som gjer at ein også i 2018 kan sette av pengar til fond eller redusere opptak av lån. Å ha midlar på fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

Kommunestyret får rapport kvart tertial med status for heile kommunen og for kvart tenesteområde, i sentraladministrasjonen og på finansområdet. Desse kan gje grunnlag for budsjettjusteringar.


Internkontroll

For at tilsette i kommunen skal kunne løyse oppgåvene sine på rett vis er det viktig å ha gode rutinar for korleis oppgåvene skal bli gjennomført. Hå kommune har fleire system for internkontroll.

Alle tilsette har tilgang til og skal nytta det digitale hovudsystemet for kvalitets- og avvikshandtering – «Compilo». Tenesteområda har i tillegg eigne fagsystem. Gjennom heile året blir det arbeidd systematisk med internkontroll i heile verksamda. Av dei 287 HMS-avvika som vart meldt i 2018 var 286 lest, handtert og lukka ved årsskiftet. Berre eitt avvik var framleis under behandling.


I 2018 vart det meldt inn til saman 591 avvik i Compilo. Motsvarande tal var 669 i 2017. Dette syner ein kultur kor den einskilde tilsette er kjend med prosedyrar og tek ansvar for at dei blir brukt rett. Avvik er eit godt utgangspunkt for organisasjonslæring, og blir meldt innan kategoriene «teneste/brukar», «organisatorisk/internt» og «HMS».

Avvikskategoriar



Figuren syner meldte avvik innanfor dei tre hovudkategoriene.
Alvorsgraden er bestemt av den tilsette eller leiaren som meldar avviket.

HMS-avvik



Innanfor HMS er det fem kategoriar: «arbeidsmiljø», «nesten-uhell», «ulukke», «vald/truslar» og «ytre miljø». Figuren syner fordelinga på desse kategoriane og alvorsgraden

Kontrollutvalet


Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dei har sin eigen administrasjon som er uavhengig av kommunen sin administrasjon. Oppgåvene deira knyter seg både til løpende tilsyn med forvaltninga (drifta), revisjon, rekneskap og internkontroll, forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar. Dei har eige budsjett og lagar ei eiga årsmelding.

Kontrollutvalet har i 2018 behandla følgjande rapport om forvaltningsrevisjon; Undersøking Barnevernet Hå og Psykisk helse og rusvern.



Årshjul

Kvart år blir det gjennomført ei rekke styringsprosessar. Desse kan visast i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar føregår i høve til kvarandre politisk og administrativt.




Personal- og organisasjonsutvikling

Av kommuneplanen framgår at den overordna målsettinga for personalpolitikken i Hå er å ha tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft. I hovudavtalen er partane i arbeidslivet samde om at formålet med partssamarbeidet er utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Som arbeidsgjevar driv kommunen mange prosessar for å understøtte desse måla, mellom anna inkluderande arbeidsliv (IA), leiar- og organisasjonsutvikling, helse-miljø-tryggleik (HMS), kompetanseutvikling, rekruttering, og lønsforhandlingar. Tillitsvalde er involvert i mange av prosessane i høve avtaleverket.

Tilsette og årsverk

Ved årsskiftet var det 1600 tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen - ein auke på 21 tilsette frå 2017. Årsverka for desse utgjorde 1191 mot 1186 i 2017 og 1164 i 2016. Talet på fast tilsette har auka med 1 % samanlikna med 2017.

Faste tilsette årsverka deira i deltid/heiltid




Figuren syner tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen, medrekna dei som f.t. er i permisjon og frivillig brannmannskap (FB). Den syner og delen heiltid og deltid blant dei tilsette, ikkje medrekna FB.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik viser ein svak nedgang og er nå på 75,9 %, men dette er medrekna dei 73 tilsette som etter eige ønske har redusert stillingsstorleika si med til saman 25,4 årsverk. Lov-/avtaleverk og velferdsreglar gir høve til det. Blant dei som har ønskja seg redusert stilling er det 67 kvinner og 6 menn. Desse 73 tilsette har i snitt redusert stillinga si med 34,8 %. Dette bidreg til å auke talet på mellombels deltidstilsette, men gjer samtidig at nokre deltidstilsette får høve til å arbeide heiltid medrekna vikariat. Det er 42,9 % av dei fast tilsette som er tilsett i full stilling, mot 40,9 % i 2017.

Stillingsstorleiken for kvinner synar ein svak nedgang med eit snitt på 73,9 %, mot 75,5 % i 2017. I desse tala er det teke omsyn til ønskja redusert stilling, men ikkje medrekna

ekstraarbeid. Det inneber at den eigentlige stillingsstorleika er høgare. Stillingsstorleiken for menn er i snitt 86,2 % mot 85,2 % i 2017. Medrekna brannmenn er talet 76,9 % mot 76,2 % i 2017.

Tilsette fordelt på alder og kjønn



Kvinneandelen syner ein svak auke og ligg på omlag 82,5 %. Blant dei 86 mellomleiarane i kommunen er det 57 kvinner og 29 menn. I rådmannen si leiargruppe er det no fire kvinner og tre menn.

Utviklinga frå 2017 til 2018 synar at det er ei auke i tilsette i aldersgruppene 0 - 29 år, 40 – 49 år og 50 – 59 år. Aldersgruppene 30 – 39 år og for aldersgruppa over 60 år syner ein svak nedgang. Dei neste fire åra vil 95 tilsette ha rett til å ta ut AFP, likevel tilseier erfaringa at få nyttegjer seg av dette. Seniorar er ei viktig arbeidskraftressurs, og kommunen vil arbeide for å halde på kompetansen deira. Hovudtariffavtalen seier at alderspensjonistar kan arbeide på særskilde vilkår medan dei tek ut pensjon samstundes som dei må avslutte arbeidsforholdet i kommunen når dei fyller 70 år.

Rekruttering og kompetanseutvikling

Med hovudmålsettinga om å ha nok kvalifisert arbeidskraft, står arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling sentralt. Kommunen lagar kvart år ein opplæringsplan for å budsjetttere, planleggje og evaluere gjennomføringa av kompetansetiltak som rustar tenestene for framtida. Kompetente og framtidsretta fagmiljø sikrar gode tenester, og skapar eit godt fagleg omdøme som kan tiltrekke nye søkjrarar.

Omgrepet ‘kompetanseutvikling’ er i endring, og må også sjåast i forhold til utforminga av dei tenestene kommunen skal leve i framtida. Dei siste åra har digital kompetanse og utvikling stått sentralt. Velferdsteknologi i helse- og sosialtenestene, og informasjonsteknologi i skuler og barnehagar, er med på å endre måten kommunen gir tenester på.

Tenesteområdet for helse- og sosialsaker har starta eit samarbeidsprosjekt med VID vitskaplege høgskule der eit doktorgradsstipendiat nyttar aksjonsforskning som eit ledd i tenestedesign for personar med psykisk utviklinghemming. *Kompetanseutvikling* handlar om å utvikle den kompetansen me treng for å gi framtidsretta og bærekraftige tenester. I tenesteområdet for opplæring og kultur deltek fleire barnehagar og skular i prosjekt, nokre knytt til forskingsinstitusjonar og andre til utdanningsdirektoratet. Kvart år deltek om lag 15 lærarar på «*Kompetanse for kvalitet*» for å auke den formelle fagkompetansen i skulen.

I 2018 fullførde det andre kullet med om lag 30 mellomleiarar sitt leiarutviklingsprogram. Programmet er retta mot å utruste leiarane som endringsagentar i eigne einingar. Det spelar ei viktig rolle i arbeidet med «*Framtidsløftet*», der endrings- og innovasjonskompetanse er avgjerande. Hå kommune satsar framleis og på «*Leiarforum*» for leiarar og tillitsvalde i verksemda. Tema er utvikling, informasjon, prosessar og relasjonsbygging.

Framleis er det universitets- og høgskulegrupper som er særleg vanskeleg å rekruttere. Døme er sjukepleiarar, venepleiarar, barnehagelærarar, lærarar med utdanning for «småtrinnet», spesialpedagogar, ingeniørar, arkitektar og leiarar. Det er og vanskeleg å rekruttere personar med seniorkompetanse innan teknisk sektor. I barnehagane tek mange tilsette utdanning, og om lag 25 av dei er ferdig utdanna hausten 2019. I teknisk sektor vart det hausten 2018 forhandla betre lønstiltak for ingeniørar og arkitektar, og arbeidsgjevar skal saman med NITO gjere ei strategisk kartlegging av kompetansetilhøva i verksemda.

Hå kommune deltek i samarbeidet «*LINK Jæren*», som skal fremje bu- og arbeidstilhøva i jærkommunane Hå, Time og Klepp. Jærskulen arbeider vidare med felles fagutvikling og arbeidsgjevarprofil.

Tariff og lønsforhandlingar

I 2018 var det hovudtarifforhandlingar mellom partane i KS sitt tariffområde. I kapittel 4 vart årlønsvekstramma 2,8 % i tråd med frontfagsmodellen. Denne seier at lønsveksten i Norge må tilpassast nivået som konkurranseutsett sektor kan tåle over tid. Denne ramma vart og nyttu under lokale forhandlingar for leiarar og akademikarar/rådgjevarar i kapittel 3 og 5.

I tråd med vedteke forhandlingsmandat nyttar kommunen lokale lønsmidlar særleg til å heve leiarlønningar i helse- og sosialektoren, og slik utjamne uønska skilnader. Det vart og laga ordningar for å sikre at tilsette i teknisk sektor skal bli verande etter at opplæringstida er slutt.

Det gjeld eit likelønsprinsipp for kvinner og menn i same type stilling. Grunna prioritering av leiarstillingar i helse og sosial fekk kvinner i snitt 0,74 % høgare lønnsvekst enn menn i 2018.

Hå kommune forhandla med 17 arbeidstakarorganisasjonar. Éin organisasjon gjekk til brot. Saka vart løyst ved behandling i lokal nemnd, der kommunen fekk medhald i sitt syn.


Inkluderande Arbeidsliv (IA) og HMS

Også i 2018 er det brukt store ressursar på IA-arbeidet i verksemda. Erfaring tilseier at varig fokus er naudsynt for gode resultat. Satsingsområder har vore leiaropplæring, samarbeid med NAV, avklaring i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom, og kulturarbeid.

Det særskilde satsingsprosjektet som vart starta i helsesektoren i 2017 vart oppretthaldt også i 2018. Samstundes vart eit nytt satsingsprosjekt i dei fire barnehagane som synte høgast fråvær starta opp. Prosjektresultata er svært positive.

Det samla sjukefråværet for Hå kommune vart 6,7 %, og er uendra samanlikna med 2017. Det legemeldte fråværet var 5,7 % mot 5,9 % i 2017. Det eigenmeldte sjukefråværet synar ein oppgang på 0,2 prosentpoeng til 1 %. Endringa er i tråd med målsettinga. Første halvår var det legemeldte fråværet 6,2 % mot 6,3 % i 2017, medan det andre halvår var 5,6 % mot 5,7 % i 2017. Figuren syner at Time og Gjesdal auka fråværet frå 2017 til 2018, mens Klepp reduserte sitt. Hå sitt uendra fråvær i 2018 er likevel det lågaste av desse jærkommunane.


Samla sjukefråvær i nabokommunane



Figuren syner samla sjukefråvær i nabokommunane (eigenmeldt og legemeldt) dei siste fire åra.

Fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar utgjer 81,3 % av det samla legemeldte fråværet. Langtidsfråværet over 40 dagar utgjer 67,8 %. 94 tilsette sto for halvdelen av det samla legemeldte fråværet i 2018 mot 118 i 2017. Det er 14,8 % av dei tilsette som står for 80 % av det samla legemeldte sjukefråværet mot 16,4 % i 2017. Målretta arbeid i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom er difor viktig og tidkrevjande.

Tenestesektorar - utvikling i legemeldt fråvær




Grafen syner utviklinga i korte- og langtidssjukefråvær i dei største sektorane dei siste fem åra.

Satsingsprosjektet i barnehagane (2015 - 2016) viste svært positive resultat. Samanlikna med 2014 vart det samla fråværet redusert med om lag 25 %. Etter avslutta prosjektperiode auka langtidssjukefråværet i barnehageområdet igjen. Dette mønsteret synar seg att i mange verksemder, og bekreftar at vedvarande fokus er naudsynt.

I 1. kvartal 2018 vart det difor sett i verk ei ny IA-satsing innafor barnehageområdet, denne gongen i dei fire barnehagane som hadde høgast sjukefråvær. Ei samanlikning av siste kvartal i 2017 mot siste kvartal i 2018 synar at prosjektet har lukkast. Det samla sjukefråværet i prosjektbarnehagane syner ein nedgang på 6,2 prosentpoeng. Dette tilsvrar ein nedgang på om lag 40 %.


Samla sjukefråvær i barnehageprosjekt



Grafen syner utviklinga i totalt sjukefråvær i dei fire barnehagane i prosjektet og barnehageområdet totalt sett, gjennom dei siste fem åra.

Innanfor langstidsavdelingar i pleie- og omsorgssektoren vart det i 2017 starta eit toårig sjukefråværsprosjekt etter mønster frå det første IA-prosjektet i barnehagane. Ei samanlikning av siste kvartal i 2017 mot siste kvartal i 2018 syner at prosjektet har lukkast. Det samla sjukefråværet i prosjekteiningane syner ein nedgang på 2,8 prosentpoeng. Dette tilsvrar ein nedgang på om lag 25 %. IA-satsinga i tenesteområdet for helse- og sosialsaker held fram også i 2019.

Samla sjukefråvær i helse- og sosialprosjekt



Grafen syner utviklinga i totalt sjukefråvær i dei fire langstidsavdelingane som inngår i prosjektet i helse- og sosial og helse- og sosial totalt sett, gjennom dei siste fem åra.

Informasjon, kommunikasjon og involvering

Kommunen er til for innbyggjarane og det vert arbeidd på fleire måtar for å engasjere og få innspel frå ulike grupper. Det er viktig at det er lett å koma i kontakt med dei som arbeider i kommunen og etableringa av servicetorget var ein viktig milepål i dette arbeidet. Klart språk har vore ei viktig satsing også i 2018.

Innbyggjarrådet

Innbyggjarrådet tar del i den kommunale plan- og utviklingsprosessen og skal ha til uttale alle politiske saker som gjeld eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom sine levekår.

Innbyggjarrådet er kommunen sitt formelle organ i samband med brukarmedverknad og uttale frå rådet skal følgje saker i prosessen fram mot vedtak i det aktuelle politiske organet. Mandat vart vedteken i KS-079/11. Innbyggjarrådet hadde 5 møter og handsama 46 saker i 2018. Det er gledeleg at talet på saker som kjem til uttale i innbyggjarrådet har auka. Dette betyr at rådet fungerer etter intensjonen: Underrepresenterte grupper skal ha eit talerør inn i den kommunale beslutningsprosessen.

Ei stor sak i 2018 var *Plan for frivillighet*. Rådmannen var i rådet og orienterte om arbeidet og inviterte rådet til å koma med innspel.

Eldrefesten 2018 var på Ognatun, med kåseri av Olav Kleven om oppvekst på Kvassheim og musikkinnslag ved familien Bergersen.

Ungdomsrådet i Hå (URÅ)

URÅ har i løpet av 2018 hatt 9 styremøter, inkludert julebord i desember.

Me har og i løpet av året vore med å diskutert kva me meiner bør fiksas opp i Varhaug sentrum, og sendt tankane vidare til teknisk avdeling på Rådhuset.

I starten på august laga Ungdomsrådet ein informasjonsfilm om kva Ungdomsrådet er, som me posta på facebook. På slutten av august deltok Ungdomsrådet med stand og konkurransar på Jærmessa på Varhaug. Grunna plasseringa av standen på området, erfarte me liten interesse frå ungdom, som er målgruppa vår. Me tenkjer at me ikkje fortset med dette til neste år.

I samband med Verdsdagen for psykisk helse, arrangerte Ungdomsrådet ein «Ungdomskveld» i Loen ungdomsklubb sine lokalar, der temaet var «Raus». Svært vellykka arrangement, med stort besøkstal, gratis mat, mange kjekke konkurransar og turneringar med premiar.

To medlemmar frå Ungdomsrådet representerte kommunen ved Ungdommens fylkesting i Haugesund i november, samt to medlemmar hadde eit innlegg om Ungdomsrådet på Barn- og unges kommunestyre i same månaden.

Me ser fram til nye aktivitetar, arrangement og kanskje ein utvekslingstur (?) i 2019!

Loen ungdomsklubb

Det er gledeleg at den jamne auken av ungdom fortset og at det stadig kjem fleire til klubben, og det er slett ikkje uvanleg at det er 80-90 ungdom på ein vanleg klubbkveld. Ungdom kjem frå alle bygdene i kommunen. Dette krev sjølv sagt i tillegg ein større del vaksne på arbeid og i oppfølgingsarbeidet. I haust har me vore heldige og fått med oss ein lærling og ekstra bemanning i kiosk, samt ein voksen i musikkrommet i samarbeid med Hå kulturskule. Dette er svært kjærkome. Me ser likevel at det skulle ha vore endå større grad av vaksne i klubbtida, for å ha tid til å samtale med ungdomane og gje dei eit trygt og godt klubbmiljø.

Me fortset med tiltaket om gratis mat og aktivitetar på klubbkveldane, noko me ser og opplever som ein stor gevinst. Å eta saman fører til høg grad av inkludering og gir god stemning. Me prøver å variera aktivitetane på klubbkveldane og har i tillegg hatt aktivitetar og utflukter som både spa-kveld og trampolinepark med støtte frå Frifond. Som vanleg avslutta me med julebord i desember, noko som alltid er populært. Me ser vidare fram til nye kurs og aktivitetar på klubben i 2019.

Barn og unges kommunestyre (BUK)



Foto: Steffen Rogne

Barn og unges kommunestyre vart dette året arrangert for femte gong i Hå kommune. Dette er ein arena kor kommunen sine barn og unge får moglegheit til å seie si mening. Kvar skule er representert med tre elevar frå 5.-7. trinn og tre elevar frå 8.-10. trinn (33 representantar). I tillegg er ordføraren, rådmannen, kommunalsjefar og fleire politikarar til stades. Ungdomsrådet i Hå er òg til stades og informerer om kva dei arbeider med.

Møtet føregår i kommunestyresalen og er bygd opp på same måte som eit ordinært kommunestyremøte, med sakliste, ordstyrar og stemmeskilt. Elevane blir utfordra til å halde framlegg rundt eit tema som er aktuelt i tida og ikkje minst i framtida. I år var temaet «*Lyst til å læra*».

Korleis skal elevane oppnå i større grad å:

- *Gle seg til å gå på skulen*
- *Lika skulearbeidet*
- *Bli interessert i å læra*

Elevane vart delt inn i grupper (ungdomstrinn og mellomtrinn). Saman skulle dei koma fram til vedtak med ei 5-punkts liste som dei meinte hadde innverknad på temaet.

Skulesjefen og leiarane på skulane skal sørge for at lærarane får kjennskap til punktlista, og følgje opp at det skjer endringar i skulane.

BUK vedtok òg utforming og farge på klatre- og balansepark i Varhaug sentrum.

Elevane fekk høve til å stille spørsmål til ordføraren og rådmannen. Elevane var godt førebudde og stilte spørsmål om tema som opptok dei. Nokre spørsmål dreidde seg om skulekvardagen, medan andre dreidde seg om fritida og det som skjer utanom skulen. Barn og unges kommunestyre får satt av ein sum pengar som dei sjølv får råde over.

Pengane må nyttas slik at barn og unge i heile kommune kan få glede av dei.

I 2018 vart vedtaket slik i barn og unges kommunestyre: *Det vert arrangert aktivitetsdag/kanonballturnering med grilling av pølser i Loen. Vi tenker at det må bli to arrangement, eit for mellomtrinna og eit for ungdomsskulane. Pengane brukast til skyss og mat.* Tilbakemeldingar frå skulane i etterkant av barn og unges kommunestyre, var udelt positiv. Det vart poengtvert verdien av arrangementet; elevane opplevde å verte tekne på alvor, dei vert høyrte og dei får vera med og bestemme i ekte saker. Dette er demokrati på ekte.



Illustrasjon: Marta Krystoviak

Servicetorg og kommunikasjon

Innbyggjarane er hovudpersonane i det kommunen held på med. Det er overordna for kommunikasjonen og for alt som skjer i innbyggarservisen. Arbeidet med å vidareutvikla det digitale servicetorget har vore sentralt i 2018. I tillegg er det nye intranettet Steinbukken lansert.


I arbeidet med å forenkla og digitalisera dialogen med innbyggjarane, oppstod innovasjonsprosjektet «Innsida ut». Hå kommune fekk innvilga 250 000 kr i midlar frå Fylkesmannen til dette prosjektet. Målet er å gjera det enklare å kontakta kommunen, anten det gjeld til dømes bestilling av familiebadning, utleigelokale, avtala møte med saksbehandlar eller senda ein søknad om teneste. Mange gonger er løysinga å skaffa nye, digitaliserte system som kan brukast av innbyggjarane døgnet rundt. Eit døme er den digitale løysinga for booking og betaling av time til familiebadning i Stampen. Før måtte innbyggjarane ringa servicetorget mandag klokka 8 for å bestilla og avbestilla. Nå kan dei betena seg sjølv uavhengig av opningstid.

Innovasjonsprosjektet «Innsida ut» er eit samarbeid både på tvers av tenesteområde internt i kommunen, men òg på tvers av kommunegrensene. Randaberg, Gjesdal, Time og Hå har utveksla nyttige erfaringar. Felles for alle prosjekta er at innbyggjarane sine behov har vore styrande.



Visjonen for det digitale servicetorget er å gjera det enklare for innbyggjarane.

To av medarbeidarane i servicetorget starta i 2018 på ei kursrekke i tenestedesign. Det er nytig i digitaliseringa og forbetringa av ulike tenester for innbyggjarane.



Grafen syner korleis innbyggjarane i Hå vel å ta kontakt med servicetorget ved utgangen av 2018.

Stadig fleire av innbyggjarane tek kontakt med kommunen via sjølvbetente løysingar som digitale skjema og Vipps. Det er likevel 66 prosent som vel å ringa, når dei skal ta kontakt med servicetorget. Målet er å få fleire til å ta i bruk dei sjølvbetente løysingane.

Ei gruppe medarbeidrarar frå Hå, Time, Sola, Gjesdal og Eigersund er i gang med å samarbeida om bygging av digitale søknadsskjema. Dette er eit satsingsområde framover.

13 prosent vel å møta opp i servicetorget når dei skal ha kontakt med kommunen. Det vil alltid vera ei gruppe blant innbyggjarane som treng litt ekstra hjelp i den digitale kvardagen. Desse vil me framleis bruka tid på og yta den servicen dei treng. Hjelp til sjølvhjelp er dessutan ein god måte å læra opp innbyggjarane til å ta i bruk digitale verktøy.

SERVICETORGET KAN HJELPA DEG MED:



... og spør oss gjerne om andre ting også

Desse tenestene blir tilbydd i servicetorget: Informasjon og rettleiing i byggesaker, kart, eigedoms- og leidningsnettopplysning, innsyn i offentlege dokument, meklarpakkar, nabolister, endring og avvik i renovasjon, fakturaspørsmål, konsesjonssaker, skjenke- og serveringsløyve, jegerprøveeksamen, parkeringskort for forflyttingshemma, rettleiing til å søka barnehageplass, saksbehandling for redusert betaling i barnehage og kontantstøtte, utleige av Lensmannsløa, sentralbord og salskontor for tomter i Stokkalandsmarka.

Steinbukken, det nye intranettet til Hå kommune, vart lansert desember 2018. Det er ein god og viktig kanal for kommunikasjon internt i organisasjonen. Her skal alle tilsette kunne logge seg inn og finna relevant informasjon om sitt arbeidstilhøve, i tillegg til lenker til nyttige verktøy og rettleiingar.

I tråd med dei nye personvernreglane (GDPR), fekk Hå kommune personvernombod våren 2018. Hilde Eidsaa Bjorland har denne rolla. Ombodet skal vera eit kontaktpunkt for dei registrerte (innbyggjarar og tilsette), informera og gi råd for behandling av personopplysningar, kontrollera at personvernreglane blir følgt, og samarbeida med Datatilsynet.

The screenshot shows the Steinbukken intranet homepage with a dark header. The header includes a user profile for Steffen Royne, a search bar, and navigation links for 'Mitt arbeidsforhold', 'Verktøykassa', and 'Finn kollega'. Below the header is a section titled 'Nyheter' (News) with four cards:

- Stasjon og ulykker - ny retning:** Foreskrift og forordning om teknisk sikkerhet i arbeidsplassen og i boligen. Se myrlei...
- Sykkelretning fram mot hundjeraset:** Østlandet Sørvest, Dronning Mauds vei, Sandane, Nærheim, Ås...
- Bedriftsutvalget i orientering:** Vi vil være med i tilbakevirkende bedriftsutvalg i orientering...
- Meld inn forsøg til bruk av teknologi i skolelivet innan 1.5.2019:** Arbeidsområdet har vist at ca 29 000 tilføring er individuelt...

Samfunnstryggleik og beredskap

Definisjon

Beredskap betyr i utgangspunktet «å være beredt», altså å være førebudd på ein situasjon. Det blir brukt spesielt om å være førebudd på å møte kritiske situasjoner, det vil seie å handtere og redusere skadeverknader av uønska hendingar som kan føre til skade på eller tap av verdiar eller personskade/dødsfall. Beredskap omfattar tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak som planleggast iverksatt under leiing av beredskapsorganisasjonen ved ei hending, for å beskytte personell, materiell og verdiar.

Viktige hendingar i 2018

Beredskapsarbeidet i Hå kommune baserer seg på overordna beredskapsplan og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) vedtatt i kommunestyret i sak 12/17 og 55/17. Det var auka beredskap i fleire hendingar og spesielt i samband med hendinga sommaren 2018. Rådmannen, som ansvarlig beredskapsleiar, valde ved desse hendingane å ikkje sette krisestab. I staden vart beredskapsarbeidet organisert ved å kalle inn nødvendig mannskap ut frå hendingane sin karakter. Me har i tillegg jobba meir systematisk med evaluering etter dei uønska hendingane basert på den gjeldande ROS-analysen.

Det har vore stort fokus på å øva på planverket. Beredskapsarbeidet i 2018 var stort sett prega av å øva og vidareføre beredskapsarbeidet etter å ha vedteke ROS-analysen og overordna beredskapsplan i 2017. Det er ikkje berre kriseleiinga som øvde på planverket, det var gjennomført totalt 120 små og store beredskapsøvingar i kommunen – med tillegg av ukentlege og månadlege øvingar på legevakta og Hå brannvesen.

Øvingar	Type	2018
Opplæring og kultur	Brann, Evakuering, Risikoanalyse og Førstehjelp	73
Helse og sosialsaker	Scenariotrenings, HLR og akutt uavklart sjukdom, Utalarmering og samhandling i nødhetten, Brann	19
Tekniske saker og næring	Vannforsyning, Flom og uvær, Brann, Industriøving (Kviamarka), Utilsikta hending (Tryggheim)	7
Sentral administrasjon	Styrka beredskap, Test av beredskapsløysing, Risikovurdering, Førstehjelpskurs, Brann	20
Kriseleiing	Datasvindel	1
Hå kommune		120

Det er gjennomført opplæring på leiarforum for 80 leiarar og hovudtillitsvalde.

Det er inngått samarbeidsavtalar om beredskap mellom Hå kommune og Norske Kvinners Sanitetsforeining lokallag Hå, Nærbø Røde Kors, og Norsk Folkehjelp Hå.

Som ein del av Hå kommune sin beredskapsplan er det inngått eit forpliktande samarbeid med Holmavatn Ungdoms- og Misjonssenter og Ognatun for å kunne bistå med innkvartering i ein krisesituasjon.

Det er gjennomført møter med Åna fengsel, Tryggheim skular, IVAR og Tine om samarbeid i tilfelle ein beredskapssituasjon i kommunen.

Kva er fokus i 2019?

Me jobbar kontinuerlig med samfunnstryggleik og beredskap. I 2019 vil me ha fokus på samarbeid, opplæring og øving på planverket. Det er gjennomført beredskapsråd 5. februar 2019 der eksterne samarbeidspartnarar møter kommunen sin eigen kris- og beredskapsekspertise. Det er gjennomført opplæring på leiarforum for 80 leiarar og hovudtillitsvalde. Det er planlagt ei storøving for alle leiarar i mai og det er planlagt møter med viktige aktørar som RISA og Felleskjøpet.

Klima, miljø og energi

Berekraftig forvalting av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabildet framover viser.

Kommunen si eiga drift

Hå kommune er ei stor verksam, og blant dei største arbeidsgjevarane, største byggeigarane og største innkjøparane i kommunen. Det er derfor viktig at kommunen sjølv tek klimavennlege val i eiga drift.

Offentlege innkjøp i Hå er anslått til ein verdi på rundt 500 til 600 millionar kr årleg. Hå kommune har utarbeidd eit innkjøpsreglement som fastslår krav til miljøomsyn.

Kommunale bygg utgjer ein vesentleg del av bygningsmassen i kommunen. Ved å drifte disse areala mest mogleg energieffektivt vil det gi store reduksjonar i kommunen sine klimautslepp også for kommunen sine utgifter.

Klima- og energiplan

Kommunestyret fastsette planprogrammet for klima- og energiplanen 14. september 2017 i sak 056/17. Det pågående planarbeidet vil resultere i at konkrete tiltak blir foreslått i planen sin handlingsdel. Det er viktig å få fram at tiltak som krev kommunale løysingar vil måtte innarbeidast i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett for å kunne gjennomførast.

Eit aktivt og mangfoldig landbruk gjer at over 60 prosent av klimagassutsleppa i Hå kommune kjem frå landbruket. Planprogrammet er lagt opp med sikte på å dekke krava i den statlege planretningslinja om å formulere framtidsretta og ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Det går fram av planprogrammet at mål om utsleppsreduksjon vil bli formulert under omsyn til at Hå kommune er ein av landets største landbruks- og husdyrkommunar. Ein viktig føresetnad for planarbeidet er eit tett samarbeid med både næringsliv og landbruksorganisasjonane i Hå. `

Klimatilpassing

Hå kommune har ein viktig jobb å gjere for å sørge for at samfunnet er tilpassa klimaendringar. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde: *Arealplanlegging* i kommunen må sørge for at nye område som skal byggjast ut ikkje blir trua av for eksempel overvatn og flaum. Det er ikkje noko nytt, men med eit villare og våtare klima blir utfordringane knytt til ekstremver større. Fortetting i stasjonsbyane kan også ha følgjer for kor godt eit område tar imot nedbør.

Vass- og avløpshandtering må handtere dei normale nedbørsmengdene i samsvar med vedtekne retningslinjer for dimensjonering. Sidan 2011 har Hå kommune hatt ein vass- og avløpsnorm som er utarbeidd i samarbeid med andre kommunar på Jæren.


Eigedomsavdelinga har signert kontrakt med Niras AS om energimerking, energikartlegging og utarbeiding av grunnlag for avgjerd om vidare arbeid. Det blir arbeidd med å skaffe informasjon om bygga.




Dette leverer vi

Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennande ting skjer. I denne delen av årsmeldinga går me inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og i stabsområdet. Som innleiing viser me samla oversikt over drifta i tenesteområda. Til saman vart netto driftsrammer 985 millionar kr i 2018.

Tenesteområda sine netto rammer Utgifter, inntekter og resultat 2018



Resultat per innbyggjar / nøkkeltal



Opplæring og kultur

Barnehagebruksplanen og skulebruksplanen vart reviderte og vedtekne i 2018. Me er i gang med ei felles satsing på inkluderande barnehage- og skolemiljø, der to barnehagar og to skular er med. Rettleiarkorpset er inne for å hjelpe skulane med å motivera elevane meir for læring. Me er snart i mål med eit stort prosjekt saman med tenesteområde for helse og sosialsaker for å betre det tverrfaglege arbeidet med barn og unge. I 2018 vart det vedteke å auke stillinga i prosjektet «ALLEMED i Hå», som skal inkludera barn i fattige familiar og innvandarfamiliar i fritidsaktivitetar til ei full, fast stilling. Det er vedteke at Hå opplæringsssenter blir lagt ned. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle, å formidla kunst og kulturarv og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.

Mål og prioriterte oppgåver

Alle barn skal oppleve læring og meistring kvar dag. Nye bemanningsnormar i barnehage og skule gjer at me framleis må arbeida med å rekruttera og behalda personell med godkjent utdanning, samstundes som me styrker formell kompetanse i eksisterande arbeidsstokk. Vidare er det sterkt fokus på barn og elevar sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Dette er eit arbeid som blir gjort saman med dei andre kommunane i jærskulesamarbeidet.

Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Opplæring og kultur Millionar kr	Rekneskap			Budsjett	
	2016 **)	2017	2018	2018*)	2018
Driftsutgifter	623,1	566,1	590,5	571,9	534,8
Driftsinntekter	-150,0	-131,8	-138,0	-126,8	-95,1
Netto ramme	473,1	434,2	452,5	445,1	439,8

*) Budsjett inkl. endringar

**) inkl. eigedomsavdeling

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit meirforbruk (underskott) på 7,4 millionar kr i 2018, mot eit meirforbruk (underskott) på 0,4 millionar kr i 2017.

Barnehage hadde samla sett eit meirforbruk i forhold til budsjett på om lag 3,9 millionar kr. Dette skuldast blant anna fleire små barn i barnehagane enn budsjettert, fleire som får redusert foreldrebetaling og auka kjøp av barnehageplass i andre kommunar.

Skule hadde samla sett eit meirforbruk i forhold til budsjett på om lag 3,6 millionar kr. Dette skuldast blant anna lågare inntekter til opplæringsenteret, fleire Hå-elevar som får spes.ped. på private skular eller i andre kommunar og lågare refusjonar frå andre kommunar

Kultur hadde samla sett eit lite mindreforbruk, blant anna fordi dei fekk auka tilskott til aktivitetar.

Tenesteområdet hadde eit godkjent driftsbudsjett på 492,8 millionar kr i 2017 samanlikna med 445,1 millionar kr i 2018. Talet er om lag 55 millionar kr lågare fordi eigedomsavdelinga vart skilt ut.

Barnehage

Mål og prioriterte oppgåver

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande hovudmål for barnehagane:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle barn i barnehagane i Hå skal oppleve læring og meistring kvar dag.

Kompetanseheving

Det føregår naudsynt kompetanseheving på ulike plan og nivå. All kompetanseheving skal vera i tråd med strategien frå kunnskapsdepartementet, «*Kompetanse for framtidens barnehage, 2018-2022*».

For å nå måla i *Rammeplan for barnehage* og Kommuneplan 2014-2018, må me arbeida gjennom dei tilsette i barnehagen. Kommunen legg til rette for å løfta leiarkompetansen til styrarane. Styrarolla er i endring, og det kjem stadig nye og tydelegare krav til leiarrolla. Me arbeider med å styrka styrarolla, og oppmodar styrarar til å ta styrarskulen. Det ligg også stor verdi i leiarteam som arbeider saman om prosess og måloppnåing for barnehagen. Barnehagane arbeider derfor for å vidareutvikla og styrka leiargruppene.

Det er etterspørsel etter meir kompetanse og utdanning frå tilsette i barnehagen. Ved utgangen av 2018 hadde om lag 33 prosent av dei tilsette godkjent pedagogisk utdanning. Sidan kravet til godkjent pedagogisk bemanning auka frå 33 til 43 prosent frå august 2018, har me framleis behov for fleire barnehagelærarar. Om lag 15 assistenter med fast tilsetting, og som er i utdanning, skal etter planen vera ferdig utdanna våren 2019. Ut frå det barnetallet me har i dag, vil kommunen då mangle i underkant av 10 barnehagelærarar.

Dei siste åra har behovet for å rekruttera fleire spesialpedagogar blitt synleggjort i Opplæringsplanen. Me har nå fire pedagogar som har masterutdanning innanfor spesialpedagogikk og to som avsluttar utdanninga våren 2019.

I fem år har det vore eit konstruktivt og godt interkommunalt samarbeid for assistenter som ønskjer fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Siste kull med 16 kandidatar starta i februar 2018. I Hå har nå rett i underkant av 30% av assistentane fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Dette er den høgaste prosentandelen samanlikna med dei tre andre jærkommunane.

Det føregår nødvendig kompetanseheving på ulike plan og nivå. Det viktigaste er likevel at all ny kompetanse blir implementert i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

Kommunane har fram til 2018 søkt Fylkesmannen om statlege tilretteleggingsmidlar. Frå 2019 blir det endring i tildelinga av statlege midlar til lokal kompetanseheving. Me er nå

pålagt å utvikle regionale nettverk og samarbeidsfora. Me skal likevel framleis ta utgangspunkt i den statlege strategien «*Kompetanse for framtidens barnehage, 2018-2022*».

Kva kan gjerast betre?

I juni 2018 vart revidert Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021 vedteken i kommunestyret. Planen gjer retning og mål for det pedagogiske arbeidet. Kvalitetsplanen er eit nyttig, konkret og felles styringsverktøy for å auka kvaliteten på det pedagogiske innhaldet. Barnehageåret 2018/2019 har barnehagane i kommunen «Leiing i alle ledd» som felles fokusområde. Fokus på leiing i barnehagen er eit kontinuerleg arbeid og har innverknad for barn sin trivsel, utvikling og læring. Personalet i barnehagen har ansvar for å leggja til rette for struktur, forutsigbarheit og tydelege rammer. Barn treng å kjenna at den vaksne er fast og tydeleg, men samtidig god. Gjennom leiing må me ha fokus på å skapa ein positiv og støttande relasjon i alle ledd. Leiar, saman med sitt personale, må vera motiverte og ha tydelege forventningar til kvarandre og til det enkelte barn. I inneverande barnehageår legg me derfor til rette for felles kurs og kompetanseheving innanfor dette området.

Barnehagesektoren i Hå hadde saman med Arbeidslivsenteret eit større prosjekt for å redusere sjukefråveret. Prosjektet viste til gode resultat. Etter avslutta prosjekt fekk me ein liten oppgang i sjukefråveret. Det vart av den grunn etablert ei ny prosjektgruppe, denne gangen med fire barnehagar. I desse barnehagane ser me igjen effekt og reduksjon i sjukefråveret. Frå 4. kvartal 2017 til 4. kvartal 2018 vart det totale sjukefråveret i desse barnehagane redusert med 6,2 prosentpoeng.

Viktigaste hendingar og resultat

Leiarutvikling for styrarar

- Jamne styrarmøte med leiarfokus, prosessarbeid og informasjon.
- Halde fram med jamne profesjonsmøte for styrarar i faste grupper. Målet er mellom anna å halda oppe fokus på leiarrolla.

Rekruttering og tiltak for å behalde barnehagelærarar

- Fast tilsette som tek barnehagelærarutdanning (deltid) kan få kommunalt stipend.
- Alle nye barnehagelærarar er med i eit kommunalt leiatreningsprogram «Ny som pedagogisk leiar». Bjørnson Organisasjonspsykologene er aktivt inne i dette programmet.
- Alle nyutdanna barnehagelærarar har lokale rettleiarar.
- Tilby felles kommunal kompetanseheving for å styrke leiarrolla og som er knytt til fokusområdet «Leiing i alle ledd».

Kompetanseheving for assistenter

- Eit femårig interkommunalt samarbeidsprosjekt som har lagt til rette for å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar vart avslutta i desember 2018.

Andre hendingar

- Vigrestad barnehage vart tatt i bruk frå august og formelt opna av ordførar 22. august.
- Barnehageåret 2018/2019 er fokusområdet «Leiing i alle ledd», jf. Kvalitetsplan for barnehage. I dette arbeidet er målet at barn i barnehagen skal kjenna at det er

betydningsfullt. For å få det til treng me leiarar og tilsette som kan skapa positive og støttande relasjonar i alle ledd.

- Fleirspråkleg rettleiar fortsetter arbeidet med «*Dialogisk lesing*» og mindre grupper med minoritetsspråklege barn i ulike barnehagar. Om lag 60 minoritetsspråklege barn deltok førre år. Gruppene går over ein periode frå fem til tolv månader.
- I november gjennomførte barnehagane ei brukarundersøking frå utdanningsdirektoratet. Me fekk ei oppslutning på 72,8%, noko me er godt nøgde med. Dette gjer eit godt grunnlag til å analysera kvalitet på det faglege innhaldet i barnehagen.
- Den totale brukartilfredsheten for barnehagetilbodet i Hå har eit gjennomsnitt på 4,5, noko som er identisk med det nasjonale gjennomsnittet. Brukarundersøkinga er open og tilgjengeleg for alle interesserte på barnehagefakta.no.
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø er ei nasjonal satsing i arbeidet for trygge læringsmiljø i barnehagar og skular. Dei fire jærskulekommunane har det siste halvanna året delteke i pulje 2. Me har fått plass til to barnehagar og to skular frå kvar kommune. Det er eit inspirerande prosjekt som gjer god og naudsynt kompetanseheving. Deltakarane har jobba med tema som læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. Hå kommune søker om ny deltaking i pulje fire, som starter neste barnehageår.
- I 2018 var Hå ein av 22 kommunar som vart oppmoda av utdanningsdirektoratet til å søke om ressursar for å få fleire minoritetsspråklege barn i barnehage. Det vart laga ein brosjyre med enkel informasjon om barnehagetilbod og språkutvikling. Brosjyren vart spreidd til ulike aktørar i kommunen, deriblant alle helsestasjonar. Ressursane vart også nytta aktivt på open barnehage både på Nærbø og Varhaug.



Skule

Mål og prioriterte oppgåver

Kommunen sitt hovudmål med skulane er i tråd med Kunnskapsløftet (K06), kommuneplanen 2014 – 2028, «Kvalitetsplan for skulane i Hå» og for Jærskulen sitt grunnlagsdokument:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og mestring kvar dag.
- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Hå kommune har dette året laga ein utviklingsplan som er meir spissa enn «Kvalitetsplan for skulane i Hå». For skuleåret 2018/2019 er “elevmotivasjon” og “lærelyst” hovudsatsingsområde.

Hå kommune har eit klart uttalt mål om at me skal styrke det faglege nivået og læringsmiljøet i skulen, slik at me er på nasjonalt nivå når det gjeld nasjonale prøvar, avgangskarakterar, motivasjon og læringsmiljø .

Over tid har elevane i Hå kommune ikkje hatt gode nok resultat innan grunnleggjande kompetanse og elevane sitt læringsmiljø. Gjennom resultat på nasjonale prøvar og elevundersøkinga, ser me at kommunen har størst utfordringar innan lesing og engelsk på 5. trinn, og motivasjon/trivsel på ungdomstrinnet. Dette er område som me har hatt eit ekstra fokus på i 2018 i samband med at me har fått hjelp frå rettleiarkorpset. Dette er ei toårig nasjonal støtteordning for kommunar som har utfordringar. I 2018 har me etablert samarbeidet og starta oppfølginga av skulane. Fokuset for 2018/2019 er motivasjon og lærelyst. Sjølv om endringar og resultatforbetring tek tid, har me god tru på at satsinga vår på motivasjon og lærelyst vil betra resultata på sikt, og at me til sist vil få fleire elevar til å gjennomføra vidaregåande opplæring.

Hå kommune har i fleire år hatt fleire ufaglærte lærarar samanlikna med landssnitt og nabokommunane. Me har også mange godt vaksne lærarar. Me har arbeidd aktivt med å rekruttera fleire faglærte lærarar i 2018 og er nå oppe i om lag 94% med godkjent kompetanse. Eit av måla i Jærskulesatsinga er at me finn og gjennomfører konkrete tiltak for å få kvalifisert personell i skulane.

Elevane sitt psykososiale miljø er ein viktig faktor i all læring. Dersom elevane ikkje trivst, er dei heller ikkje motiverte for læring. Utdanningsdirektoratet innførte nye reglar på området i august 2017. Desse gjer at skulane må arbeide meir planmessig og aktivt for å hindra mobbing og utrygge skolemiljø. Fokus ligg på førebyggande tiltak og handling dersom mobbing vert avdekkja. Me er glade for at me ser ei betring i mobbetala hjå oss. Elevundersøkinga frå hausten 2018 viser at me er på om lag landssnitt i talet på elevar som opplever å verta mobba. Sjølv om me ser betring, må me arbeida vidare. Ein elev som opplever å verta mobba, er ein for mykje. Me har to skular og to barnehagar som i 2018 starta opp med den nasjonale satsinga “Inkluderande barnehage- og skolemiljø”. Dette gjer

oss fagleg påfyll og ny kunnskap. Hå kommune er så nøgd med satsinga at me har søkt om å få koma med i neste runde også, som startar opp neste skuleår.

Bruk av IKT og ny teknologi vert stadig viktigare i skulen. Hå kommune er inne i ei opptrapping der alle elevar og lærarar vil ha sin eigen Chromebook i løpet av våren 2019. Dette gir lærarane mange muligheter, men også utfordringar. Å læra elevane nettvett og rett bruk av IKT er eit viktig tema på skulane.

Viktigaste hendingar og resultat

Ogna skule

Nye Ogna skule er ein 1-10 skule for 300 og vart opna 3. januar 2018. Me er særstakt nögd med dette flotte bygget. Både elevar og tilsette har fått eit flott og tidsriktig bygg med eit veldig bra uteområde. Etter eitt års bruk ser me eit funksjonelt bygg med flott bibliotek. Her trivst både elevar og lærarar.

Jærskulen

Utviklingsarbeidet i skulane er sett inn i ramma til Jærskulen, med nettverkssamlingar på tvers av kommunane. Det er både lærarsamlingar og leiarsamlingar. Jærskulen har fokus på rektor som pedagogisk leiar for læringsarbeidet, med mål om betre læringsutbyte. Me har i 2018 hatt fokus på lærarnettverk i Jærskulen. Alle lærarane i kommunen har jamlege faglege treff med lærarar frå andre skular i jærskulesamarbeidet.

Elevane sitt psykososiale miljø

Kommunen har, saman med Jærskulen, stort fokus på elevane sitt psykososiale skolemiljø. Jærskulen har og utvikla ein nettportal for trygt skalemiljø www.tryggskule.no. Denne portalen nyttar skulane aktivt. Ny forsking på mobbing og godt elevmiljø krev oppdatering. Me er difor glade for og ser mye av den nasjonale satsinga "Inkluderande barnehage- og skalemiljø" som me deltek i.

Kompetanseheving

Lærarane og skuleleiarane sine faglege kvalifikasjonar vert styrka gjennom satsinga på kompetanse for kvalitet, rektorskulen og gjennom kurs og konferansar. Hå kommune har inneverande skuleår 15 lærarar som deltek på «Kompetanse for kvalitet», som er eit nasjonalt satsingsområde. Fleire av desse går på studiet gjennom den statlege stipendordninga. Dette gjer oss kompetanse utan at det kostar kommunen noko.

Gjennom jamne lærarnettverk i kommunen har me satt fokus på kompetansebygging innan IT-satsinga. Me opplever dette som positivt og lærarane får utvida kompetansen på tvers av skulane i kommunen.

Rekruttering

Det har vore arbeidd med rekruttering, gjennom konkrete tiltak, for å få tilsett kvalifisert personell i skulane. Dette er eit samarbeidsområde i Jærskulen. Det er dette skuleåret om lag 6% av lærarpersonalet som er ufaglært. Dette er ei betring på 5 prosentpoeng frå året før. Dette er me svært glade for. Dei lærarane som ikkje har godkjent utdanning har i stor

grad ulik fagkompetanse, men manglar utdanning innan pedagogikk. Kommunen oppmodar denne gruppa til å ta den utdanninga dei har behov for.

Europeisk samarbeidsprosjekt for skular

Europeisk samarbeid kan utveksle erfaring og arbeidsmetodar. Kommunikasjonen mellom elevane og skulane føregår på engelsk eller tysk, og mykje via Internett. Dermed vert dei fleste elevane meir motiverte til å læra seg både framandspråk og bruk av IKT.

Varhaug ungdomsskule er med i "Visions of my "future-me" - eit stort treårig europeisk skulesamarbeidsprosjekt med skular og elevar frå heile 6 land. Prosjektet er støtta av EU sitt utdanningsprogram Erasmus+. Prosjektet handlar mellom anna om lokal og europeisk identitet.

Hovudmålet for prosjektet «Critical Literacy and Awareness in Education», er å styrka kritisk tenking og refleksjon hjå elevane. Prosjektperioden varer frå 2016 til 2019. Frå Hå kommune deltek Varhaug skule. Den franske kommunen Dunkerque er samarbeidspartnar.

Analyse av resultat 2018

Me vil her visa til rapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2018», som vart lagt fram på fellesmøte for dei politiske utvala i februar 2019. Rapporten vert og lagt fram for kommunestyret i mars 2019. Me ynskjer likevel å kommentera nokre resultat frå rapporten:

Fagleg nivå.

Elevane i kommunen blir målt på dei nasjonale prøvane på 5. og 8. trinn. Kommunen gjer det totalt sett betre på rekning. Ser ein resultata over dei siste tre åra ser me klare teikn til betring. Me klarer å løfta fleire elevar ut frå det svakaste nivået. Det er me glade for . Elevane i kommunen presterer jamt over svakare enn dei andre kommunane i Jærskulen på dei nasjonale prøvane i lesing og engelsk.

Læringsmiljø

Skalaen på elevundersøkinga går frå 1-5, der 5 er beste resultat. Unntak er «mobba av andre elevar på skulen» kor låg verdi er positivt. Kjelde: www.skoleporten.no

Elevundersøkinga 7. trinn haust 2018	Gjesdal kommune	Hå kommune	Klepp kommune	Time Kommune
Støtte frå lærar	4,4	4,4	4,4	4,4
Vurdering for læring	4,0	3,8	3,8	3,8
Læringskultur	4,1	3,9	4,1	4,1
Mestring	4,1	4,1	4,0	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	4,0	3,9	3,7	3,8
Motivasjon	3,7	3,7	3,7	3,8
Mobba av andre elevar på skulen	1,4	1,4	1,3	1,3

Elevundersøking 10.trinn haust 2018	Gjesdal	Hå	Klepp	Time	Nasjonalt snitt
Støtte frå lærar	3,9	4,0	4,0	4,1	4,0
Vurdering for læring	3,2	3,3	3,2	3,3	3,3
Læringskultur	3,7	3,8	3,9	3,9	3,8
Meistring	3,9	3,9	4,0	3,9	3,9
Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,4	3,2	3,4	3,4
Motivasjon	3,3	3,2	3,4	3,4	3,5
Mobba av andre elevar på skulen	1,4	1,2	1,2	1,1	1,3

Læringsmiljø er eit kjerneområde for å få til gode læreprosessar. Alle faktorar i tabellane over er viktige i høve eit godt læringsmiljø og god læring. Hå kommune ligg her om lag på same nivå som dei andre kommunane i Jærskulen. Me har tidlegare sett at Hå kommune har hatt dårlegare tal for mobbing. Det er gledeleg å sjå at mobbetala på 7. og 10. trinn ligg på same nivå som nabokommunane og nasjonen elles. Me veit og at motivasjon er ein nøkkel for auka læring. Her rapporterer elevane at dei, spesielt på 10. trinn, er mindre motiverte enn elevane i nabokommunane og landet elles. For låg motivasjon har vore ei trend i Hå kommune. Dette er eit av områda me får hjelp og støtte av rettleiarkorpset på.

Kompetanse og utdanning

Prosent årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning i 2018, nasjonalt, Rogaland, våre kommunar, kjelde GSI:

	2014/ 2015	2015/ 2016	2016 /2017	2017/ 2018	2017/ 2018
Nasjonalt	96,8	96,7	96,0	95,5	95,6
Rogaland	96,1	95,7	95,5	95,0	95,3
Gjesdal	95,8	94,3	95,3	95,3	97,1
Hå	91,0	89,6	90,8	89,8	94,1
Klepp	94,5	96,1	95,1	95,6	94,6
Time	93,3	92,0	95,8	94,2	94,0

Tabellen viser at Hå kommune nå er på nivå med nabokommunane i høve andelen utdanna personale.

Kva kan gjerast betre?

Kommunen og rettleiarkorpset har hatt tett oppfølging med skulane i 2018. Dette arbeidet vil fortsetja i 2019. Skulane må både støttast og utfordrast. Tenesteområdet vil ha fokus på skuleutvikling i kommunal regi og gjennom Jærskulen. Dei måla som ligg i mål- og prinsippdokumentet til Jærskulen må haldast fram og tydeleggjerast. Hå kommune må også skapa ein stø grunnmur for skulane i Hå. «Kvalitetsplan skule» vart laga i 2017. Me spissa satsinga vidare i 2018 gjennom vår utviklingsplan. Desse planane set tydelege forventningar til skulane. Planane har fokus på dimensjonane læringsmiljø, motivasjon, undervisningspraksis, læringsresultat og organisasjon og leiing.

For å heva kvaliteten i skulen og få resultata opp på nasjonalt nivå, er vidareutdanning og kompetanseheving av lærarar viktig. Me må få så mykje kompetanse som råd er ut frå dei midla me nyttar. Skuleåret 2018/2019 deltek 15 lærarar i det nasjonale tilbodet "Kompetanse for kvalitet".

Talet på elevar som vert mobba skal ned til under nasjonalt nivå. Me vil fortsetja arbeidet med førebyggande tiltak og tidleg handtering. Jærskulen sitt arbeid og fokus på eit trygt skulemiljø, gjennom nettportal, beredskapsteam og mobbeknapp vil hjelpe oss med å halda retninga i 2019. Kommunen sitt mål om å betra motivasjon og læringslyst vil og ha innverknad her.

Når det gjeld Chromebook, vil me ha ei dekningsgrad 1:1 for både elevar og lærarar i løpet av våren 2019. Dette vil leggja eit godt grunnlag for auka læring og betra motivasjon. For å sikra at innhaldet også blir godt, legg skulesjefen opp til kommunale nettverkssamlingar der lærarar skal lære av kvarandre. Saman med superbrukarar på kvar skule vil me sikra eit felles løft for lærarane, som igjen vil sikre god pedagogisk bruk av digitale hjelpemiddel i skulekvardagen.

PPT må oppretthalde sitt fokus på det systemretta arbeidet for å hindra at fleire elever treng spesialundervisning. Elevar med enkeltvedtak låser mykje av dei tildelte ressursane til skulane, noko som fører til at fleksibiliteten i den ordinære undervisninga vert dårlegare.



Kultur

Mål og prioriterte oppgåver

- Utvikla biblioteket som møteplass og som arena for læring, oppleving og debatt.
- Ha varierte og aktuelle tilbod om fritidsaktivitet til alle, med særleg vekt på barn og unge og til menneske som av ulike grunnar treng særleg støtte.
- Ta vare på og formidla kulturarven, gjennom arrangement, produksjonar og vedlikehald av verdfulle faste kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard.
- Støtta opp om arbeidet i organisasjonslivet. I kommunen er det mange veldrivne organisasjonar, idrettsanlegg og kulturbygg. Frivillige lag og organisasjonar knytt til bygga har nærmere 7000 medlemmar under 19 år. Det blir lagt ned om lag 145 årsverk i dugnad.

Viktigaste hendingar og resultat

Biblioteka

- Det totale utlånet i biblioteka gjekk ned med 6,7% i 2018, medan besøket gjekk opp med 13,8%. Utlånet av e-bøker gjekk opp med 12,3%. I løpet av året var det 173 skule- og barnehagebesøk.
- Biblioteket på Vigrestad har vært stengt heile 2018 grunna at oppussinga av Meieriinternatet, der biblioteket skal flytta inn, har tatt lengre tid enn antatt.
- Ogna bibliotek flytta inn i nye gode lokale på Ogna skule ved årsskiftet 2017/2018.
- Sommaren 2018 gjennomførte biblioteket lesekampanjen «Sommarles». Om lag 60% av alle skulebarn i Hå var med.
- Biblioteket har hatt mange store og små arrangement i løpet av året. Dei fleste av desse er støtta økonomisk av Fritt Ord, Nasjonalbiblioteket og Rogaland fylkesbibliotek.

Kulturtorget

- Besøket i Lensmannsløa ungdomsklubb er på om lag 60 pr. klubbkveld. Alle aktivitetar og varm mat er gratis. Dette betyr at alle kan vera med. Det er Frifond som støttar dette.
- I 2018 har det vore nokre ungdomskveldar på kafè Torjå på Vigrestad, mellom anna sommarkino og tur til Kongeparken. Høgaste besøk var 40.
- Besøket i Loen ungdomsklubb kan vera på opp mot 80 – 90 pr. kveld. Det har vore til god hjelp at me fekk to lærlingar i klubbane. Likevel er det ei utfordring når besøket stadig aukar i klubbane, medan talet på fast tilsette er på same nivå.
- Ungdomsrådet hadde i 9 styremøter i 2018. Ungdomsrådet var mellom anna representerte på Jærmessa og på Ungdommens fylkesting i Haugesund. I samband med Verdsdagen for psykisk helse vart det arrangert ein kveld med temaet «Raus», med høgt besøkstal, konkurransar og turneringar.
- A-laget og Vennegruppa, som er for unge som treng ekstra støtte i høve til fritidsaktivitetar, har 17 deltagarar. Det har vore kontaktkonferanse for unge som treng tilrettelegging og samling for støttekontaktar. Kulturafeen har hatt ei lita auke i besøk.
- Det er gjennomført 4 allsangprogram pr. månad på sjukeheimen, dels i 4. etg. og dels på dagsenteret. Syng deg glad - programmet har vore på 16 institusjonsbesøk.
- Fredagsafeen Ståvå hadde 29 arrangement. Gjennomsnittleg besøkstal var 50.

- Kulturskulen hadde på det meste 489 elevplassar i aktivitet. Kulturskulen har vore involvert i fleire store produksjonar, mellom anna musikalen «Honk jr.» og produksjonar i samarbeid med Opera Rogaland.
- Kulturskulen bidrog med produksjonar for Den kulturelle spaserstokken, Den kulturelle skulesekken og festivalen Ogna Gje Jazz. Kulturskulen var også aktiv med kunstnarisk innhald på Tall Ships Races i Sirevåg sommaren 2018.
- Kulturskulen har særleg fokus på særskilte grupper som treng kulturtilbod. Gjennom prosjektet «ALLEMED i Hå» har fleire elevar fått eit undervisningstilbod. Kulturskulen har også tilrettelagt musikktildot til elevar ved ATO ved Bø skule, elevar frå dagsenter og språkstasjon og faste bandaktivitetar for ungdom i Loen Ungdomsklubb.

Kulturvern, Hå gamle prestegard og Obrestad fyr

- På Hå gamle prestegard vart det vist 16 utstillingar. Hovudsatsing i 2018 var «AVTRYKK» som omhandla grafikkhistorie og gruppeutstillinga med teikning kalla «PARABIOSE». Grunna innsparingar vart det redusert med to utstillingar frå 2017.
- På Hå gamle prestegard var det 35 arrangement, som vandring i utstillingane, fredag i kaféen, foredrag og konserter, mellom anna stor sommarkonsert med Tønes. Best besøkte var Haustmarknad, Halloween og 2. påskedag for familiar.
- Prestegardshagen vart opparbeidd på nytt, ved hjelp av tilskot frå SR-bank.
- Kafèdrift med lokal mat på Hå gamle prestegard har blitt eit populært tilskot til drifta. Publikum i dag er kravstore og forventar kvalitet i alle ledd. Tilbakemeldingane på kaféen er gledeleg gode.
- Toaletta i hovudhuset vart renoverte og taket på hovudhuset utbetra.
- På Obrestad fyr heldt ein fram med kalking og fyrlykta vart utbetra (jf. Handlingsplan 2014 – 2020).
- På Obrestad fyr vart det starta samarbeid med UiS, Equinor og Norce angåande forsøk med vindmåling, i forskingsaugemed (haust 2018 – haust2019).

Internasjonalisering, friluft og anna

- Våren 2018 vart det gjennomført eit prosjekt kalla «Mi stemme – Mi forteljing». Dette hadde fokus på kvinner med fleirkulturell tilknyting, busette i Hå. Kvinnene var med på eit forteljarkurs og ei førestilling der dei snakka om bakgrunnen sin, i biblioteka på Nærbø og Ogna.
- I alt 18 seglskuter var med på Tall Ships Races i Sirevåg 23.-24. juli. I tillegg til folkefesten i Sirevåg ga Hå kommune, i samarbeid med lokale sponsorar, eit tilbod om 5 dagars seglopplæring på Statsraad Lehmkuhl for 12 ungdommar frå Hå. Dei reiste saman med ein ungdomsleiar frå Esbjerg til Stavanger.
- I 2018 var det 159 nye deltakarar i Folkepulsen. Dei store idrettslagene og Ogna golfklubb er med på dette.
- Turstiane langs Kongevegen og i Synesvardenområdet har blitt vedlikehaldne. Merking og informasjonsskilt er fornya. Det har kome ny bru og oppmerking frå Madland til Hårr. Elevar ved Møllerhaugen og deltakarar i Ungdom ut i arbeid-prosjektet har vore med på mykje av arbeidet.

Kva kan gjerast betre?

Utlån og besøk i biblioteket gjekk ned også i 2018. Dette skuldast mellom anna at Vigrestad var stengt og nedskjeringar i personalressurs. Me måtte også redusera opningstidene.

Hå kommune sin modell med mange filialar er kostnadskrevjande. Det bør vurderast automatisering av tenester, slik at ein kan halda lenger oppe. Investeringskostnader kan koma opp mot 0,8 millionar kr per filial. Dette fører ikkje nødvendigvis til mindre driftskostnader, men me får auka opningstidene og gje betre service til innbyggjarane. Automatisering kan ikkje erstatta den gode bibliotekaren, med brei kunnskap til å rettleia brukarane. I biblioteket er berre ein del av tenestene utlån av bøker. Det er utlån som kan automatiserast.

Fotosamlinga til Hå kommune er digitalisert, men det står igjen å registrera opplysningar til kvart bilde. Dette er eit omfattande arbeid og ressursane til biblioteket strekk ikkje til. Av den grunn har me engasjert ei lita gruppe pensjonistar til å starta opp arbeidet på frivillig basis. Me ser at dette vil ta lang tid.

Det ligg eit stort potensiale i å nytta anlegga på Hå gamle prestegard og Obrestad fyr meir aktivt. Eitt av tiltaka er å isolera løene og innreia til større arrangement og klasserom. Det er sett av midlar til dette i 2020. Isolering vil også hjelpe på varmetap i bygga. Vedlikehald er eit kontinuerleg arbeid, som vert høgt prioritert, det same er brannsikring.

Frivilligsentralen har hatt ein tilsett. Dette gjer sentralen sårbar og utan støttande fagmiljø. Organiseringa bør knytast opp mot eit større nettverk, med deltaking i faglege utval og prosjekt. Sentralen bør også involverast meir i arbeid som er førebyggjande og med folkehelse. Det ligg også eit stort framtidig potensiale i frivillig arbeid opp mot tenester som kan løfte livskvaliteten til eldre. Av den grunn er Frivilligsentralen frå årsskiftet 2018/2019 flytta over til tenesteområde for helse og sosial.

Besøket i klubbane i Loen og Lensmannsløa er gledeleg høgt. Ungdom kjem frå alle bygdene i kommunen og finn seg godt til rette. Men det høge besøkstalet set også eit alt for stort press på dei tilsette. Lærlingar har vore eit godt tilskot. I tillegg må me bruke ekstrahjelpmidlar. Det vert sakna tid for ungdomsleiaren til samtale og roleg samvær med ungdommane, for å skape eit fagleg forsvarleg og trygt miljø.

Me vil halde fram med gratis mat og aktivitetar på klubbkveldane (støtta av Frifond). Å eta saman fører til høg grad av inkludering og gir ei god og trygg stemning. Mange ungdommar treng akkurat dette.

SLT - samordningsmodell for lokale, førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet Målgruppa er barn/unge 0-20 år.

Viktigaste hendingar

- Samarbeidsavtale mellom Sør-Vest politidistrikt og Hå kommune i samband med nærpoltireforma ferdig underskriven. Politikontakt er på plass.
- Sør-Vest politidistrikt sine kartleggingar viser at det er ei auke i registrert kriminalitet blant dei yngste ungdommane, spesielt vinning, hærverk og narkotika. Filming av vald og spreiling av seksualiserte biletar på sosiale medier er også tendensar me ser i Hå.
- Det tverrfaglege samarbeidsprosjektet har resultert i utarbeiding av ny samarbeidsmodell mellom *opplæring og kultur og helse og sosial*. SLT inngår i denne modellen. Ressursgruppene i barnehagane og skulane er sentrale i forhold til å fanga opp barn og unge som me er bekymra for. Retningslinjer, informasjonsskriv o.a. er utarbeida.
- Det er signert ny samarbeidsavtale med Konfliktrådet i Sør-Rogaland.
- SLT har utarbeida rutinar for kva ein gjer når nakenbilete/uønska biletar og filmar vert spreidd på sosiale medier, og har hatt foredrag for alle ungdomsskuleklassane i Hå.
- SLT har delteke på arrangementa ved *Verdensdagen for psykisk helse* både på ungdomsskulane i Hå og på Bryne vidaregåande skule. SLT har saman med politi og helsesøster hatt foredrag for russen, delteke i samtalegrupper for ungdom i ungdomsskulen, hatt foredrag om mobbing i Barneskulen og har delteke saman med politiet med foreldreforedrag om ungdom og rus.
- Samarbeidet SLT-Jæren er reetablert.
- SLT er representert i beredskapsteam mot mobbing, er med på etablering av natteramnsordning saman med kultur og fritid og FAU ved ungdomsskulane, og er med i kommunen sitt team som jobbar i forhold til urovekkande skulefråvær.
- SLT har jobba inn mot negative ungdomssmiljø, både på Varhaug og Nærbø, og det er etablert samarbeid om utfordrande ungdommar på tvers av kommunegrensene.
- SLT følgjer opp ungdommar på frivillige ungdomskontraktar, påtaleunnlating med vilkår og ungdomsoppfølging.
- SLT har etablert eit betre samarbeid mot Bryne vidaregåande skule, og har arrangert «Bli kjent kveldar» i overgang barneskule og ungdomsskule saman med fritidssektoren.
- SLT er ansvarleg for å arranger temakveldane for foreldre; *Saman om god oppvekst!*, i skular og barnehagar. Første gong arrangert i 2010, men framleis er det god oppslutting om tiltaket.
- *Flexid* er ein metode for at krysskulturelle barn/unge, barn som kjem frå to eller fleire kulturar, skal føla tilknyting og verta bevisste eigen identitet. Hå kommune har tre personar som får kompetanse for å kunna ha slike kurs for våre krysskulturelle barn/unge.

Kva kan gjerast betre?

Vår erfaring er at det er ei klar negativ trend når det gjeld ungdom og rus.

Ungdataundersøkinga våren -19 vil gje eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare førebyggande arbeid. Det må brukast tid til å finna ut korleis me kan førebygga betre. Det er nødvendig å få foreldra med på laget for å lykkast i dette arbeidet. Kommunen må sjå om ressursane vert brukt rett i forhold til unge, rus og kriminalitet.

ALLEMED i Hå

Målet med ALLEMED i Hå er at alle barn/unge skal delta i minst ein fritidsaktivitet uavhengig av foreldra si inntekt. Om lag 90 barn frå ulike kulturar har kome i gang med ein fritidsaktivitet etter at prosjektet starta hausten 2017. Skal desse barna bli sosialt inkluderte i lokalsamfunnet, blir det å læra seg norsk språk helt sentralt.

Ved å delta i ein fritidsaktivitet vil barna i større grad få bygga relasjonar og nye vennskap, læra seg norsk og bli sosialt integrerte.

ALLEMED-koordinatoren har besøkt alle skulane/lærarane i kommunen. Fleire av kommunen sine andre tenesteområde er også sentrale i dette arbeidet. Sentrale tenester i forhold til dette er flyktingeneininga, frivilligcentralen, NAV, helsestasjon, folkehelsekoordinator og barneverntenesten. Desse treffer ofte foreldre og barn i målgruppa, og det er sentralt at dei har kunnskap om opplegget ALLEMED i Hå.

ALLEMED-koordinator er brubyggaren som løser barnet vidare til den fritidsaktiviteten som kan vera aktuell. Det har vore eit framifrå samarbeid med dei lokale laga og organisasjonane heilt frå starten av.

Det er laga brosjyrar over fritidsaktivitetane i kommunen og om ALLEMED i Hå.



Foto: Anne Lise Norheim

Helse- og sosialsaker

Meir inntekter og lågare utgifter som følgje av omstilling har gitt eit mindreforbruk i tenesteområdet helse og sosialsaker. Dette har kravd ei nøye vurdering av fordeling av ressursar mellom avdelingane og fleksibilitet frå organisasjonen.

Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla var og for 2018 å sikra dei eldre ein trygg livssituasjon, og sikra eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilte og samansette behov.

Viktigaste hendingar og resultat

Hå kommune har fått innvilga støtte til ein **offentleg ph.d (doktorgrad)**. Dette er eit forskingsprosjekt som Hå har i samarbeid med VID (Vitenskapelige Høgskule).

Ved hjelp av forsking er målet å endra måten me gjev tenester på innan delar av området psykisk utviklingshemma. Me ser veldig fram til dette arbeidet, og det er også historisk at Hå kommune har eit doktorgradsarbeid tilknytt våre kommunale tenester.

Auka bruk av kvalifiseringsstønad (KVP) har ført til lågare utbetaling av sosialhjelp enn budsjettet i 2018.

Ved gjennomgang av rekneskapen til 2 tertial låg tenesta intitusjonspleie an til eit så betydeleg overforbruk at me valde å overføra 4 mill. til tenesta frå andre tenester i tenesteområdet. Leiarane har gjort ein solid jobb med å skaffa ekstra inntekter, og å redusera kostnadane slik at tenesta ved årets slutt hadde eit overskott på 6,6 millionar kr.

I 2018 tok Hå kommune i bruk Digisos. Det vil seia at innbyggjarar som treng sosialhjelp nå kan søkja elektronisk på dette. Hå er 1 av 11 kommunar i Rogaland og 34 i landet som har teke i bruk dette systemet.

Alle privat innleidde bustadar blei avslutta i løpet av 2018.

Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Helse- og sosialsaker Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2016 **)	2017	2018	2018*)	2018
Driftsutgifter	582,0	555,0	581,4	600,0	573,5
Driftsinntekter	-229,4	-221,6	-239,6	-235,0	-215,9
Netto ramme	352,6	333,4	341,8	365,0	357,6

*) Budsjett inkl. endringar

**) inkl. eigedomsavdeling

41,2 % av driftskostnadane vart i 2018 dekka av tilskott og inntekter innan tenesteområdet.

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit overskott på om lag 23,2 millionar kr. kr i 2018, mot 12,5 millionar kr i 2017.

Hovudårsakane til mindreforbruket i forhold til justert budsjett er vist i tabellen nedanfor.

Forklaring	Mill kr	
Administrasjon inkl. adm.bygg	0,8	lønn, utstyr, IT-utgifter 0,4 mill. kr og mindre driftsutgifter bygg 0,4 mill. kr
Institusjonspleie	6,6	Lønnskostnader syner eit meirforbruk på 0,6 mill. kr. Spesielt natt sjukeheimen og Heimtun viser meirforbruk. Driftspostane er stort sett i balanse, mindreforbruk 0,1 mill. kr Eigenbetaling viser mindreinntekt i høve til budsjett på 0,1mill. kr, Heimtun refusjon frå staten, ressurskrevjande og tilskott viser meirinntekt på 3,2 mill. kr, størst avvik er det ved Klokkarhagen og 2 etasje rehab. Refusjon av sjuke/svangerskapsperm og tilretteleggingstilskott har gitt ei meirinntekt på 2 mill. kr. Sal av plasser ved Vinkelbygget har ei meirinntekt på 1,8 mill. kr.
Kjøkken/vaskeri/terapibasseng	1,1	Kjøkken har ei meirinntekt frå sal av mat på 0,5 mill. kr. Vaskeriet har mindreutgift på 0,2 mill. kr. Terapibassenget meirinntekt 0,2 mill. kr. Øvrige tenester har overskott 0,2 mill. kr.
Heimetenestene	1,5	Aktivitetssenteret Klokkartunet mindreforbruk 0,5 mill. kr , heimesjukepleia mindre utgift 0,2 mill. kr og heimehjelp mindreforbruk 0,8 mill. kr.
Funksjonshemma	5,4	Aktivitetstilbud funksjonshemma, mindreforbruk kr 0,8 mill. kr, anna hjelpe i heimen, mindreforbruk 0,8 mill. kr. Støttekontakt og personleg assistent har kvar 0,1 mill. kr i meirforbruk. Funksjonshemma bofellesskap viser mindreforbruk på 4 mill. kr som i hovudsak skuldast meir refusjon.
Barnevern	1,7	Mindreforbruk på tenestene i barnevern for lønn tilsette, besøksheim og tiltak, meirforbruk på tenesta institusjon.
Sosialhjelp	0,9	Mindreutgift sosialhjelp
Helse	1,1	Mindreforbruk på helsestasjon på grunn av ledig heimel, mindre forbruk friskliv og folkehelse.
Legetenesta/Fysio/Ergo	2,3	Meir refusjon leger 1,2 mill. kr. Meirinntekt refusjon fysio 0,6 mill. kr. og mindreutgift akutthjelp 0,4 mill. kr.
Rus/Psykiatri	0,9	Meir tilskott frå staten og noko mindreforbruk rus 0,2 mill. kr og psykiatri 0,7 mill. kr
Transport, lærlingar og bustader	0,9	Mindreutgift transport 0,1 mill. kr. og mindreforbruk lærlingar 0,6mill. kr, meir inntekt utelege kommunale bustader 0,2 mill. kr.
SUM mindreforbruk	23,2	

Helse- og sosialtenesta legg vedtatt kommuneplan om ei bærekraftig utvikling, samt politisk vedtekne fagplanar til grunn for si styring. Det er stor budsjettdisiplin innan tenesteområdet. For å kunna setja inn ekstra ressursar i ei avdeling når det er nødvendig, må me vera nøkterne i det daglege.

Tenesteområdet hadde opphavleg totalt 540,5 stillingsheimlar i 2018 og eit godkjent brutto driftsbudsjett på 616,1 mill. kr (netto ramme 396,4 millionar kr) før flytting av eigedomsavdelinga. samanlikna med 528,9 stillingsheimlar og eit brutto driftsbudsjett på 572,7 millionar kr i 2017 (netto ramme 382 millionar kr).

Klagar

- Innan pleie og omsorg er det tatt imot 1 klage i 2018 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, mot 6 klagar i 2017. Av desse er 3 sendt vidare til Fylkesmannen.

- Psykisk helse og rusvern har tatt imot 1 klage i 2018. Fylkesmannen oppheva vedtaket og bad om ny saksbehandling. Fylkesmannen har ikkje svara på det nye vedtaket. I 2017 tok me imot 1 klage.
- Bustadutvalet har tatt imot 2 klagar på avslag i 2018. Formannskapet som er kommunen sitt klageorgan oppretthaldt begge avslaga.
- Eining for funksjonshemma tok imot 3 klagar i 2018 etter lov om helse- og omsorgstenester. 1 klage er imøtekomen av kommunen, 2 er oppretthaldne og sendt Fylkesmannen. Fylkesmannen har stadfesta kommunen sitt vedtak i begge sakene.
- Kommuneoverlegen har via fylkeslegen tatt imot 12 klagar som gjeld fengselshelsetenesta og 5 klagar som gjeld legekontor/legevakt. Me har behandla 8 saker til NPE (Norsk pasientskadeerstatning). I tillegg har 10 saker vorte løyst på lokalt nivå. I 2017 tok me imot 18 klagar.
- NAV har tatt imot 13 klagar på vedtak der 5 vart omgjort.

Helsetenesta

Legetenesta: Legetenesta i Hå opplever god søknad til faste stillingar og vikariat. I 2018 fekk me dekka alle behov via ordinære tilsetjingar med unntak av sommarvikariat.

Det er berre ledige listepllassar på ny liste oppretta i 2018. Nærø og Vigrestad legekontor har berre sporadisk ledige listepllassar som raskt vert fylte opp av personar på venteliste. Nærø opplever størst pågang av personar som ønskjer fastlege. Alle fastlegane rapporterer om auka arbeidsmengd og oppgåver som blir overført frå spesialisthelsetenesta. Me ser det difor som naudsint å vera merksame på arbeidsmengda.

Legekontoret på Nærø deltek i nasjonalt prosjekt med utprøving av primærhelseteam. I dette prosjektet arbeider sjukepleiar tettare ilag med fastlege om oppfølgingsansvaret .

I 2018 har ein spesialist gått av med pensjon og ein har sagt opp. Av dei fast tilsette legane er 4 av 5 ikkje spesialistar, men som er nær sluttføring. Grunna svangerskapspermisjon og vikariat for tilleggsutdanning har me inne vikarar, alle desse deltek i spesialistutdanning. Legekontoret på Nærø har oppgradert ekspedisjonen, laboratoriet og skiftestova.

Fengselshelsetenesta har to legar fordelt på 70% stilling, 4 heile sjukepleiarstillingar (2 av desse har vidareutdanning innan psykisk helsearbeid), 40% fysioterapeut og psykiater/psykolog i til saman 60% stilling. Psykolog/psykiater er tilsett på SUS.

Legemiddelassistert rusbehandling LAR Stavanger og Lege/teamledar og ruspoliklinikk: begge tenestene fast dag kvar 14. dag.

Den 18.10.2018 inngjekk Helse Stavanger, Kriminalomsorga og Hå kommune v/fengselshelsetenesta avtale om dekning av økonomiske kostnadar ved LAR-medisinering.

I 2018 fekk 48 fangar legemiddelbasert behandling mot kronisk rusmisbruk utskrive frå Helse Stavanger, Helse Fonna og Sørlandet sykehus HF. I 2017 var talet 47.

Fangar med store helseproblem vert plasserte på Åna framfor dei mindre fengsla.

I 2018 vart det gjort 321 innkomesamtalar ved sjukepleiar. I 2017 var talet 465 og i 2016 505. Det fallande talet skuldast aukande lengde på dom og reduksjon av plassar siste del av 2018.

I 2018 hadde 8 fangar trong om tilpassa celle for fysisk funksjonshemming, desse var og avhengig av hjelpemiddel, 1 person får hjelp frå heimesjukepleia utanom fengselshelsetenesta si opningstid. Fengselet hadde 23 innleggingar til sjukehus i 2018.

Legevakta I 2018 tok me totalt imot 24 724 innkomande telefonsamtalar. Hovudvekta av desse er i tidsrommet legevakta på Bekkeheien har bemanning. Gjennom heile året og for heile døgnet varierer delen telefonar som vart svart på innan 2 minutt frå 97 til 99%. Forskriftskravet på 80% svara på innan 2 minutt, er såleis godt oppnådd. For den bemanna perioden ser me at det er stor pågang rett etter legekontora stenger. Dette er noko me må styra på ein betre måte. Hå kommune har levert tilbod til Klepp og Time om drift av felles nattlegevakt, dette er ikkje avklart.

Fysio- og ergoterapitenesta har tatt imot 1706 tilvisingar i 2018, mot 1659 i 2017.

Talet har vore stabilt trass i innføring av direkte tilgang frå 01.01.18 og nyopprettet driftstilskott pr.01.09.18. Talet på tilvisingar til ergoterapeut har auka frå 712 i 2017 til 759 i 2018.

Kommunefysioterapeutar har gitt 6866 individuelle konsultasjonar til 901 pasientar, mot 7062 konsultasjonar til 861 pasientar i 2017. Av desse var 2864 konsultasjonar på institusjon (2794 i 2017) og 448 konsultasjonar til barn vist vidare frå helsestasjonstenesta (375 i 2017).

Ergoterapitenesta har gitt 626 individuelle konsultasjonar i løpet av året, mot 563 i 2017. Syn/hørselskontakt har gitt bistand til 92 brukarar, mot 129 brukarar i 2017.

150 pasientar har deltatt i gruppetrening, 175 pasientar i varmtvassbasseng og 20 barn i terapiriding i 2018.

Individuell Plan: 16 brukarar har ein individuell plan, mot 17 i 2017.

Pr.01.09.18 har me hatt ein fysioterapeut i 100% prosjektstilling til «Utvikling og styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta».

For tenestane ergo- og fysioterapi er det gjennomført brukarundersøking i 2018

Frisklivssentralen har i 2018 hatt 80 tilvisingar mot 88 i 2017. Mange tek sjølv kontakt, men mange vert også vist vidare av lege. Dei fleste som kjem ønskjer oppfølging med fokus på fysisk aktivitet og kosthald, ofte begge delar.

Frisklivssentralen tilbyr trening gjennom Friskliv Jæren som er eit samarbeid mellom frisklivssentralane i Klepp, Time og Gjesdal. Dei har ein felles nettportal «Friskliv Jæren». Hå koordinerer og administrerer tilboden. I 2018 vart det gitt 17 ulike treningstimar i veka i tillegg til bassengtrening i Klepp og Time, og nokre eigentreningstimar drivne av tidlegare deltakarar. Ved utgangen av året var det registrert 249 medlemmar i Friskliv Jæren.

Frisklivssentralen i Hå tilbyr fleire kurs med fokus på å endra levevanar som kosthald, søvn, røyke-/snusslutt og psykisk helse. Me samarbeider også her med dei andre sentralane i Friskliv Jæren. I 2018 vart desse kursa arrangert:

- Bra mat for betre helse, 2 kurs med i alt 30 deltagarar
- søvnkurs, 2 kurs med i alt 14 deltagarar
- KOLS-meistringskurs i samarbeid med Nærland rehabilitering med 8 deltagarar.

Frisklivssentralen bidreg med kurs i kosthald for foreldre og treningar for barna i samarbeidet «Hopp i Hå» saman med helsesjukepleiar og fysioterapiavdelinga.

Miljøretta helsevern. Kommuneoverlegen møter fast i planressursgruppe og gjer uttale til planar og synfaring ved barnehagar og skular. Når det gjeld tilsynsarbeidet blir dette i stor grad utført av miljøhygienikar som er knytt til Brannvesenet i Sør Rogaland. Me er i rute i høve til krav om godkjenning av skular og barnehagar, samt tilsyn med desse om lag kvart tredje år. I 2018 vart det gjennomført institusjonstilsyn med Klokkarhagen og Vinkelbygget. Det vart utført prøvar av badevatn i samarbeid med teknisk på same nivå som tidlegare år. Det er lite klagar frå innbyggjarane til miljøretta helsevern, bare sporadiske klagar og spørsmål som gjeld dyrehald og støy.

Hå kommune har inngått avtale med Rogaland Brann og redning om tilsyn med utsal stader for tobakk. Tenesta er under etablering.

Smittevern: Det har det ikkje vore større smittesaker i 2018 og det har vore ein liten nedgang i meldte smittsame sjukdommar totalt. Campylobakter er som tidlegare den klart vanlegaste meldepliktige sjukdomen. Det har vore ein liten auke i meldte tilfelle av gonoré, og av innanlandssmitte. Delen av tilflyttarar med plikt til tuberkuloseundersøking har høgt oppmøte, dette talet fell i takt med redusert arbeidsinnvandring.

Folkehelse: Ny folkehelsekonsulent vart tilsett i 2018. Gjennom året er det arbeidd med ny folkehelseoversikt som skal slutførast i mars 2019.

Jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta

Svangerskapsomsorga tilbyr konsultasjonar både hjå jordmor og fastlege. I 2018 har 215 nye gravide har vore til konsultasjon hjå jordmor, også i 2017 var dette talet 215. Det er fødd 244 barn i kommunen i 2018, mot, 293 i 2017. Jordmødrene tilbyr tidlig heimebesök til dei som har født, og gjennomførte i 2018 totalt 98 slike heimebesök, i 2017 var talet 111. Både i 2017 og i 2018 var det vakant stilling i jordmortenesta, i dag er det tilsett i alle stillingane. Jordmødrene har eige fagteam.

Helsestasjonen tilbyr faste konsultasjonar for alle barn mellom 0 – 5 år. Den fyrste konsultasjonen er eit heimebesök. I 2018 fekk 220 barn og deira foreldre besök av helsesjukepleiar heime, mot 259 i 2017. Totalt har helsestasjonane gjennomført 9606 helsekontrollar, mot 9661 i 2017. Av desse kontrollane var 1047 (1008) ekstrakonsultasjonar. Helsestasjonane er med i ressursgrupper i alle barnehagane i kommunen. Dei som arbeider i helsestasjon 0 – 5 har eige fagteam for å sikra rettleiing og kvalitet i tenesta.

Skulehelsetenesta er tilgjengeleg på alle skulane i kommunen. Det vert gitt vaksine i 2., 5., 6., 7. og 10. klasse på alle skulane. Russen og lærlingane på Tryggheim vidaregåande skule får også tilbod om vaksinering kvart år. Helsesjukepleiar deltek på foreldremøte og i ressursgrupper på alle skulane i kommunen. Tenesta tilbyr også kosthaldsundervisning for alle elevar i 1. klasse, måling av høgde og vekt i 3. klasse, pubertetsundervisning i 5. og 9. klasse og helseamtale med alle elevar i 8. klasse. Mange av desse tiltaka fører til oppfølgingssamtalar i etterkant. Skulehelsetenesta tilbyr i tillegg drop-in for elevar, individuelle samtalar, rettleiing av foreldre og andre oppgåver i samarbeid med skulane i kommunen. Skulehelsetenesta har eige fagteam for å sikra rettleiing og kvalitet i tenesta. Tabellen under syner talet på skulestartkontollar og andre konsultasjonar i skulehelsetenesta :

	2017	2018
Skulestartkontroll	305	217
Ikkje planlagde konsultasjonar (drop-in)	942	1 318
Planlagde konsultasjonar	1 408	1 478
Telefonkonsultasjonar	1 254	1 205

Tenesta tilbyr også **reisevaksine**. I 2018 er det gitt reisevaksine til 416 personar, mot 469 i 2017. Det har vore totalt 581 reisevaksinekonsultasjonar, mot 670 i 2017.

Helsestasjon for ungdom (HFU) opna på Vigrestad i august 2018. Kommunen har no HFU både på Nærbø og på Vigrestad. Tilboden er for ungdom mellom 13 og 20 år og er ope 2 timer i veka på Nærbø, og 1,5 time annan kvar veke på Vigrestad. Nærbø HFU har hatt 554 konsultasjonar, mot 592 i 2017. Tala er svært høge på grunn av HPV vaksinering som er gjennomført i 2017 og 2018. Det er sett 340 dosar HPV i 2018, mot 377 i 2017. Tilboden er initiert frå Helsedirektoratet/folkehelseinstituttet, og vert avslutta i 2019. På Vigrestad har det vore 46 konsultasjonar sidan tilboden opna i august.

Helsestasjonen leverer tenester til **Hå mottakssenter**. Helsesjukepleiar har hatt ansvar for barn mellom 0 og 5 år, totalt 36 barn i løpet av 2018. Det er vanskeleg å samanlikna med året før, då hadde tenesta ansvar for familiar og for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg.

Barne- og ungdomsløftet er eit prosjekt som har jobba med å sikra tidlig innsats og god tverrfagleg samhandling i kommunen. Prosjektgruppa har vidareutvikla eksisterande samhandlingsarenaer i dei kommunale tenestene, og laga ein digital portal retta mot tilsette, barn og unge, foreldre/føresette og andre som er i kontakt med barn og unge i kommunen. Prosjektet har også utvikla ein modell for tverrfagleg samhandling på individnivå, tenestenivå og kommunenivå. I 2019 skal modellen implementerast og vidareutviklast, aktuelle tilsette skal få opplæring. Den digitale portalen skal gjerast kjend i kommunen.

Barnevern

Barnevernstenesta opplever at talet på bekymringsmeldingar stig. Det er godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i kommunen. Me har regelmessige møter der me avklarar barnevernet si rolle og målgruppe.

I 2018 var det 277 bekymringsmeldingar mot 254 i 2017. Alle meldingane vert gått gjennom i fagteam og innan fristen. Dei fleste meldingane kjem frå skule, barnehage, politi eller frå barnet sitt nettverk.

Me har framleis fokus på familieråd og nettverksmøter for å hindra akuttlasseringar. Me ønskjer å finne løysingar som er minst mogleg inngripande i alle saker.

Det har vore fokus på forbettingsarbeid i 2018. Område som medverknad, tilsyn, tiltaksplanar og samarbeid med andre instansar har fått spesiell merksemd.

Tenesta har også deltatt i kursrekke frå RVTS (Ressurssenter om vald, traumatiske stress og sjølvordsførebygging, samt vidareutdanningar i juss og rettleing på universitetsnivå.

	2014	2015	2016	2017	2018
Bekymringsmeldingar *	324	235	324	254	277
Nye undersøkingar	228	207	260	212	246
Avslutta undersøkingar	189	227	242	239	221
Henlagte undersøkingar	113	121	136	140	143

* I tillegg kjem meldingar i opne og bortlagte saker

Før ei eventuell omsorgsovertaking er ulike hjelpe tiltak utprøvd

	2014	2015	2016	2017	2018
Barn i hjelpe tiltak	98	113	145	131	140
Barn i institusjon, utan samtykke	0	1	1	1	2
Barn i institusjon, med samtykke	1	0	0	1	1
Midlertidig vedtak i akuttsituasjon	5	6	8	6	7
Fosterbarn kommunen har tilsynsansvar for (plassert av andre kommunar + Hå)	75	73	78	98	77
Barn plassert i fosterheim frå Hå	25	26	41*	45	51

Inkludert 12 einslege mindreårige (EM)

Det er gjennomført brukarundersøking med spørsmål til barn og unge i 2018.

Omsorgstenesta

Me har satsa på reforma «leve hele livet», som skal bidra til at eldre kan meistra livet lenger. Dei skal ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det, at pårørande kan bidra utan at dei vert utslikt, og at tilsette kan bruka sin kompetanse i tenestane. Hovudfokuset i meldinga er å skapa eit meir aldersvennleg Norge og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestane.

Pleie- og omsorgstenesta har tatt imot alle pasientar frå sjukehuset som er klare til utskrivning. Fagteam fungerer tilfredsstilende, og det er ein god flyt mellom dei ulike tenestene. Samarbeid både mellom sjukehus og andre tenesteområde i kommunen er i fokus.

Som eit ledd i den framtidige satsinga på velferdsteknologi er det inngått avtale med Telenor om å handtera kommunen sine tryggheitsalarmer. Frå 31.01.2019 har Kristiansand responsenter tatt imot og svara på kommunen sine tryggheitsalarmer. For den enkelte

brukar i Hå er det i praksis liten endring. Det er framleis heimetenesta i Hå som rykker ut på alarmar. Kristiansand responssenterenesten har tilsette med helsefagleg bakgrunn. Når dei får inn eit alarmanrop, vurderar dei årsaka til alarmen og naudsynt varsling. Varselet kan då gå til heimetenesta, ambulansetenesta, pårørande eller andre, alt etter kva som er avtalt og hensiktsmessig.

Tabellen syner talet på personar som har fått tenester frå kommunen si heimeteneste.

	2014	2015	2016	2017	2018
Heimesjukepleie	424	420	440	292*	277
Praktisk bistand	313	308	268	226	217

* Berre heimesjukepleie levert av heimetenesta er i tala frå 2017 og 2018. Tidlegare har me gått ut frå kva som vert rekna som heimesjukepleie i IPLOS. Det gjev eit betre bilet på kvar teneste når me delar det opp. Tenesta praktisk bistand går ned også i 2018.

Tabellen under syner talet på personar med dei ulike tenestene pr. 31.desember for kvart år på Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim og Heimtun.

	2014	2015	2016	2017	2018
Langtid	110	110	110	110	110
Avlastning	22	15	13	12	19
Avslag søknadar langtidsplass	11	4	3	2	4
Klagar avslag søknad om langtidsplass	2	2	-	2	4
Snitt butid langtidsplass	2,4 år	2,6 år	2,6 år	2,5 år	1,9 år

83 personar har hatt korttidsopphald i løpet av året, samanlikna med 162 året før.

I 2018 har det vore 142 innleggningar på somatisk øyeblikkeleg hjelp fordelt på 106 personar mot 174 innleggningar og 110 personar i 2017. Dei fleste vert skrivne ut til korttidsopphald ved sjukeheimen eller eigen heim. 15 vart i 2018 lagt inn på sjukhus mot 12 i 2017.

Øyeblikkeleg hjelp psykisk helse og rusvern hadde i 2018 29 innleggningar fordelt på 19 personar mot 26 innleggningar på 26 personar i 2017.

82 personar har mottatt lindrande behandling i heimen, mot 66 i 2017.

Tenesteområdet sine dagavdelingar for eldre gjev aktivitetstilbod og fungerer samtidig som avlastning for pårørande, heimetenesta og institusjonane. Totalt 121 personar har hatt vedtak om tenesta, mot 92 i 2017.

Det vart i 2018 gjennomført brukarundersøking for heimetenesta på Varhaug.


Kvardagsrehabiliteringa har nå vore i drift i over 3 år. Det er i 2018 mottatt 74 førespurnader mot 60 i 2017. 42 % er mellom 80 og 89 år.

Leiar for kvardagsrehabiliteringa vart i løpet av 2018 også leiar for rehabiliteringsavdelinga, noko som har ført til eit tettare samarbeid mellom desse tenestene. Alle innlagt pasientar

som kan vera aktuelle får informasjon om kvardagsrehabilitering. Dei får også tilbod om heimebesøk eller anna kontakt innan ei veke etter at dei vert skrivne ut. Dei fleste takkar ja.

I tillegg kjem mange henvendingar frå heimetenesta. Som tidlegare år ser me jamt over ei betring av fysisk funksjon hjå deltakarane etter fire veker med kvardagsrehabilitering.

Tilvisingar



Funksjonshemma

Eining for funksjonshemma har fått midlar frå Norsk Forskningsråd til ein offentleg Ph.d. Det er tilsett ein stipendiat, og Hå kommune har inngått ein samarbeidsavtale med VID Vitenskapelige Høgskule. Målet er ved hjelp av forsking å endra måten me gjev tenester på - innan delar av området psykisk utviklingshemming. Det er historisk at Hå kommune har eit doktorgradsarbeid knytt til våre kommunale tenester.

- Innovasjonsprosjektet «Å arbeide i andres hjem» vart slutført ved utgangen av 2018.
- Behova hjå brukarane er samansette og til dels komplekse.
- Dagsenteret for personar med utviklingshemming har eit godt og variert tilbod. Tenesta er nå meir utadretta, og tek mellom anna småoppdrag for næringslivsaktørar i Hå.
- 26 personar nyttar denne tenesta i året som gjekk, mot 23 i 2017.
- Dagsenteret for personar med utviklingshemming inkluderer Grøn omsorg.
- Blåbærtua avlastningsbustad har totalkapasitet på rom på 2.190 avlastingsdøgn pr. år.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Blåbærtua – brukarar	14	14	15	17	17	20
Blåbærtua avlasting døgn	900	936	1 024	1 135	1 127	934
Privat avlasting	18	27	36	36	39	38
Støttekontakt	*	*	114	118	97	109
Omsorgsstønad – personar	20	21	22	18	17	17
Brukarsyrt personleg ass. BPA)*	2	3	4	3	4	4

183 heimebuande funksjonshemma har fått tenester i løpet av året, mot 160 i 2017. Av desse er 90 under 18 år (pr. 31.12.2018), mot 84 i 2017. Nye brukarar har i hovudsak fått oppretta ansvarsgruppe, støttekontakt eller avlastning.

I Blåbærtua har ein brukar med stort tenestebehov fått tildelt leilegheit i bufellesskap tidleg i 2018. Dette har resultert i nedgang i talet på døgn. Det har kome 3 nye brukarar i siste halvdel av året, men med lågare behov for tenester.

Det er 8 bufellesskap i kommunen med til saman 50 leilegheiter. 6 av desse har døgnbemanning. I 2018 flytta 2 personar inn i leilegheit, mot 1 i 2017. Kommunen har i dag 4 barnebustader.

11 mot 7 i 2017 bur i bustad utan personalbase. Dei tek imot tenester, i hovudsak frå nærliggjande bufellesskap.

Psykisk helse og rusvern

Hovudfokus i avdeling psykisk helse og rusvern har i 2018 vore arbeidsretta aktivitet, digitalisering, satsing på kurs- / gruppetilbod og oppstart av «Prosjekt ungdom og rus».

Arbeid og arbeidsrelatert aktivitet

Mental Helse Hå har i samarbeid med bebuarane på Hybelhuset starta opp «Bruktkjellaren» på Klokkartunet. Dei har pussa opp ein del av paviljong A som tidlegare ikkje var brukt til anna enn lager, samla inn klede og gjenstandar, og salet går godt. Trass i at opninga var i november, hadde dei allereie ved årsskiftet omsett for over 30.000 kr.

Bebuarane ved Vinkelbygget driv med rehabilitering av jærstolar i samarbeid med Jærmuseet. Også her ser me at ressursar blir vekt til live, og arbeidsgleda er stor. Til sist har aktivitetsenteret arbeidd med å starta eit arbeidsrelatert prosjekt. Me ønskjer å gje brukarane moglegheit for å arbeide etter modellen som vart nytta i «Øksnevadprosjektet» som Hå tidlegare dreiv saman med dei andre jærkommunane og Jæren Industripartnar. Førebuingane er i gang og forventinga til brukarane er stor.

Talet på henvendingar som fører til kartlegging i avdelinga si heimeteneste aukar framleis mykje. Tabellen under viser utviklinga dei siste 7 åra:

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
103	119	155	172	192	222	262

Heimetenesta er psykisk helse og rusvern for dei som bur i heile kommunen, utanom Klokkartunet

Det kan mange gonger vera vanskeleg å skilja mellom psykisk helsearbeid og rusvernarbeid. Det er likevel grunnlag for å seia at det er psykisk helsearbeid som aukar, medan rusvernarbeid er rimeleg stabil i løpet av desse seks åra.

Auken har skjedd uavhengig av overflytting av oppgåver frå spesialisthelsetenesta, finanskrisje eller andre forhold. Me ser at me gjev tilbod til innbyggjarar som tidligare ikkje etterspurde tenester.

Nytt i 2018 er at me tilbyr internettassistert sjølvhjelp saman med individuelle samtalar. Tilbakemeldingane så langt er gode. Vidare tilbyr me fleire forskjellige typar kurs. Spesielt god oppslutning og tilbakemelding har det vore på kursora «Tankevirus» og «Kurs i mestring av belastning» (KiB). Med støtte frå Fylkesmannen har avdelinga tatt i bruk digitalt verktøy for å måle relasjon og betring (FIT) hjå brukarane.

Dei forskjellige satsingane vil halde fram og verta vidareutvikla i tida framover.

Prosjekt ungdom og rus

Prosjektet starta opp sommaren 2018 i tråd med kommunen sin rusvernplan og den statlege opptrappingsplanen for rusfeltet. Rekrutteringa av brukarar har vore god. Andre instansar i kommunen har vore svært gode samarbeidspartnarar. Tala så langt tyder på at me kjem i kontakt med ungdom som rasar seg tidlegare enn før.

Psykisk helse og rusvern har ytt totalt 492 tenester i 2018, av desse 492 var 30 medikamenthandtering (på ansvarsoverføring frå lege), 18 individuelle planar og 18 ansvarsgrupper. Det ble ytt tenester til 374 personar i 2017 og 335 i 2016. Dette inkluderer gruppetilbod, kurs og støtte- og treningskontakt. 10 personar fekk gruppenterester fram til sommaren 2018.

Vinkelbygget

Året under eitt fekk 23 personar opphold i 2018. Av dei var 4 interkommunale opphold, 9 langtidsopphold, 10 personar har fått totalt 18 mellombels opphold, kriseplass.

17 personar har hatt bustad i Hybelhuset i 2018 og det same i 2017. 5 personar har hatt til saman 6 opphold på krisehybel. I tillegg kjem 1 opphold i krisebustad anna plass i kommunen.

Heimetenesta har i 2017 gjennomført kurs i belastningsmeistring (KiB) i 2018 for 40 personar

40 personar har deltatt på Tankeviruskurs i 2018.

17 personar har tatt i bruk tenesta *Assistert selvhjelpe* i 2018.

Heimetenesta har i 2018 utført 262 kartleggingar (inkl. Hybelhuset blir det 267). I 2017 blei det utført 224 kartleggingar, mot 195 i 2016. Dette talet stig framleis.

Rusverntenesta har hatt 73 (inkl. «Prosjekt ungdom og rus») brukarar i 2018. Der var 65 brukarar i 2017. Brukarplanundersøkinga frå desember 2018 syner at Hå kommune framleis har ein stor del unge rusmisbrukarar.

Flyktingenheten starta opp 01.03.16 i Jadarvegen 5 på Nærbø. I 2018 er det busett 8 vaksne og familiær i Hå. Desse kom frå Eritrea, Afghanistan, Syria og Etiopia. I tillegg til desse har me tatt imot 3 familiær på familiegjenforeining, 4 vaksne og 2 barn. Ved utgangen av 2018 hadde me 76 deltakarar i introduksjonsordninga. Dei kjem frå 7 forskjellige land. Om lag halvparten kjem frå Syria. Andre land er Eritrea, Somalia, Afghanistan, Iran, Etiopia og Yemen.

Familiesenteret har ytt tenester til totalt 368 personar, der 110 er barn og unge i alderen 6 - 17 år og 258 vaksne over 18 år. Av desse er 120 menn (43 gutter) og 248 kvinner (67 jenter). Det er ytt 214 tenester innan psykisk helse – barn og unge og 218 er gitt foreldrerettleiring. Familiesenteret har hatt 265 førespurnadar, av disse er 166 nye, 99 er re-inntak.

Kommunale bustader

Talet på søkjavar til kommunale bustader for vanskelegstilte var totalt 70 i 2018, 89 i 2017 og 107 i 2016. Av desse var 43 nye i 2018 og 50 nye søknader i 2017 (dvs. søkjavar som ikkje budde i kommunal bustad på søknadstidspunktet). I løpet av 2018 avvikla me innleie av private bustader, då behovet er dekka av eigne bustader. Det står ingen søkjavar på venteliste. Bustadoppfølgjar har lukkast i å hjelpe mange ut i den ordinære bustadmarknaden.

NAV/sosialtenesta

Tabellane under syner talet på stønadsmottakarar og fordeling på stønadstypar.

1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	Endring
Økonomisk sosialhjelp	9 229	12 263	13 538	14 410	14 384	-26
Sum stønadsmottakarar	291	324	308	404	389	-15
Sosialhjelp flyktning (0-5 år)	2 873	3 972	5 369 250	6 561	6 291	-270
Sum stønadsmottakarar	57	77	119	84	84	-

	Antal 2018	Antal 2017	Endring
Antal mottakarar av økonomisk stønad	389	404	-3,7 %
Av desse over 6 md	167	166	0,6 %
Antal flyktningar	89	84	6,0 %
Antal med økonomisk stønad som hovudinntektskilde	112	146	-23,3 %
Av desse over 6 md	78	76	2,6 %
Mottakarar med forsørgingsplikt for barn under 18 år i hushaldninga	135	136	-0,7 %
Av desse over 6 md	76	75	1,3 %
Sosialhjelp utbetalt til familiar med barn *)	8,6 mill	9,7 mill	-11,3 %
Av desse økonomisk stønad som hovudinntektskilde	24	22	9,1 %
Unge mottakarar (under 25) av økonomisk stønad	100	94	6,4 %
Antal nye mottakarar av økonomisk stønad	80	99	-19,2 %
Antal i KVP (i løpet av året)	32	10	220,0 %
Antal med § 17 vedtak (råd og veiledning)	107	80	33,8 %

*) Av dette er det 44 flyktningefamiliar

Det er gitt gjeldsrådgjeving til 120 personar i løpet av året, mot 105 i 2017.

Det er gjennomført brukarundersøking for tenesta i 2018.

I 2018 omorganiserte NAV Hå seg. Dei oppretta 3 team som er *Skaffe Arbeid, Behalde Arbeid, og Økonomiteamet*. I Skaffe Arbeid har NAV Hå 3 grupper, ungdomsteam, 30+ og kvalifiseringsprogrammet (KVP). Dette har gjort at NAV Hå kan reindyrke oppfølging, og spesialisere kompetanseområda sine.

Sosialhjelp

Som oversikta syner har NAV Hå hatt færre brukarar på sosialstønad i 2018. Me ser likevel at me ikkje klarer å redusera talet på langtidsmottakarar, men me har ein markant reduksjon av dei som har sosialhjelp som hovudkjelde. Dette kjem i hovudsak av at me har tatt inn mange fleire mottakarar av sosialhjelp til KVP. Mottakarar av sosialhjelp har difor ikkje auka frå i 2018 samanlikna med 2017. Det er no 32 personar på KVP.

I 2018 var det 45 av våre mottakarar av sosialhjelp (på ordinært budsjett) som tok imot meir enn 100 000 kr, av dei er 25 tidlegare flyktningfamiliar.

Arbeidsløyse og uføre (tal frå desember 2018):

Arbeidsløysa i Hå er på 2%. Rogaland har eit snitt på 2,5% og Norge 2,3%.

Av heilt ledige i Hå kommune er 52 % innvandrarar, noko som er blant det høgaste i landet. Mange av dei med språkutfordringar vert hengande igjen som arbeidsledige.

Pr. desember 2018 var det legemeldt sjukefråveret av vår arbeidsføre befolkning i Hå på 4,8%, 2,5% på arbeidsavklaringspengar (AAP), og 9,3% uføretrygda. Landsgjennomsnittet for dette er 2,3%, 3,6% og 9,7%. NAV Hå har et fokus på samarbeid på tvers med samarbeidspartnarar og tett oppfølging av arbeidsgjevarar. Dette gjev gode resultat.

Me har også hatt fokus på varig tilrettelagt arbeid, og har fått senka talet på personar med varig tilrettelagt arbeid på Jæren Industripartner frå 30 i 2017 til 27 i 2018. Talet på personar med varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift er auka frå 4 til 9 personar.

Unge under 30 år

Hå kommune har no 52 heilt ledige ungdomar, noko som tilsvarar 1,5% av arbeidsstyrken. Landsgjennomsnittet her er på 1,8%, og for Rogaland 1,9%. I 2017 var talet for Hå 2,3% ledige ungdomar, noko som var på snittet for Rogaland og 0,3 % over landet elles. Talet på unge med rett til AAP (arbeidsavklaringspengar) har nå falt merkbart etter å ha auka over fleire år. Frå desember 2017 til januar 2019 sank talet frå 101 til 74.

Me har fått 12 fleire unge uføretrygda frå utgangen av 2017 til 2018, men delen, som er tilsvarande 1,9 % av arbeidsstyrken, har halde seg stabil over fleire år. Landet elles ligg på 2 %.

Vedlikehaldsverkstaden har utført arbeid på oppdrag frå tenesteområda i kommunen. Det har vore god tilgang på arbeidsoppgåver. 28 personar har hatt arbeid/arbeidstrening/opplæring i løpet av året, mot 32 året før.

Andre tenester

Kjøkkenet ved Hå sjukeheim lagar ca. 7 000 middagar kvar månad mot 7 560 i 2017. Nedgangen kan skuldast at tenesta er lagt om til ei abonnementsordning der heimebuande kan abonnera på mat levert på 3 ulike alternativ, 3, 6 eller 7 dagar kvar veke.

Tenesteområdet hadde ved inngangen av året 67 bilar, mot 61 bilar i 2017. Det er kjøpt 6 bilar i år, ingen er sold, mot 5 solde og 4 kjøpt i 2017. 10 bilar er i 2018 overført avdeling eigedom.

Kva kan gjerast betre?

- Fortsette arbeidet med internkontroll med fokus på ROS analyser.
- Fortsette digitaliseringa i helse og sosial. Både ta i bruk fagprogrammer, og sikre god kommunikasjon mellom dei.
- Kommunen må fortsetja arbeidet med å skaffa arbeid og integrera personar som fell utafor arbeidslivet.
- «Barneløftet»: Fortsetta arbeidet med å styrka det tverrfaglege samarbeidet retta mot barn og unge i kommunen . Sikra at «barneløftet» får ei god overgang frå prosjekt til drift slik at det blir tatt i bruk i begge dei store tenesteområda til beste for både foreldre og barn.
- Auke satsinga på frivillig innsats i kommunen.



Tekniske saker og næring

Mål og prioriteringar

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar og legga til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammar. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

Viktigaste hendingar og resultat

Arbeidet med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur, bustadomter og næringsareal i Stokkalandsmarka vart påbyrja i august 2016. Anlegget vart opna med folkefest i Stokkalandsmarka 7. juni 2018. Det er no klargjort for opptil 119 bueiningar og 30 dekar næringsareal.

Sanering i Litlagrøna, Røysvegen – Løgefeltet, på Vigrestad, er godt i gang og er venta ferdig i 2019. Sanering på Varhaug starta opp.

Flomprosjekt med stønad frå NVE er starta opp på Vigrestad.

Arbeidet med ny hovudvassleidning til Håland starta opp på Varhaug, og det blir arbeida med planlegging av denne leidninga fram til Kviamarka.

Fleire strekningar med gatelys vart satt opp av Hå kommune og Statens Vegvesen.

Det skal utarbeidast sentrumsplanar (kommunedelplanar) for alle tettstadene i kommunen. Kommunedelplan Nærbø sentrum vart vedteken i kommunestyret 15.11.2018, k-sak 077/18. Sentrumsplan for Varhaug er under utarbeiding. Planprogram for Varhaug sentrum vart fastsett i kommunestyret 14.12.2017, k-sak 086/17. Denne planen legg opp til ein brei medverknadsprosess med bruk av gjestebodsmodellen.

Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Teknisk og næring	Rekneskap			Budsjett	
	Millionar kr	2016	2017	2018	2018 *)
Driftsutgifter	173,6	147	155	159,2	151,9
Driftsinntekter	-137,2	-108,1	-110,4	-111,1	-107,6
Netto ramme	36,4	38,9	44,6	48,1	44,3

*) Budsjett inkl. endringar

Tenesteområdet hadde i 2018 58,4 stillingsheimlar.

Rekneskapen frårekna sjølvkosttenestane (VAR-området) syner eit mindreforbruk på ca. 2,4 millionar kr. Av dette var mindreforbruket ca. 1,2 millionar kr for kommunale veger og ca. 1 millionar kr for grøntanlegg/parkar i hovudsak pga. ekstraordinær værsituasjon. Sjølvkostområda hadde eit samla mindreforbruk på ca. 1,1 millionar kr.

Sjølvkostområda

For avløp var det eit mindreforbruk på 800 000 kr. Dette skyldas hovudsakleg lågare utgifter. For vatn var meirforbruket på 200 000 kr.

Tilsvarande er det for teneste 3030 oppmåling for 2018 eit mindreforbruk på kr. 350.000. For teneste 3020 byggesak var det eit meirforbruk på kr. 270.000, medan det for teneste 3380 feiring/tilsyn var eit meirforbruk på kr 100.000 og fondet er no brukt opp.

Investeringar

Millionar kr	2014	2015	2016	2017	2018
Teknisk og næring	83	182,6	184,8	202,8	112,6

Dei store prosjekta går stort sett etter planen. Tabellen viser prosjekta med dei største investeringane i 2018 (tal i 1000 kr):

Nr	Prosjekt	2018	Sum løyving *
438	Stokkalandsmarka del 3	8 287	74 300
467	Stokkalandsmarka sør opparb.	2 962	18 000
730	Haugstadvegen-Stokkalandsmarka etappe 1	8 092	51 200
645	Vassleidning i omkjøringsveg nord for Brusand	1 933	3 000
670	Avløp i omkjøringsveg nord for Brusand	13 872	18 000
739	Omkjøringsveg nordvest for Brusand, opparbeiding	14 077	33 200
T401	Sanering Dysjalandsv.Toppav.-Bratland.	6 105	21 000
T402	Flaumtiltak Vigrestad	4 671	12 500
628	VL Prestakrysset-Håland	2 290	22 200
663	Sanering Løgefeltet-Litlagrøna	13 973	41 500
Andre prosjekt		36 338	n/a

*løyving pr. økonomiplan 2019-2022

Prosjekta i Stokkalandsmarka (prosjektnummer 438, 467 og 730) og Omkjøringsveg Brusand (prosjektnummer 645, 670 og 793) er ferdigstilte, men ein har ikkje kome i mål med det økonomiske oppgjaret. Stokkalandsmarka vil totalt sett kome under budsjett.

På Brusand er det same situasjonen og Rådmannen reknar med at det kan bli eit overforbruk. Der er i tillegg venta ei innbetaling frå Jæren Everk på arbeid som er utførd for dei som vil redusere totalkostnaden for kommunen.

Prosjekta T401 T402 og 628 er nett starta og ser så langt ut til å vera i rute.

På prosjekt T402 Flaumsikring Vigrestad kjem rådmannen tilbake med ei sak om fortsetjinga av dette prosjektet, då ein samstundes med at denne årsrapporten vert slutført har motteke

tilsegn om ytterlegare 12,5 millionar i tilskot NVE. Dette i tillegg til 20 mill. som allereie er innvilga.

Prosjekt 663 sanering Løgefeltet – Litlagrøna er snart ferdigstilt, prosjektet ser ut til å sluttførast noko over budsjett.

Utval for tekniske saker og næring hadde i 2018 10 møter og behandla 135 saker:

År	Reg.	Deling	Bygg	Klage	Konsesj.	Utb. avt.	Veg/trafikk	Budsjett	Div.	Sum
2018	17	6	24	16	11	1	12	12	36	135
2017	30	6	32	21	15	3	11	5	53	176
2016	22	7	8	31	8	3	13	6	54	152
2015	26	16	36	44	7	2	6	10	42	189
2014	26	30	52				7			169
2013	35	19	89				9			211
2012	34	34	67				6			206

Arealplan

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Godkjende priv. reguleringsplanar	Stk	5	5	5	4	1
Godkjende kom. reguleringsplanar	Stk	3	5	4	1	3

I 2018 vart det arbeida mykje med å fullføra kommunedelplan for Nærbø sentrum, og oppstart av kommunedelplan for Varhaug sentrum. Reguleringsplanar for områda sør og aust på Varhaug, områdeplan for Kvermefloen på Brusand, idrettsanlegg på Nærbø og Varhaug, bustadområde i Hadlandsdalen og fleire masseuttak i kommunen vart høgt prioritert.

Følgjande reguleringsplanar vart godkjende av kommunestyret:

- 1 privat plan: 1038-1 Reiestadmarka, Varhaug
- 3 kommunale reguleringsplanar: 1010A-2 Veganlegg ved fv504 Varhaug, 1156 Hadlandsdalen, og 1185 Nye Loen, Nærbø

Generelt i 2018 har Rådmannen merka auka interesse for utarbeiding av nye, og endring av eksisterande reguleringsplanar, i tillegg til ny framdrift i pågåande planar. Motsegner og delvis manglande dekning i gjeldande kommuneplan og overordna retningslinjer gjer det utfordrande å lønne enkelte planar. Det er difor godkjend færre planar enn forventa i 2018.

Bygesak

I gjeldande bustadbyggingsprogram (Kommuneplanen) var det lagt til grunn at det skulle byggjast 166 bustader i 2018. Trenden med få godkjente bustadar held fram. Dette viser at den økonomiske situasjonen i regionen enno er noko utrygg.

Aktivitet	2014	2015	2016	2017	2018
Godkjende bustader (bueiningar)	171	99	79	92	59
Saker etter delegasjon	569	408	352	341	318
Gitt byggjeløyve	366	295	267	262	284
Erklæringer om konsesjonsfridom	107	101	108	118	97
Eigedomssopplysningar til meklar	327	321	280	340	240

Kart og oppmåling

Tenesteområdet skal framskaffe og vedlikehalde eit tilfredsstillande kartverk i samsvar med sosi-standarden for kommunen. Arbeidet med adressering av eigedommar, gjennomføring av oppmålingsforretningar og produksjon av matrikkelbrev er også lagt til avdelinga.

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Nye matrikkeleiningar	Stk.	238	190	74	152	115
Samanføying av eigedomar	Stk.	18	15	13	27	14

- Det vart tildelt 99 nye vegadresser i kommunen.
- Våren 2018 vart det utført flyfotografering av heile kommunen. Nye ortofoto er produsert og gjort tilgjengelege for innbyggjarane i kommunen sin kartportal og Norge i bilder.
- Overgang til sentral lagring av kartdata vart gjort hausten 2018.

Bustadfelt - Stokkalandsmarka

Det er ved årsskiftet selt tre tomter i siste delfeltet på 32 tomter, i Stokkalandsmarka. Det er nå seltt totalt 15 tomter i dette bustadfeltet. Det er i tillegg selt ei tomt i det nye feltet som vart ferdig opparbeida og lagt ut for sal i 2017. Det vart også gitt opsjon i to år til 11 tomter til forskjellige firma på tomter. Desse opsjonane går ut i 2019. Det er ved inngangen til 2019 33 ledige tomter for sal i Stokkalandsmarka. Gjennom heile 2018 har det vore arbeidd med profilering av Stokkalandsmarka for å synleggjere Stokkalandsmarka betre for innbyggjarane i Hå og i regionen.

Næringsområda

Næringsområdet i Stokkalandsmarka vart ferdig opparbeidd i 2018. Det er no ledige næringstomter i alle krinsar i kommunen i tråd med kommuneplanen sine målsettingar.

Det er ført i rekneskapet inntekter på i overkant av 20 millionar kr for sal av næringstomter i 2018 som er godt over budsjett.

Det vert jobba aktivt med å få bedrifter til å etablera seg i Hå, noko som tala for 2018 viser. Det er tett dialog mellom kommunen og bedriftene i Hå. Næringslivet har høg prioritet og skal oppleve kommunen som ein samarbeidspartner.

Kommunen er med i ulike fora knytt til næringslivet, her kan me nemna lokale og regionale næringsforeiningar, fylkeskommunen og Greater Stavanger. I dei siste åra er det også utvikla eit godt samarbeid med kommunane Gjesdal, Time, Klepp og Sandnes. Næringssjefane har faste møter igjennom året for å drøfte og jobbe saman om tema som omhandlar næringslivet.

Kommunane på Jæren ga i 2016 ekstraordinære midlar til oppstart av Gründer Arena i ei tid med auka arbeidsløyse og utryggleik i regionen. Det blei løyvt midlar for tre år. Gründer Arena har vore ein stor suksess i dei tre åra den har vært driven. Det er eit betydeleg antal gründerar og arbeidsledige som har nytta seg av kursa, lokala og tenestene som har vore tilbudd på Gründer arena. Det er ikkje løyvt midlar til vidareføring av Gründer Arena fordi behovet for disse tenestene er redusert i takt med reduksjonen i arbeidsløysa.

Jæren Produktutvikling har i 2018 år drive med gründerveiledning og næringsfaglige vurderingar i tillegg til drift av Gründer arena. Kommunen kjøper også tenester frå Skape på Ullandhaug i Stavanger som tilbyr kurs til nyetablerte og grundere.

I 2018 blei det lagt ned mye arbeid opp mot reiselivet på Jæren. Kommunen har saman med kommunane Klepp og Time fått tildelt midlar via Handlingsprogrammet for Næringsutvikling som vert administrert av Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland, for å utarbeide eit pilotprosjekt for auka verdiskapning i reiselivet på Jæren. Det er gjennomført workshop saman med næringa for å jobbe fram ulike modellar som kan bidra til auka turisme på Jæren og til auka lønnsomheit for næringa.

I 2018 byrja investeringane til «nasjonal turistveg» på Jæren. Først ute var Orre i Klepp, men Hå står for tur i åra som kjem. I samband med dette er det starta eit omfattande skiltprogram. Nasjonal turistveg har utarbeida skiltmal som er lik for alle nasjonale turistvegar. Hå har mange ulike skilttypar, nokre er veldig gamle og utdaterte, andre er slitte osb. I samband med at nasjonal turistveg skal føre opp nye skilt er det starta eit omfattande arbeid med å kartlegge skilta som er knytt til turisme og kultur i Hå. Målet er at alle skilt knytt til turisme og kultur skal opplevast likt i kommunen, og at det skal samsvara med malen som nasjonal turistveg brukar.

Trafikksikring

Aktivitet	Eining	2017	2018
Gang- og sykkelveg	M	1 000	2 968
Fartsdempande tiltak	Stk	0	3
Gatelys	Stk	135	-60

Negativt tal på gatelys i 2018 skuldast at Statens vegvesen overtok ein del gatelys langs tidlegare riksvegar (fv 44, fv 504 og fv 507).

Nærø sentrum vart vedteken omgjort til 30-sone i samråd med forslag i trafikkanalyse.

Gatelys vart etablert langs fv 181 mellom Ånestad og Nærø. I tillegg etablerte Statens vegvesen gatelys langs fv 44 på Kvalbein og Husvegg.

Veganlegg

I økonomiplanen har fleire store vegprosjekt vore prioriterte for gjennomføring i fleire år. Ny omkjøringsveg nord for Brusand (Fv 44 – Stokkalandsvegen) og utbyggingsdel i Stokkalandsmarka vart ferdigstilt i 2018.

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Kommunale vegar. Nyanlegg	Meter	440	800	1 263	650	3 610
Reasfaltering	Meter	2 600	3 234	2 200	3 000	1 400
Private vegar med tilskot til grusing	Meter	1 040	1 950	2 700	2 950	3 000

- Per 31.12.2018 har Hå kommune 154 km kommunale vegar og 49 km gang- og sykkelvegar.
- Hå kommune starta opp ei intern veggruppe som mellom anna ser på funksjonsinndeling av fylkesvegnettet og framtidig omklassifisering av fylkesvegnettet til kommunale veger, inkludert gang- og sykkelnett og gatelys.

Parkar og leikeplassar

Kommuneplanen inneholder retningslinjer for planlegging og utforming av grøntdrag og leike- og oppholdsareal i tettstadene. Planen har føresegner om utforming av leike- og oppholdsareal. Med ei tettstadsutvikling med auka satsing på konsentrerte buformer, vert bummiljø og grøntanlegg stadig viktigare.

Plan for turnett i Hå kommune vart lagt fram til politisk behandling og vedteken i 2018. Den viser samanhengande tursamband mellom tettstadene og hovud turområder i kommunen. Tiltaksplanen beskriver kva som manglar i desse korridorene for å kome seg trygt fram til startpunktet frå togstasjonane med sykkel eller til fots.

Aktivitet	2014	2015	2016	2017	2018
Ferdigstilte leikeplassar	3	1	-	2	2

Fleire eksisterande leikeplassar vart oppgradert med nytt utstyr.

Brann og feiing

Brannvesenet hadde ei auke i talet på utrykkingar i 2018, og landa på 234 oppdrag. Dette talet er på nivå med nabokommunane. Dei fleste type oppdrag hadde ei lita auke, medan auka i kategorien «skog-/grasbrann» og «annen brann» var størst samanlikna med 2017. Ein reknar med at dette skyldast den varme og tørre sommaren, der det var fleire oppdrag med bål som kom ut av kontroll. Denne typen hending er logga som «annen brann».

Ny brannbil vart offisielt levert til Vigrestad brannstasjon i mars.

I tillegg bytta brannvesenet ut vaktbilen sin heilt på slutten av året. Gjenbruksverdien på den gamle var då framleis såpass høg, at rekneskapen på byttet gikk i 0.

Aktivitet	2014	2015	2016	2017	2018
Brannutrykkingar	155	139	125	180	234
Brannsyn i § 13-bygg	160	158	71	56	74
Brannsyn i bustader	1 265	737	1 989	1 490	1 660
Piper som vart feia	1 700	1 907	1 978	1 985	1 678

Innan brannførebuing har det vore ein del fokus på «Brannløftet». Gjensidigestiftelsen står bak brannløftet. Det har vore ulike søknadsprosessar der brannvesen i Noreg har vorte oppmoda om å søke midlar til ulike brannførebryggjande føremål. I desember 2017 mottok brannvesenet melding om at dei ville få tildelt kr 365 000 frå stiftelsen, til bruk i 2018. Desse pengane var øyremerka og skulle nyttas til førebuande føremål i utsette grupper i kommunen. I tråd med prosjektsøknaden vart det kjøpt inn røykvarslarar og komfyrvakter. I samarbeid med helse og sosial er det gjort ei kartlegging som sikrar at dette utstyret er plassert ut hjå brukarar og innbyggjarar i Hå kommune.

Feietenesta vert dekka av ein person i heil stilling. Feiaren har tatt i bruk Gemini varsling for å senda sms-varsle til innbyggjarane om feiing og tilsyn.

Arbeidstilsynet har hatt ein landsomfattande tilsynsaksjon med norske brann- og feiarvesen. I vår var dei på synfaring på brannstasjonane i Hå. Kommunen fekk pålegg om å utbetra dusj- og garderobeforholda, samt skilje mellom reine og ureine sonar. Denne saka pågår. For både brannmannskapa og feiaren er det allereie gjort ein del tiltak for å minska eksponeringa for kreftframkallande røyk- og sotpartiklar.

Vassverk

For ein kommune med mykje næringsmiddelindustri, er ei god og sikker vassforsyning viktig. I dag har kommunen einsidig forsyning frå IVAR sin hovudleidning som kjem nordfrå og går gjennom kommunen til Hagavatnet, med sideleidning fram til Sirevåg i sør. Reduksjon av lekkasjar, bygging av ringleidningar og utskifting av eldre leidningsanlegg, m.a. eternitleidningar, er viktige tiltak for sikring av ei god vassforsyning. Inndeling av vassnettet i soner med sonevis vassmåling og utskifting av gamle vasskummar er viktige verkemiddel for å avdekke vasslekkasjar.

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Abonnentar knytte til komm. vassverk	Stk.	6 620	6 953	7 095	7 245	7 291
Nye og sanerte vassleidningar	Meter	7 297	7 666	3 280	4 592	3 511
Lekkasje	%	22	26	28	24	22

- Per 31.12.2018 eig og driftar kommunen 303 km vassleidningar.
- Det vart bygd 1 ny trykkreduksjonsstasjon i 2018.
- Avtale med IVAR om bygging av høgdebasseng i området rundt Håland på Varhaug, og bygging av ein del forsterkningar i vassnettet med ny hovudleidning vart starta opp i 2018
- Lekkasjeprosent i 2018 er delvis basert på ny mal for avrekning av umålt forbruksvatn til brann, spyling osv. som gir eit par prosent lågare tall enn tidlegare år. Lekkasjeprosenten har difor ikkje hatt ein reell nedgang i 2018.

Avløp


Handteringa av overvatnet er ein viktig del av arbeidet med sanering og oppdimensjonering av gamle avløpsanlegg. Hå betalar truleg om lag 2 millionar kr ekstra for unødvendig reinsing av regnvatn i året (2015-tal). Dette gjeld lekkasje av regnvatn inn i kloakkledningar, for eksempel i form av overløp mellom kloakk og overvassleidningar m.m.

Handtering av overvatnet frå tettstadane har blitt meir omfattande og utfordrande grunna auka nedbørintensitet dei siste åra. Arbeidet med å oppdimensjonera overvassleidningar, fjerna fellessystem, overløp og feilkoplingar er gitt høg prioritet. Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø inneholder oversikt over aktuelle tiltak i eit langsigktig perspektiv. Den omfattar også handtering av dei flaumutfordringane kommunen har.

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Abonnentar knytt til kom. kloakk	Stk.	6 615	6 664	6 824	6 989	7 053
Nye og sanerte spilvvannsleidningar	Meter	7 297	13 260	5 996	5 661	5 021
Abonnentar med slamtømming	Stk.	390	355	330	308	289

- Per 31.12.2018 eig og driftar kommunen 423 km med avløpsleidningar (spill- og overvatn).
- Sanering i Litlagrønå, Løgefeltet m.m. på Vigrestad pågår og er venta ferdig i 2019.
- Sanering på Bratland, Varhaug, starta opp er venta ferdig 2019/2020.
- Oppgjer og økonomisk avslutning med ny kloakkledning frå Brusand til Brusali vart ferdig i 2018.
- Kloakkering i Haver vart ferdig i 2018. Tuen og Vatnamot er planlagt, men anlegga er ikkje starta opp ennå.
- Flaumsikring nord for Brusand er ferdig.

Figuren nedanfor viser korleis avløpsmengdene varierer i takt med registrert nedbør i same periode. I enkelte periodar kan over halvparten av kloakkmengda til reinseanlegga vere overflatevatn.



Renovasjon

Kommunen hadde i 2018 innsamling av fire avfallsfraksjonar. Frå 2019 utgår innsamling av plast som skal blandast med restavfall og sidan bli sortert i nytt anlegg til IVAR. Ein vil i løpet av 2019 forsøke å få til ei ordning med innsamling av glas- og metallemballasje. Den sterke auken i konsentrerte buformer medfører ei aukande utfordring i forhold til plass og handtering av avfallsdunkane. Felles nedgravne avfallsløysingar er eit godt og arealsparande alternativ. Miljøstasjonen på Pytten er eit ekstratilbod til hushaldsabonnentane for levering av avfall.

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Abonnentar med kommunal renovasjon	Stk.	6 565	6 680	6 813	6 902	6 938
Abonnentar med heimekomp.	Stk.	694	672	657	600	580
Restavfall	Tonn	1 919	2 325	2 196	2 037	2 107
Våtorganisk avfall	Tonn	1 405	1 450	1 564	1 703	1 564
Papir, papp og drikkekartong	Tonn	948	1 072	945	998	940
Plast	Tonn	246	286	288	318	283
Farleg avfall	Tonn	26	67	52	91	80
EE – avfall	Tonn	169	240	232	142	177
Glas og metall	Tonn	171	166	157	166	178

- Ny leverandør for innsamling og transport av hushaldningsavfall starta opp i 2018 saman med Klepp kommune. Time kommune går inn i same avtale frå 2020.

- Kommunen har kjøpt nødvendig areal og utarbeida planar for utvidinga av miljøstasjonen på Nærø. Bygg for farleg avfall vil bli prioritert i komande økonomiplanperiode.

Landbruk

Landbruksnæringa utgjer ein heilt sentral del av næringslivet. Kommunen driv eit aktivt og omfattande arbeid med rådgiving, formidling av tilskot- og støtteordningar og behandling av enkeltsaker slik som nydyrkning, frådeling av areal, konsesjonssøknader mm.

Aktivitet	Eining	2014	2015	2016	2017	2018
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Stk. (søkn)	11	10	12	35	19
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Mill kr	5	2	6	9	8
Produksjonstilskot, jordbruk	Stk.	882	870	832	884	841
Produksjonstilskot, landbruk	Mill kr	115	119	113	112	113
Avløysing i jordbruket. Ferie og fritid	Stk. (søkn)	442	436	414	401	395
Avløysing i jordbruket. Sjukdom mm.	Stk. (søkn)	85	74	113	107	125
Avløysartilskot, landbruk	Mill kr	26	27	25	24	24
Produksjonstilskot, kontrollar	Stk.	47	46	45	69	44
Regionalt miljøprogram	Stk. (søkn)	166	178	186	186	205
Regionalt miljøprogram	Mill kr		4	5	5	*)
Drenering	Stk.		12	32	43	89
Drenering	Mill kr.		0	1	1	3
Areal godkjent for nydyrkning	Daa	486	341	787	275	268
Faktisk dyrka areal	Daa	319	320	383	217	355
Tilskot til miljø- og kulturlandskapstiltak	Mill kr	1	1	2	1	1
Kommunalt tilskott til nydyrkning	Tusen kr			130	130	-
Avverking av skog	M3		6 570	1 056	8 628	4 373
Avverking av skog, verdi	Mil kr.		2	0	2	1
Nyplanting skog	Da		9	6	36	14
Flaterydding	Da		22	-	27	
Grøfting, bekkerens	Lm		275	-	10 549	5 240
Anna skogkultur tiltak	Da				68	96

*) Her manglar me tal

Kommuneplanen legg sterkt vekt på jordvern. Utbygging på mindre produktive areal i Stokkalandsmarka er prioritert. Det er strenge reglar for bygging i LNF-områda og for omdisponering av landbruksjord til andre formål. Hå kommune skal vidareutviklast som ein av dei største og viktigaste landbrukskommunane i landet. Det har også i 2018 vore:

- Stor aktivitet med bygging av lausdriftsfjos og andre nyinvesteringar.
- Framleis stor interesse for nydyrkning, for grøfting av tidlegare dyrka jord og for å lø og restaurere steingardar.
- Utfordringar knytte til gjennomføring av tiltak for oppfylling av vassdirektivet.
- Året 2018 har vore krevjande for landbruksnæringa først pga. ein lang tørkeperiode og så mykje nedbør ut på hausten.

- Det vart tilsett ein ny medarbeidar innanfor landbruk og miljø.

Aktivitet	Eining	2017	2018
Dispensasjon, Omdisp. av landbruksareal	Stk	3	2
Disp., Samla areal omdisponert	DA	15	4
Disp., Bruksrasjonalisering	DA	619	224

Det vart i 2018 gitt 2 dispensasjonar for omdisponering av landbruksjord til bustadformål ved bruksrasjonalisering.

Viltforvalting

Aktivitet	2014	2015	2016	2017	2018
Fellingsløyve rådyr	248	242	240	242	301
Felling rådyr	59	66	44	52	63
Fellingsløyve hjort	21	20	22	27	31
Felling hjort	5	7	5	11	11
Fellingsløyve elg	2	2	-	2	2
Felling elg	1	2	-	1	1

Kva kan gjerast betre?

Digitalisering

Det er eit stor fokus på digitalisering innanfor tenestområdet. eByggWeb vart innført i 2017. Innbyggjarane og utbyggjarar kan nå finna dokumentasjon i byggesaker på heimesida. Innføring av digital plandialog (i plansaker) er planlagt i 2019. Kommunen ynskjer å vera ein open kommune kor dokumenta innanfor dette området kan hentast direkte ut frå systemet.

Me har tatt i bruk IK-Bygg for ulike bygg/områder som hører til under Teknisk drift. På lik linje med dei andre tenesteområde, vil me ta i bruk digitalt verktøy for innkjøp og rammeavtalar.

Før jul tok me i bruk sms-varsling og -avlesing av vassmålarane. Det har vore nokre innkjøringsproblem, men me håpar at desse er løyste før avlesinga i 2019.

Etablering av elektronisk timeregistrering for uteavdelinga på Teknisk drift starta hausten 2018 med oppstart frå 01.01.2019. Dette vil gje ei enklare oversikt over alle kostnadane, og ikkje minst unngå manuell innlegging av data på rekneskap og lønn.

Det pågår arbeid med kartlegging og oppdatering av grøntområde og leikeplassar. Eit digitalt kartverk vil kunne utnyttast i ulike fagsystem for oversikt, dokumentasjon og beskriving for kostnadsførespurnad.

Samhandling og kommunikasjon med utbyggarar og tiltakshavarar

Kommuneplanen gir viktige føresetnadar for utbygginga i kommunen. Regelverket gir stramme rammer for bygging i LNF-områda. Det er krav om høg tomteutnytting innanfor eksisterande tettstadar samtidig som dei enkelte utbyggingsprosjekta også skal tilfredsstille viktige kvalitetskrav, t.d. når det gjeld areal for uteopphold og leikeplassar. Nye reglar for «eplehagefortetting» medfører ei vesentleg omlegging av regelverket for fortetting innanfor eksisterande einebustadfelt.

God kommunikasjon i ein situasjon med ulike interesser kan vere vanskeleg. Det krevast tett og god dialog med forslagsstillarane i planprosessane, for å få fram dei gode prosjekta.



Sentraladministrasjonen og eigedomsavdelinga

I 2018 fortsette me arbeidet med å møte innbyggjarane på ein betre måte og gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service. Det blir arbeidd mykje for å forbetre interne prosessar slik at tenestene til innbyggjarane blir så gode som mulig. Dei som arbeider i administrasjonen og dei sistema og prosessane dei har ansvar for er heilt nødvendige for at drift og tenesteproduksjon skal fungere godt.

Økonomisk resultat

1000 kr	Rekneskap			Budsjett	
	2016	2017	2018	2018 *)	2018
Sentraladministrasjonen	50 822	40 312	38 671	41 385	42 553
Eigedomsavdelinga **)		102 897	107 294	105 477	103 448
Netto ramme sentraladministrasjon	50 822	143 209	145 965	146 862	146 001
Kyrkjer og andre trossamfunn	12 880	12 727	13 396	13 597	13 450
SUM	63 702	155 936	159 360	160 459	159 451

*) Budsjett inkl. endringar

**) 2016-tal inkludert i tenesteområda

Det har vært god kontroll med bruken av dei økonomiske ressursane gjennom 2018. Mindreforbruket i sentraladministrasjonen skuldast at ressursar blir brukt i tenesteområda, at me ikkje har tatt inn vikarar ved sjukdom (gjeld også kemnerkontoret) og lågare utgifter til forvaltningsrevisjon. I budsjettvedtaket i desember 2017 fekk rådmannen ein reduksjon på 0,6 millionar kr og dette vart tatt i sentraladministrasjonen. Eigedomsavdelinga har eit mindreforbruk på driftsutgifter/vedlikehald, men meirforbruk på løn og energi. Energiforbruket har gått ned, men auka energiprisar meir enn veg opp for dette.

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen leverer tenester innanfor økonomi, rekneskap, løn, personaladministrasjon, leiar- og organisasjonsutvikling, opplæring, servicetorg, kommunikasjon, investering i og drift av IT-løysingar, utstyr og datakommunikasjon, dokumentsentre, innkjøp, samfunnsanalyse, planarbeid, organisering av dei politiske utvalsmøta og gjennomføring av val. I tillegg er eigedomsavdelinga organisert her.

Mål og prioriterte oppgåver

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å legge til rette for at kommunen leverer dei tenester innbyggjarane skal ha. Det betyr at me har rett kompetanse på rett stad, at alle tilsette får den løn dei har krav på, at me har gode arkivrutinar, at datasystema fungerer, innsyn, at me har kontroll på økonomien og at alt innanfor IT fungerer som det skal.

Viktigaste hendingar og resultat

- Kull 2 med leiarutvikling for 30 leiarar frå heile verksemda vart avslutta.
- Personvern: Hilde Eidsaa Bjorland har denne rolla som vart oppretta våren 2018 med ansvar for personvernreglane (GDPR).
- Digitaliseringssstrategi ble utarbeidd saman med dei hovudtillitsvalde. Han vart vedteken i kommunestyret 3. mai 2018.
- Enda meir fokus på innkjøpsfunksjonen.
 - Me har innført digitalt konkurranssegjennomføringsverktøy. Dette gjer innkjøpsprosessen meir effektiv for både oppdragsgivar og leverandørar.
 - Hå kommune har blitt med i eit innkjøpsnettverk saman med Time, Klepp, Gjesdal og Strand. Her samarbeider me om ei rekke rammeavtalar og drøfter problemstillingar knytt til regelverket. Ein av dei store avtalane me har inngått i 2018 er ein ny avtale om levering av telefoni- og mobiltrafikk. Her har med saman med fleire andre kommunar fått ein avtale med svært gode betingelsar.
 - Me arbeidar vidare med å få ei oversikt over kva område me bør ha rammeavtalar på. Det blir viktig å sikra god lojalitet til dei inngåtte avtalane.
- *Klart språk*
Arbeidet med klart språk *HÆ?* har halde fram i 2018. Me har gjennomført kurs, brukartesting og fleire skriveverkstad. På rådhuset har me innført Språksofaen. Dette er eit tilbod om teksthjelp ca. ei gong i månaden.

Kva kan gjerast betre

- Halde fram med IA-satsinga. Forsking syner at varig fokus er det viktigaste tiltaket i arbeidet med å redusere sjukefråværet i ei verksemd. Dette ser me også i Hå.
- Fortsette digitalisering som ledd i Framtidsløftet om å stadig forenkle, fornye og forbetra oss – i tillegg til å redusere risiko for feil.
- Fortsatt fokus på kompetansebygging på tvers i organisasjonen både når det gjeld innkjøp, dokumentcenter, økonomistyring.



Bygg- og eigedomsforvalting

Om lag 90 personer har sin daglige arbeidsplass i eigedomsavdelinga. I 2018 vart alle driftsbudsjetta samla.

Mål og prioriterte oppgåver

Målsettinga er å gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedtekne budsjett og planar. Likeins skal drift og vedlikehald gjennomførast etter vedtekne budsjett og planar. Eksisterande bygningsmasse må takast i vare og vedlikehaldast på ein slik måte at verdi og funksjon blir tatt i vare og ikkje blir forringa.

Drift og vedlikehaldsavdelinga brukar IK Bygg som internkontrollsysten. Systemet er eit svært nyttig reiskap for å avdekka feil og manglar knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine eigedomar. Innrapporteringa i systemet er høg og syner kor viktig det er å involvera både brukarar og forvaltarar av bygg for på den måten å synleggjera feil og manglar. I 2018 har me utarbeidd og fått vedtatt *Plan for helsebygg* og *Tilstandsrapport for uteområder i barnehagar og skular*.

Viktigaste hendingar og resultat – Bygg

Tabellen viser økonomisk status for dei største prosjekta ved utgangen av 2018

1000 kr	Til og med 2017	2018	Heile prosjektet	
			Løying	Prognose
Nye Ogna skule	158 278	10 002	190 500	171 000
Vigrestad barnehage	22 415	27 764	54 500	52 500
Brusand barnehage	364	68	44 000	44 000
Varhaug barneskule påbygg	1 565	4 320	100 000	100 000
Vigrestad skule, ombygging bibliotek	2 709	-9	3 000	2 700
Meieriinternatet, ombygging bibliotek	188	814	3 000	5 200
Vigrestad skule, ombygging av barnehage til skule	-	157	3 000	3 000
Hå kulturtorg	534	588	3 000	1 094
Hå sjukeheim, påbygg 2 etasjar	34 526	80 196	157 500	157 500
Løa Lensmannsgarden	375	931	1 450	1 700
PPT Vigre	70	4 229	3 700	4 305
ENØK (merking/kartlegging)	961	990	4 000	n/a
SUM	222 057	130 338	568 150	543 359

Byggeprosjekt tenesteområdet for helse- og sosialsaker

- **Hå sjukeheim.**
Arbeida med påbygget ved sjukeheimen har pågått i heile 2018. Prosjektet har vært krevjande. Innflytting i dei to nye etasjane ved sjukeheimen er planlagt i mars 2019.
- **Avlastningsbustad Skjeraberget .**
I kommunestyresak 032/18 vart tomt ved Skjeraberget velt til ny avlastningsbustad. Planen er at avlastningsbustaden vil bli lyst ut på anbod i oktober 2019. Ferdigstilling er førebels sett til februar 2021.

Byggeprosjekt tenesteområdet for opplæring og kultur

Skular

- **Ogna skule**
Ogna skule vart offisiell opna den 03.01.18
I 2018 har det blitt føreteke innreguleringar og justeringar på dei tekniske anlegga. Økonomien i prosjektet er planlagd avslutta i løpet av 2019. Prognosen syner totalkostnad godt innanfor vedteke budsjett.
- **Varhaug skule påbygg**
I kommunestyret den 14.06.18 vart skisseprosjekt godkjent med ein forventa totalkostnad på 83,9 millionar kr. I kommunestyret den 18.10.18, sak 062/18 vart det vedteke at prosjektet skulle revideras til eit bygg med ein kapasitet til 550 elevar. Prosjektet vart lagt ut på anbod i byrjinga av mars med ein forventa byggestart sommaren 2019.
- **PPT Vigre**
Arbeide med å bygga om tidlegare Vigre skule til kontorar for PPT vart påbegynt i april 2018 og ferdigstilt i oktober 2018. Totalkostnadane vart berekna til 3,7 millionar kr men sluttprognose syner eit overforbruk på om lag 0,6 millionar kr. Overforbruket vert dekt inn av investeringsmidlar til skule for 2019.
- **Vigrestad skule**
Ved Vigrestad skule skal dei lokala som tidlegare vart brukt som barnehage (sekskanten), byggast om til SFO og rom som skulen skal nytta til praktiske fag. Det har i slutten av 2018 blitt utført prosjektering og planlegging av arbeida. Førebelse planar syner at arbeida kan bli ferdigstilt i løpet av hausten 2019.
- **Symjehallen på Nærø**
Det er behov for opprusting av symjehallen på Nærø. Hovudkonklusjonane av analysane er at bygget har stor slitasje og fleire av bygningsdelane har overgått sin tekniske levealder. Det er førebels ikkje sett av eigne midlar til opprusting av hallen.

Barnehagar

- Vigrestad barnehage vart overlevert Hå kommune den 25.06.18 og offisielt opna den 22.08.18. Det pågår framleis innregulering og justering av tekniske anlegg. Prognose synar totalkostnader innanfor vedteke budsjett.
- Ny barnehage på Brusand
Kommunestyret beslutta i sak 096/17 å utsette ferdigstilling av denne barnehagen til 2021. I kommunestyret den 13.12.18, sak 096/18 Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, vart oppstart på barnehagen foreskjøve med ytterlegare eit halvt år. Ferdigstilling av barnehagen er nå sett til 2022. Årsak til dette er innsigelsar frå Bane Nor og Fylkesmannen på høyringsforslag til reguleringsplan for området. I økonomiplanen er det sett av 44 millionar kr til ny barnehage på Brusand. Arbeid med planlegging og prosjektering av ny barnehage vil byrja når ny reguleringsplan med bestemmelser er vedteke av kommunestyret.

Kulturygg

- Lensmannsløa
Arbeidet med utvendig HC heis, vart påbegynt i mai og ferdigstilt i september. Ferdigattest for heile løa vart utstedt den 05.10.18. Det står att ca. 220.000 kr på prosjektet. Dette vil truleg ikkje vera tilstrekkeleg til å få fullført planane om fullsprinkling av løa. Det er planlagt ein gjennomgang av desse arbeida som vil gje grunnlag for ein ny kalkyle for fullsprinkling.
- Hå kulturorg
Arbeidet med forbetring av dette bygget har pågått over fleire år. I 2018 vart det avklart at gjeldande brukstillating fortsatt er gyldig til kulturskuleføremål. Eit nytt brannkonsept vart utarbeid og det vart avklart og lagd planar for å lukka dei avvika som var registrert på bygget. Arbeidet med utbetringar av bygget starta i juni og vart ferdigstilt i november. Det er brukt om lag 1,1 millionar kr av ei total løying på 3,0 millionar kr.
- Trøskjelohagen (Meieriinternatet Vigrestad)
Arbeid med dette bygget har synt seg meir krevjande enn føresett. Mykje tid har gått med til planlegging, prosjektering og godkjenningsprosessar internt og hjå Arbeidstilsynet. Det er sett av totalt 3 millionar kr til prosjektet, men førebelse prognosar syner kostnader på om lag 5,2 millionar kr. Førebelse planar syner at arbeida kan starta i oktober 2019 med ferdigstilling i desember 2019.

Viktigaste hendingar drifts- og vedlikehaldsavdeling

- Motlandsvegen 24: Totalrenovert innvendig.
- Følgjande leilegheiter er malte innvendig: Nærbøgata 38A, Nærbøgata 30F, Damebyen 8, Rosklia 5B + nytt kjøkken, Kvimarka 67B, Langaberget 9F.
- Motlandsvegen 32: Totalrenovert innvendig.
- Rosktoppen barnehage: Større deler av uteområdet har fått ny armert ferdigplaten.
- Urhei barnehage: Har fått løyst akustikkproblem. Innregulert ventilasjon. Nytt anlegg for sentral driftskontroll og oppgradert utebelysning.

- *Trekløveren barnehage i Pilevegen*: Har fått løyst akustikkproblem. Nytt leikeapparat og renovert slukar til overvatn.
- *Lensmannsløa barnehage*: Skifta ut alle faste lypunkta i barnehagen.
- *Nærbø ungdomskule*: Ny leikeplass til GNO avdeling. Anlegg for sentral driftskontroll er
- *Høyland skule*: Oppgradert vifte i et ventilasjonsanlegg
- *Vigrestad storskule*: Gymsal har fått blenda vindauge, ny ventilasjon, utvida rømmingsvegar og ny taktekking.
- *Varhaug skule*: Har fått oppgradert driftskontrollanlegget til nyaste versjon.
- *Vigrestad barneskule*: Har fått ny rampe og oppgradert inngangsparti.
- *Motland skule*: Amfiet har blitt lukka i første etasje og akustikkproblematikken er løyst. Manglar ved ventilasjonsanlegget er fiksa.
- *Hå legevakt*: Landingslys for helikopter ved parkeringsplassen. Bytta innvendige dører som ikkje heldt dagens brannkrav.
- *Klokkartunet administrasjonsbygning*: Ny taktekking og kledning på vestveggen inkludert nye vinduer.
- *Klokkartunet hybelhuset* : Ny taktekking
- *Klokkartunet aktivitetssenter og vedlikehaldsverkstad*: Mellombygg har fått ny taktekking
- *Viergegen 2-12*: Skiftet brannalarmanlegg

Kva kan gjerast betre

- Egedomsavdelinga må stadig oppdatera seg for å holda tritt med utviklinga innan byggefaga og regelverket som gjeld. Dette er ein prosess som pågår heile tida.
- Det er og eit mål å styrka tverrfagleg samarbeid internt i kommunen og på den måten henta ut synergieffekter.
- Det er allereie etablert eit godt samarbeid med andre kommunar, spesielt Klepp og Time og framover vil ein søka å utvida dette samarbeidet til å omfatta fleire av faggruppene innanfor egedomsavdelinga.
- Det vil framleis bli arbeid med å forbetre arbeidsprosessar og rutinar i egedomsavdelinga.
- Drift og vedlikehald:
I 2018 har drift og vedlikehaldsavdelinga bistått byggeavdelinga i utarbeiding av kravspesifikasjonar for dei tekniske anlegga ved fleire av dei største byggeprosjekta. Dette er eit viktig arbeid, men har teke ein del av deira kapasitet. I 2019 ønskjer dei å sette fokus på rutinar i IK bygg for å redusera avvik frå offentlige myndigheter. Avvik som går igjen her er: Branntilsyn, eltilsyn, heistilsyn/kontrollar og avvik knytt til miljøretta helsevern.

Framtidsutsikter

Saman i skiftande tider

«Saman i skiftande tider» er overskrifta for budsjettet 2019 og økonomiplanen 2019-2022.

Strammare økonomiske rammer, lågare folkevekst, men også auka krav til tenester og fleire føringar på måten kommunen skal levere tenester på. Skatteinngangen i Hå er låg i forhold til resten av landet – i 2018 var han heilt nede i 82,5 %. Me har fokus på å forvalte innbyggjarane sine midlar på best mulig måte, og derfor er omstilling er naudsynt - heile tida. Me må skaffa meir inntekter og redusere kostnadane på alle områder – fordi me vil og fordi me må.

Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå!

Hovudmålet frå kommuneplanen står fast. Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå kommune. I 2018 har me hatt same låge arbeidsløyse som i 2017 og godt sal av tomter til næringsformål. Folkeveksten er låg. Arbeidet med å gjere kommunen meir attraktiv har derfor fortsatt stort fokus. Kommunedelplanen for Nærø sentrum er vedteken, og me er godt i gang med kommunedelplan for Varhaug sentrum. Vigrestad står for tur etterpå. Me ser resultat av arbeidet med Framtidsløftet – me effektiviserer drifta og er meir fleksible. Ein viktig del av dette er digitalisering – om korleis nye, digitale løysingar kan gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane. Kommunane opplever større forventningar frå innbyggjarane og fleire krav frå styresmaktene, utan at dei økonomiske rammene aukar tilsvarende. Åra som kommer blir meir krevjande. Rådmannen la fram ein økonomiplan med vekt på at mange må vere med for å levere godt tenester. Saman i skiftande tider - Me løfter i lag.



Økonomiske utsikter

Netto driftsresultat i 2019 er også sett opp i underkant av målet på 1,5 prosent av driftsinntektene. For å balansere budsjettet framover har kommunestyret vedtatt at netto utgifter må reduserast med 16 millionar kr i 2020, og dette gapet vil auke til 29 millionar kr i 2021 om det ikkje blir gjort endringar i korleis me leverer og finansierer tenestene.

Driftsinntektene for 2019 er budsjettert til 1,442 milliard kr. Driftskostnadane er budsjettert til 1,444 milliard kr. Høgare rente gjer at netto finanskostnadene er litt høgare enn i 2018. Netto driftsresultat er budsjettert til 15,6 millionar kr i 2019.

Investeringsnivået i økonomiplanperioden er 699 millionar kr som er 5 millionar kr høgare enn i perioden 2018-2022. Me planlegg med nye låneopptak i 2020 som gjer at lånegjelda til kommunen vil være på det høgste nivået i 2020 med ei gjeld på 1,25 milliard kr. Dette tilsvarar 61 000 kr per innbyggjar. Dette er 5 000 kr lågare enn i førre plan.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, både skatteinngang, rentenivå og faktisk auke i tenesteproduksjon. Det er viktig å ha eit robust budsjett, ha god kostnadsstyring i tenesteområda, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at me vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover. God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

Kva er viktig framover?

Innovasjon og nytenking er viktig for å få til å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Kull tre av leiarutviklingsprogrammet er planlagt starta i 2020. Heile organisasjonen og dei hovudtillitsvalte blir involvert når det gjeld korleis me skal forenkle, fornye og forbetre organisasjonen og dermed tilpasse oss framtida sine utfordringar. I budsjettet for 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 bygger rådmannen vidare på sambruk og samarbeid innanfor helse, skule, barnehage og kultur. Frivillige blir og viktige medspelarar framover. Dette blir ytterligare understreka i Plan for frivillig arbeid i KS-sak 086/18 der det heiter «*Vi ser, at vi nå og i tida framover, vil vere helt avhengig av det frivillige arbeidet som skjer i kommunen. Gjennom å løfte i lag med dei frivillige lag og organisasjonane og ikkje minst enkelpersonar, kan vi få til så mykje meir enn om vi står åleine».*

Nokre prioriterte oppgåver i 2019 og i økonomiplanperioden er

- Fortsette arbeidet med kommunedelplan for Varhaug sentrum
- Starte opp og gjennomføre arbeidet med detaljregulering for Nærbø sentrum
- Gjere ferdig påbygget med to etasjar på Hå sjukeheim
- Fortsette arbeidet med nytt bygg på Varhaug skule
- Fortsette arbeidet med flaum- og overvassikring
- Hå kommune har eit klart uttalt mål om at me skal styrke det faglege nivået og læringsmiljøet i skulen, slik at me er på nasjonalt nivå når det gjeld nasjonale prøvar, avgangskarakterar, motivasjon og læringsmiljø
- Følgje opp arbeidet med doktorgradsarbeidet i samarbeid med VID Vitenskapelige Høgskule der målet er å endra måten me gjev tenester på innan delar av området psykisk utviklingshemma

- Sikre integrering av innvandrarar og andre med særskilde og samansette behov gjennom blant anna «Alle me i Hå»
- Følgje opp arbeidet på tvers mellom tenesteområda Helse og sosial/Opplæring og kultur for å betre det tverrfaglege arbeidet med barn og unge gjennom «Barneløftet».
- Fortsette satsinga på frivillig arbeid i heile kommunen
- Redusere sjukefråværet blant tilsette gjennom kontinuerlig fokus på inkluderande arbeidsliv og følgje tett dei einingane som har størst utfordringar
- Oppretthalde høgt fokus på beredskap og systematisk arbeid med intern opplæring og øving i planverk, og formalisering av samarbeid med eksterne samarbeidspartnare
- Fortsette satsinga på digitalisering i samarbeid med fleire kommunar om velferdsteknologi, samarbeid med fleire kommunar og med KS om digitalisering i kommunal sektor
- Gjennomføre kommune- og fylkestingsval hausten 2019

Utviklingstrekk

Utviklingstreka i samfunnet er viktig for kommunen si vurdering av framtidsutsiktene. Nokre av dei hovudutfordringane me ser framover er omtalt nedanfor. Desse utfordringane vil me ta omsyn til når me vurderer om, eller i kor stor grad planer skal reviderast.

Befolkningsutvikling

Den demografiske utviklinga legger føringar på kommunen si disponering av økonomiske ressursar og er med på å sette rammene for kommunalt utviklingsarbeid. Folkemengd ved utgangen av 2018 var 18 814 personar, ein auke på 0,3 prosent (52 personar) frå året før. Hå opplever framleis netto utflytting til andre stader i landet.

Sysselsetting


Oljeindustrien påverkar arbeidsmarknaden i heile regionen – og der er teikn til betring lengre nord. Arbeidsløysa har vært låg i heil 2018 og var 2,0 prosent ved utgangen av året.



Folkehelse, utanforskap og inkludering

Hå kommune er medlem av Rogaland fylkeskommune sitt partnerskap for folkehelse. Hovudmålet med partnerskapet er å bidra til å oppfylla hovudmåla i den regionale og nasjonale folkehelsepolitikken om å fremja god helse og utjamna sosial ulikskap i helse. Rogaland har søkt om å bli programfylke for folkehelse. I dette programmet finansiert av helsedirektoratet er det særleg fokus på born og unges psykiske helse. Dette er også det me i folkehelsearbeidet i Hå har mest fokus på.

Denne figuren fra norsk folkehelseinstitutt illustrerer korleis me alle, både tilsette og innbyggjarar i ein kommune spelar inn for ei å oppnå ei god helse og livsutvikling hjå ungar og ungdommar i Hå.



Å falla utanfor samfunnet på eit eller anna vis, utan utdanning, arbeid og deltaking i eit stabilt sosialt fellesskap er ein viktig risikofaktor. Det er viktig å ha rom for dei som på eit eller anna vis skil seg ut slik at flest mogleg får fullføra eit utdanningsløp og finna sin plass. Hå er ein kommune der ein ikkje like tydeleg ser delinga i samfunnslag, men og i Hå er det ulikskap i helse mellom grupper i samfunnet. Det er viktig å halda fram arbeid med å førebyggja at nokon fell utanfor.

Det er tydeleg samanheng mellom utfordringar i barnehage og skule, fullføring av vidaregåande, arbeidsløyse og opplevd helse. Å vera ein del av det store fellesskapet gjer betre meistring av utfordrande livshendingar. Det beskyttar mot å verta del av utfordrande miljø og det gjer høgare motivasjon til å gjera sunne livssval med fysisk aktivitet og godt kosthald. I 2018 har det blitt utarbeidd nytt oversiktssdokument for folkehelsearbeidet i Hå, det vil verta politisk behandla i fyrste del av 2019. Her gjennomgå ein tilgjengeleg statistikk, observasjonar og vel ut dei prioriterte områda ein treng å satsa meir på.

Årsresultat

Resultata frå 2018 syner at kommunen riggar for nye tider med god økonomistyring og gjennomføring av store investeringar for framtida slik det er omtalt i kommuneplanen.

Me leverer eit godt netto driftsresultat og eit overskott i drift. Dette føreslår rådmannen å sette av til bruk seinare. Sjukefråværet er om lag som året før. Talet på arbeidslause held seg lågt, men utryggleiken i næringslivet i regionen gjer at bustadbygginga går treigt. Folketalet har berra auka med 0,3% (52 personar) og lågare fødselstal gjev grunn til uro. Salet av næringstromter har vært som budsjettet.

Netto driftsresultat for 2018 vart 63,5 millionar kr. Dette er 4,3 % av driftsinntektene og er betre enn forventa på grunn av høgare skatteinngang i landet, god økonomistyring i tenesteområda, og at arbeidet med å rigge for nye (trongare) tider gjev effekt også i 2018. Disposisjonsfond er auka med 5 millionar kr. Investeringane var på 282,3 millionar kr, ein reduksjon frå nivået i 2017 på 110,9 millionar kr. Av dette er 134,2 millionar kr finansiert ved lånepoptak. Netto lånegjeld (utan startlån) pr. 31.12.2018 er 1 142 millionar kr som motsvarer 60 690 kr per innbyggjar. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) er 41,3 millionar kr.

Kommunal drift

Hå kommune ønskjer å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane venter mykje av dei kommunale tenestene, både når det gjeld kvalitet og omfang. I tillegg kommer det nye krav frå sentrale styresmakter om vidare utbygging av tilbod innanfor dei ulike tenesteområda og normar for bemanning innanfor barnehage og skule. Fleire små ungar og meir spesialundervising gjer at tenesteområdet for opplæring og kultur ikkje klarte å halde seg innanfor godkjent budsjetttramme. Alle tenesteområda har vist stor fleksibilitet og evne til å omstille seg.

Tenesteyting er arbeidsintensivt. Sjukefråværet er likt som i 2017. Den målretta innsatsen for å redusere sjukefråværet fortsetter. Talet på fast tilsette er gått opp med 1,0 % medan talet på årsverk utført av desse er gått opp med 0,5 %. Det totale talet på utførte årsverk er gått opp 1,0 % til 1 250 årsverk i 2018.

Samla frie inntekter (skatt, rammetilskott og inntektsutjamning) vart 0,84 % høgare enn budsjettet. Sterkare skattevekst i landet gjorde at Hå fekk ein auke i inntektsutjamninga. Skatt per innbyggjar i Hå gjekk ned for femte året på rad til 82,5 % av gjennomsnittet i landet. I 2014 var skatteinngangen 94 % av gjennomsnittet.

Kommunestyret har vedteken nokre endringar i budsjettet gjennom året for å ta omsyn til nye oppgåver og endringar i inntekter. Det kan likevel vere vanskeleg å si akkurat kor mykje me får og når utbetaling skjer når det gjeld tilskott og refusjonar. Likeeins kan det vere vanskeleg å seie når eller om planlagde endringar kommer. Samla gjekk tenesteområda med eit mindreforbruk. I tenesteområdet for helse- og sosialsaker fekk me eit mindreforbruk på 23,2 millionar kr, i tenesteområdet for opplæring og kultur vart det eit meirforbruk på 7,4 millionar kr. Dette bidreg til overskottet på 41,3 millionar kr.

I tenesteområdet for tekniske saker og næring er det blitt brukt av sjølvkostfond for å finansiere utgifter, som budsjettet. Desse fonda er redusert med om lag 7,2 millionar kr i 2018.

Investering

Kommunen sine investeringar i 2018 er lågare enn i 2017, men høgare enn budsjettet på grunn av endringar i prosjektframdrift og auka investeringar innan flomsikring. Hå kommune fekk tilsegn om 20 millionar kr frå NVE til flomsikring.

Bruken av lånemidlar er redusert – netto eigne lån auka berre med 8 millionar kr i 2018. Delen av investeringar som er lånefinansiert er redusert frå 60 % til 47,50 %.

Talet for netto lånegjeld¹⁾ i forhold til driftsinntektene er auka frå 70,4 % i 2017 til 72,5 %. Auken skuldast at netto langsiktig gjeld auka meir enn driftsinntektene. Hå har likevel ein robust balanse. Netto rente-eksponering når me tar omsyn til innskott, ubrukte lånemidlar, investeringar i sjølvkost og lån med fast rente er svært låg.

Det største prosjektet var arbeidet med bygging av to nye etasjar på Hå sjukeheim. 79 millionar kr (30 %) av investeringane i 2018 vart brukt her. Tomteutviklinga i Stokkalandsmarka er ferdig og ny barnehage på Vigrestad vart tatt i bruk i august 2018. Andre prosjekt med investeringar over 10 millionar kr er opparbeiding av omkjøringsveg på Brusand (inkludert avløp) og arbeidet med Løgefeltet, Litlagrøna.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Vurdering

Rekneskapen viser at kommunen har god kontroll på ressursbruken knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Lånegjelda aukar ikkje i same takt som i dei seinare åra, og kommunen har relativt store ikkje disponerte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å fortsatt ha stor merksemrd på god økonomistyring slik at ein kan opprethalda dagens tenestetilbod og finansiere ein del av investeringane av drifta.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med rekneskapsforskrifta si § 10 den 15. februar 2019. Rekneskapen gjer eit dekkande bilet av Hå kommune sin økonomiske situasjon og resultat av verksemda i 2018. Hå kommune blir revidert av Rogaland Revisjon IKS.



Anne Berit Berge Ims

Rådmann



Bente C Iversen

Økonomisjef

¹⁾ Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekte frå.

Statlege rammevilkår

Den største delen av inntektene til kommunen er skatt og rammetilskot. I 2018 var dette to tredelar av driftsinntektene.

Skatteinngangen vil variere med talet på skattytarar og inntektsnivået deira. Den delen kommunen får behalda av innbetalt skatt på inntekt og formue blir kalla skatteøre. Dette var 11,85% i 2018, uendra frå 2017. Dersom skatteinngangen per innbyggjar er lågare enn landsgjennomsnittet vil kommunen få utbetalt inntektsutjamnande tilskot. Det betyr at kommunen får meir inntekter som blir finansiert av dei kommunane med høgare skatteinngang enn landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga blir betalt ut saman med rammetilskottet.

I høve til 2017 så auka skatteinngangen med 1,06 % og rammetilskott (inkludert inntektsutjamning) auka med 3,99 %. Skatt per innbyggjar vart kr 25 247 i 2018 noko som er 0,8 % meir enn i 2017. Skatteinngangen vart 0,74 % høgare enn regulert budsjett.

Skatteinngangen per innbyggjar var 82,5 % av landsgjennomsnittet og Hå fekk derfor meir i inntektsutjamning enn budsjettet. Inntektsutjamninga tok skatteinngangen per innbyggjar opp til 94,5 % av gjennomsnittet i landet. Summen av skatt og rammetilskott vart 0,9 % høgare enn regulert budsjett.

Skatteinngangen i landet vart 3,8 % høgare enn i 2017. Skatteveksten på årsbasis vart i statsbudsjettet for 2018 anslått til 1,3 % for kommunane. Dette vart sett ned til 1,0 % i revidert nasjonalbudsjett (RNB). Det vart gjort nye vekstanslag for 2018 i samband med statsbudsjett for 2019, og anslaget for 2018 var då 2,4 %.

Skatteinnbetalingar til Hå:

Likningsår	2013	2014	2015	2016	2017
Talet på skattytarar med skatt, forskottsordninga	13 661	13 969	14 209	14 295	14 205
Talet på innanbygds arbeidsgjevarar	556	568	558	541	547

Bokføringsår	2014	2015	2016	2017	2018
Innbetalt skatt/avgift (millionar)	1 947	2 013	2 034	2 032	2 069
Hå kommune sin del (millionar)	425	437	468	470	475

Oversikt over totale driftsinntekter

Tabellen under viser totale driftsinntekter. Andre inntekter inkluderer brukar- og eigenbetalingar samt tilskot og refusjonar frå stat og andre kommunar .

Kommuneøkonomien blir meir avhengig av eigne inntekter. I forhold til dei totale driftsinntektene har denne delen auka frå 29,6 % i 2014 til 32,5 % i 2018.

Driftsinntekter millionar kr	2014	2015	2016	2017	2018
Skatt	425,0	436,8	468,0	470,0	475,0
Rammetilskott	399,1	435,9	453,3	484,9	504,2
Vertskommunetilskott	40,5	40,3	36,1	31,7	30,2
Andre inntekter	361,4	383,3	432,7	438,5	463,3
Sum	1226,0	1296,3	1390,1	1425,1	1472,7

Driftsrekneskap

Kommuneplanen sine mål for økonomistyring vart nådd i 2018:

- Driftsresultatet er på 4,3 %, godt over målet på 1,5 %.
- Der er auke i ubundne fondsmidlar på 35 millionar kr slik at disposisjonsfondet ved utgangen av 2018 er på 225 millionar kr eller 15,3 % av driftsinntektene.
- Låneopptaket er innafor forsvarlege rammer.
Netto langsiktig lånegjeld¹⁾ er 72,5 % av driftsinntektene. Målet i kommuneplanen er at dette forholdstalet skal vere innanfor 60 %. 52,5 % av investeringane er eigenfinansiert, dette er en auke frå 40 % i 2016 og 2017. Netto finanskostnadene utgjer 3,8 % av driftsinntektene. Avskrivningar er framleis høgare enn ordinære avdrag på lån.
- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.
Samla har rammeområda har halde budsjetttrammene sine med endringar vedteken gjennom året. Det er likevel ei stor utfordring å planleggja sidan det til dømes er uvisst kor mange ressurskrevjande brukarar det blir. Skatteinngangen er også uviss sjølv om denne utryggleiken blir dempa av inntektsutjamninga. Dette syner at kommunen har ein effektiv ressursbruk.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter.
Sjølvkostområda går i balanse med ei nedbygging av fond som planlagt. Dette er bruk av bunde fond, og prisane kan haldast låge framover også. Hå er blant dei 11 kommunane i landet som har lågaste gebyr og avgifter.

I alle tabellar og analyser tar me i tillegg til resultat for førre år, også med budsjett for 2018 med og utan vedtekne endringar. Dette reflekterer det som var planlagt og vedteke av politikarane i budsjettet med godkjente endringar gjennom året. Fullstendig årsrekneskap finns i eige dokument.

¹⁾ Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekte frå.

Hovudtal

Millionar kr	Rekneskap					Budsjett	Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2018	2018 *)	2018
Driftsinntekter	1 226,0	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 472,7	1 435,0	1 394,0
Driftsutgifter	-1 195,0	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 432,7	-1 447,0	-1 401,0
Finansposter	-6,0	-18,0	-35,3	-93,0	-55,6	-59,0	-59,0
Netto driftsresultat	71,0	86,0	81,3	21,0	63,5	14,3	15,6
Avsetningar	38,0	51,0	36,7	-8,8	22,2	-14,3	-15,6
Overskott	33,0	34,0	44,6	29,8	41,3	0	0
Netto driftsresultat i % driftsinntekter	5,8 %	6,6 %	5,8 %	1,5 %	4,3 %	1,0 %	1,1 %

*) Budsjett inkl. endringar

Kommentarar til dei ulike postane:

Skatt, rammetilskott og skatteutjamning – 979 millionar kr

I høve til 2017 så auka skatteinngangen med 5,0 millionar kr (1,06%) og rammetilskottet (inkludert inntektsutjamning) auka med 22,9 millionar kr, motsvarande 4,74 %. Samla auke var 24,3 millionar kr (2,55%).

Skatteinngangen vart 3,5 million kr (0,74 %) høgare enn regulert budsjett. Skatteinngangen per innbyggjar var 82,5 % av landsgjennomsnittet og Hå fekk 5,2 millionar kr meir i inntektsutjamning enn regulert budsjett. Dette inkluderer skjønstillskott på 0,6 millionar kr. Hå fekk i 2018 ikkje lenger veksttilskott. Dette var 4 millionar kr i 2017.

Summen av skatt og rammetilskott vart 8,7 millionar kr høgare, motsvarande 0,9 %, enn justert budsjett.

Overføringer, refusjonar og tilskot – 305,7 millionar kr

Samla auka dette med 19,7 millionar frå 2017. Mesteparten av dette er knytt til bestemte føremål slik som sjukepengar, moms-refusjon og tilskott til bestemte tenester eller føremål. Sjukepengerefusjonen er auka med 5,3 % - den største delen av dette er knytt til fødsels- og adopsjonspengar.

I forhold til regulert budsjett er bokførte inntekter 27,5 millionar kr (10 %) høgare.

Andre inntekter og kostnader

Brutto lønnsutgifter inkludert sosiale kostnader var 1 018,2 millionar kr, motsvarande 71,1 %, av driftskostnadane inkludert avskriving. Denne delen er litt lågare enn i 2017. Tar ein omsyn til sjukelønsrefusjonar er lønn 67,5 % av driftskostnadane. Netto lønnskostnadar er 18,9 millionar kr høgare enn i 2017, ein lågare auke enn frå 2016 til 2017.

I sum er driftsutgiftene om lag som budsjettet og om lag 52 millionar høgare enn i 2017.

I høve til regulert budsjett betyr dette at om lag 38 millionar kr av auken i driftsresultat skuldast auka inntekter i form av tilskott, refusjonar, eigenbetalingar og gebyr, mens driftsutgiftene vart redusert med 10 millionar kr.

Finans

Ser me bort frå den ekstraordinære nedbetalinga av gjeld i 2017, er finansutgiftene auka som følgje av auka avdrag i forhold til 2017. Lånegjelda til kommunen er berre auka med 8 millionar kr og lån som var planlagt tatt opp i 2018 er flytta til 2019. I forhold til regulert budsjett vart finanskostnadane 1,6 millionar kr lågare fordi renta ikkje steig så mykje som venta og me utsette låneopptak til seint i året.

Avsetning til og bruk av fond

Netto overføringer og avsetninger til fond gjennom året var 22,2 millionar kr. Av dette er 7,2 millionar kr nedbygging av sjølvkostfond.

Rekneskapsmessig mindreforbruk (Overskott) – 41,3 millionar kr.

Hovudårsakene til overskottet på 41,3 millionar kr er mindreforbruk i tenesteområdet for Helse- og sosialsaker, i administrasjonen og i tenesteområdet for tekniske saker og næring, ekstra skatteinntekt og inntektsutjamningsmidlar.

Kostnadsutviklinga i rammeområda er vist i tabellane nedanfor.

Oversikt over driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivningar slik det kommer fram i driftsrekneskapen. Her er ikkje bruk av eller avsetning til fond tatt med. Tala er også korrigert for interne overføringer.

Driftsutgifter	2014	2015	2016	2017	2018
Sektor i 1000 kr					
			Brutto driftsutgifter		
Sentraladm.	48 709	56 252	57 543	53 488	48 166
Eigedomsavdelinga (frå 2018)					114 119
Opplæring og kultur	557 630	574 308	613 384	626 702	586 299
Helse og sosial	494 643	496 819	546 439	570 975	561 217
Kyrkje	11 221	11 179	12 989	12 925	13 461
Teknisk og næring	114 839	113 748	114 808	127 551	137 120
Ymse	-32 022	-8 900	-18 207	-11 159	-27 676
Sum	1 195 020	1 243 406	1 326 956	1 380 482	1 432 706

Eigedomsavdelinga vart samla i sentraladministrasjonen i 2018 og dette er ein vesentleg grunn til at utgiftene i 2018 er lågare enn i 2017 for dei to store tenesteområda. Variasjonen i premieavviket er ei av hovudårsakene til at utgiftene under «ymse» varierer så mykje frå år til år.

Investering

I 2018 vart det ført 282,3 millionar kr i investeringsutgifter i rekneskapen. Dette er 110,9 millionar kr mindre enn i 2017. Endra budsjett var på 218,2 millionar kr medan opphavleg budsjett var 212,9 millionar kr. Hovudårsaken til at investeringsutgiftene vart høgare enn budsjettert er avvik i forhold til tidsfordelte budsjett innanfor tenesteområdet for tekniske saker og næring og for Hå sjukeheim. Alle dei større prosjekta held seg godt innanfor godkjente rammer.

Kommunerekneskap må førast med årlige løyvingar for investering og lånepoptak. Dette gjer at det blir endringar i høve til årets budsjett på grunn endringar i framdrift, at prosjekt vert utsett og andre omprioriteringar. Prosjekt som går over fleire år kan få fleire justeringar sjølv om totalkostnaden ikkje endrast.

Investering per område

Investerings-utgifter						Budsjett 2018 *)
1000 kr	2014	2015	2016	2017	2018	
Sentral mm	1 746	19 915	13 453	10 361	5 839	10 100
Opplæring og kultur	48 716	231 454	193 265	147 441	65 925	52 648
Helse og sosial	44 465	37 247	35 626	31 045	85 053	67 582
Kyrkje	638	2 008	8 458	1 455	532	200
Teknisk og næring	82 988	182 627	184 781	202 781	124 969	87 665
Sum	178 553	473 251	435 583	393 083	282 318	218 195

*) med godkjente endringar

Finansiering

Investeringane blir betalt ved lånepoptak, salsinntekter, bruk av fond og overføring over driftsbudsjettet. Meirverdiavgift på investering blir refundert og kommer òg fram som ei inntekt.

Opphavleg investeringsbudsjett var på 212,2 millionar kronar med bruk av lån på 141,5 millionar kr. Faktisk bruk av lån var 134,2 millionar kr. Differansen skuldast flytting av lånepoptak som er frå 2018 til 2019 og frå 2017 til 2018. Dette skjer på grunn av kravet om årlege løyvingar og at framdrift og finansiering på prosjekt derfor endrast i forhold til opphavleg vedtak.

Inntekter ved tomtesal var på 25 millionar kr i 2018. Budsjettet var 31,5 millionar kr. Differansar skuldast lågt sal av bustadomter. Salsinntekt er budsjettert lagt til Tomtefondet og er tenkt brukt til tilrettelegging av utbyggingsområder. Når det er lite sal, blir det tilsvarande lite lagt i fondet. Ved utgangen av 2018 var tomtefondet tomt.

Frå balansen

I balansen ser me at dei store investeringane gjer at balansen aukar med 178 millionar kr frå 2017 til 2018 etter avskrivningar. Anleggsmidlane (inkl. pensjonsmidlar som aukar med 114 millionar kr) aukar med totalt 289 millionar kr. Langsiktig gjeld aukar med 49 millionar kr på grunn av auka pensjonsforpliktingar og lånepoptak til investeringane. Netto reduksjon i fond

er 10 millionar kr. Hovudgrunnen til reduksjonen er at tidlegare løvvde investeringar vart gjennomført i 2018 og finansiert ved bruk av fond. Jamfør elles note 1 og 2 og dokumentet «Årsrekneskap 2018».

Balanse pr. 31. desember 2018

Eigendelar	Note	2014	2015	2016	2017	2018
Eigedom etc.		1 541	1 938	2 296	2 593	2 771
Utlån og aksjar		231	229	214	212	209
Pensjonsmidlar		1 114	1 215	1 258	1 369	1 483
Sum anleggsmidlar		2 886	3 382	3 769	4 174	4 463
<hr/>						
Premieavvik		62	52	58	56	63
Andre omløpsmidlar		548	616	627	610	527
Sum omløpsmidlar		610	668	685	667	590
<hr/>						
Sum eigendelar		3 496	4 050	4 453	4 841	5 053
<hr/>						
Udisponert overskott		33	35	45	30	41
Fond	1,2	325	351	354	327	317
Annan eigenkapital		908	1 051	1 154	1 346	1 539
Sum eigenkapital		1 267	1 436	1 552	1 702	1 897
<hr/>						
Kortsiktig gjeld		179	204	215	250	220
Pensjonsforpliktingar		1 439	1 508	1 591	1 684	1 724
Langsiktig gjeld		612	902	1 095	1 204	1 213
Sum gjeld		2 229	2 614	2 901	3 138	3 157
<hr/>						
Sum eigenkapital og gjeld		3 496	4 050	4 453	4 841	5 053

Tal i mill kr

Finans

Summen av renteinntekter, -utgifter og utbytte i driftsrekneskapen var 12,9 millionar kr i 2018 mot 11,2 millionar kr i 2017. Høgare renteinntekter på bankinnskott utgjorde 0,6 millionar kr, mens utbyttet auka med 2,8 millionar kr. Renteutgiftene auka med 1,7 millionar kr på grunn av høgare rentenivå.

Ordinære avdrag på lån auka med 10,7 millionar kr. Den ekstra nedbetalinga på gjeld i 2017 gjorde at totale avdrag i 2018 gjekk ned. Sum netto finansutgifter vart redusert med 35,6 millionar kr i 2018 i forhold til 2017. Utan det ekstraordinære avdraget var der en auke i forhold til 2018 på 9 millionar kr.

I 2018 vart det utbetalt 4,9 millionar kr i formidlingslån (lån til vidare utlån til huskjøparar eller husbyggjarar). Tilsvarande var utlånet i 2017 på 10 millionar kr. For 2018 var det budsjettert med opptak av lån på 10 millionar kr i Husbanken til vidare utlån og dette vart tatt opp. Det var ikkje bokførte tap på formidlingslån i 2018. Ekstraordinære innbetalingar gjorde at lån til

utlån samla sett er omlag uendra - frå 70,1 millionar kr pr. 31.12.2017 til 71,0 millionar kr pr. 31.12.2018.

Kommunen sine eigne lån auka frå 1 134 millionar kr i 2017 til 1 142 millionar kr ved utgangen av 2018.

Gjeld

Gjeld pr. 31.12	2014	2015	2016	2017	2018
Langsiktig/kortsiktig gjeld *)	790,7	1 106,0	1 309,8	1 454,3	1 432,6
Omløpsmidlar	610,2	668,4	684,9	666,8	584,0
Netto gjeld	180,5	437,6	624,9	787,5	848,6
Langsiktig lånegjeld					
Brutto samla lån*	612,0	900,5	1 093,8	1 204,1	1 212,8
Lån til utlån	100,8	101,8	84,7	70,1	70,9
Netto samla lån	511,2	798,7	1009,1	1134	1 141,9
Brutto pr. innbyggjar i kr	33 031	48 437	58 181	64 178	64 463
Netto pr. innbyggjar i kr	27 591	42 962	53 676	60 441	60 694

Tal i mill. kr.

*eksl. pensjonsgjeld

Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)

I det kommunale budsjett- og rekneskapssystemet skal budsjettet gå i balanse, det skal ikkje budsjetterast med overskot. Rekneskapsmessige meirinntekter og mindreutgifter jamført med budsjettet gjev eit over- eller underskot og det er høve til å gi løyve til at udisponerte midlar kan førast over frå eit år til eit anna via fond. I Hå avgjer kommunestyret i eigne saker i desember om og eventuelt storleik på midlar som kan førast over til neste år. Ved avslutning av rekneskapen blir endelige overføringer gjort.

Ei nærmare analyse av hovudoversyna i årsrekneskapen viser ei meirinntekt i driftsrekneskapen 2018 jamført med regulert budsjett på 37,7 millionar kr, mindre utgifter på 9,8 millionar kr og 1,65 millionar kr sterke finansresultat enn regulert budsjett. Dette gir samla eit netto driftsresultat på 63,5 millionar kr mot regulert budsjett på 14,3 millionar kr. Opphavleg budsjett var eit netto driftsresultat på 15,7 millionar kr.

Når ein tar omsyn til netto avsetningar, overføringer til investeringsrekneskapen og dei godkjende overføringane til 2019 på 22,2 millionar kr kjem 41,3 millionar kr fram som udisponert årsoverskot.

Finansieringsanalyse

Drift:	Note	Rekneskap					Budsjett *)	Avvik
		2014	2015	2016	2017	2018	2018	
Skatt		424 985	436 779	467 976	470 013	474 998	471 500	3 498
Rammetilskott (inkl. inntektsutj.)		399 120	435 909	453 318	484 895	504 246	499 087	5 159
Andre inntekter		401 895	423 614	468 859	470 154	493 443	464 391	29 052
Sum driftsinntekter	3	1 226 000	1 296 302	1 390 153	1 425 062	1 472 687	1 434 978	37 709
Sum driftsutgifter	4	-1 148 507	-1 192 372	-1 273 584	-1 312 863	-1 353 641	-1 363 404	9 763
Avskrivninger		-46 513	-51 060	-53 369	-67 629	-79 065	-79 077	12
Brutto driftsresultat		30 980	52 870	63 200	44 570	39 981	-7 503	47 484
Netto renteinntekter , utbytte	5	23 331	20 348	14 325	11 286	13 027	10 840	2 187
Netto avdrag, utlån	6	-29 473	-38 479	-49 592	-102 453	-68 614	-68 078	-536
Avskrivninger, motpost		46 513	51 060	53 369	67 629	79 065	79 077	-12
Netto driftsresultat		71 351	85 799	81 302	21 032	63 459	14 336	49 123
Investering:		2014	2015	2016	2017	2018	2018*)	Avvik
Brutto investeringsutg.		-178 972	-473 254	-435 583	-393 263	-282 318	-218 194	-64 124
Utlån/kjøp av andelar		-20 083	-18 873	-10 969	-13 413	-8 649	-13 785	5 136
Avdrag		-10 828	-16 191	-17 226	-19 675	-9 086	-6 104	-2 982
Tilsk., ref, e.ord.utb/avdrag, mva		89 054	97 692	70 082	80 010	90 407	30 750	59 657
Netto investeringsutg.		-120 829	-410 626	-393 696	-346 341	-209 646	-207 333	-2 313
Finansiert ved:		2014	2015	2016	2017	2018		
Lån		90 300	338 284	267 303	244 056	134 208		
Sal av eigedom		2 364	13 059	30 212	30 501	25 014		
Andre eigne midlar		28 165	59 283	96 181	71 784	50 424		
Sum finansiering		120 829	410 626	393 696	346 341	209 646		
Endring i arb. kap før korrigeringar		43 187	26 517	13 174	-41 661	1 220		
Endring ubrukte lån		27 900	6 080	-7 381	-11 627	-47 807		
Endring arbeidskapital		71 087	32 597	5 792	-53 288	-46 587		
Kommunalt rekneskapsresultat:		2014	2015	2016	2017	2018		
Endring arbeidskapital		71 087	32 597	5 792	-53 288	-46 587		
Endring ubrukte lån		-27 900	-6 080	7 381	11 627	47 807		
Netto intern finansiering	7	-9 951	8 026	31 381	71 479	40 070		
Overskott for året		33 236	34 543	44 555	29 818	41 290		

Tal i 1000 kr

*) Med godkjente endringar

Noter til årsresultatet

Note 1 Fond

Tall i mill. kr	2015	2016	2017	2018
2.51 Bundne driftsfond	40	44	40	32
2.55 Bundne kapitalfond	12	9	1	1
Fond bunde til bestemte formål	52	52	41	33
2.53 Ubundne kapitalfond	118	117	96	59
Fond bunde til kapitalformål	118	117	96	59
2.56 Disposisjonsfond drift	105	106	113	117
2.57 Disposisjonsfond kapital	76	79	77	108
Ubundne fond	181	184	190	225
Fond i alt 31.12.	351	354	327	316

Note 2 Disposisjonsfond pr. 31. desember

Disposisjonsfond Tall i mill. kr	Driftsrekneskap				Kapitalrekneskap			
	2015	2016	2017	2018	2015	2016	2017	2018
Sentral	2	3	4	3				
Opplæring og kultur	15	9	11	12				
Helse og sosial	30	39	46	54	1,5	1,5	1,5	1,6
Teknisk og næring	12	12	6	6				
Felles*	46	51	45	42	74,3	77,1	75,1	105,9
Sum	105	113	113	117	75,8	78,6	76,6	107,5

Note 3 – Inntektspostar

Inntektspostar	Millionar kr				I prosent			
	2015	2016	2017	2018	2015	2016	2017	2018
Skatt	437	468	470	475	33,7	33,0	33,0	32,3
Rammetilskott	436	453	485	504	33,6	34,0	34,0	34,2
Vertskommunetilskott	40	36	32	30	3,1	2,2	2,2	2,0
Andre inntekter	383	433	439	464	29,6	30,8	30,8	31,5
Sum	1 226	1 390	1 425	1 473	100,0	100,0	100,0	100,0

Tall i mill. kr

Note 4 Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap (inkl. fordelte utgifter):

Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap	Millionar kroner				I prosent			
	2015	2016	2017	2018	2015	2016	2017	2018
Løn inkl. sos. utg.	890	959	997	1018	73,4	73,6	74,4	73,9
Varer/ten. i produksjonen*	164	169	167	172	13,5	13,0	12,5	12,5
Varer/ten. som erstattar pr.**	75	79	86	89	6,2	6,1	6,4	6,5
Overføringsutgifter	84	96	91	99	6,9	7,4	6,8	7,2
Sum	1213	1303	1341	1378	100	100	100	100,0

* som inngår i eigen tenesteproduksjon ** som erstattar eigen tenesteproduksjon

Tall i mill. kr

Note 5

Renter	2014	2015	2016	2017	2018
Renteinntekter driftsrekneskapen	16,1	14,7	12,5	9,4	10,4
Rente/utbytte Lyse Energi/JEV driftsrekn.	21,9	23,3	22,5	24,5	24,9
Renteutgifter driftsrekneskapen	-14,7	-17,4	-20,5	-21,7	-23,4
Netto renteinntekter driftsrekneskapen	23,3	20,6	14,5	12,2	11,9

Tall i mill. kr

Note 6

Avdrag løn	2014	2015	2016	2017	2018
Avdrag driftsrekneskapen	29,5	38,5	49,6	102,4	68,6
Mottatte avdrag driftsrekneskapen	0	0	0	0	0
Netto avdrag driftsrekneskapen	29,5	38,5	49,6	102,4	68,6
Mottatte avdrag kapitalrekneskapen	-20,3	-20,6	-17,3	-15,3	-12,4
Avdrag kapitalrekneskapen	4,2	5,2	5,7	5,6	5,6
Avsett/bet. e.ord. avdrag kapitalrekn.	6,6	11,1	11,4	14,1	3,5
Netto avdrag i alt	20	34,2	49,4	106,8	65,3

Tall i mill kr

Note 7

Netto intern finansiering	2014	2015	2016	2017	2018
Endring fond	28,1	25,2	3,2	-27,1	-10,1
Endring likv.res / rekneskapsprins.	0	0	0	0	0
Bruk av tidlegare overskott	-18,1	-33,2	-34,5	-44,6	-29,8
Netto intern finansiering	10	-8	-31,3	-71,7	-39,9

Tal i mill. kr

